




Norigs sogaa

aat

folkeskulen

av

Jonas Velleesen



Stortingsbygningi

←→ || 2dre utgaava || →←

Med bilæte og kart. 60 øre


Bergen

F. Beyers forlag

60 ⁴ *me*
2

TILHØRER IKKE LENGER
UNIVERSITETSBIBLIOTEKET
I OSLO

Arne Gallis




Norrigs sogaa

aat

folkeskulen

av


Jonas Vellesen



Storthingsbygningi.

2dre utgaava

Med bilæte og kart



Bergen

F. Beyers forlag

1900

Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket

Fyreord til 1ste utgaava.

I eit ljøs er det verme, og den vermen som fylgjer med aa sjaa fedrarne i det rette ljøse, er fedralandselsk. Aa kveikja denne elsken er det viktigaste fyremaale med undervisningi i fedralandssoga. Skal ein naa det maale, lyt ein segja sogorne med samhug og hekta dei i hop, so det kjem greitt fram, korleis det hev gjenge folke vaart ned igjenom tiderne i vonde som i gode dagar. Daa kan skuleungdomen ikkje vera like sæl, anten det gjeng ille elder vel; men han lever liksom med fedrarne vaare; det gjerer han vondt, naar det gjeng ned med dei, og han er glad, naar det gjeng upp. — Etter denne synsmaaten hev eg i mange aar paa folkeskulen freista aa finna ut, kva som best kan setja liv i skuleborni; men fyrst no vaagar eg aa gjeva dette ut som bok. Eg vonar borni lett vil kunna fortelja det meste av dette, naar dei fyrst fær høyra det af læraren og sidan lesa det nokre gonger; men det som ikkje endefram er sogor, men t. d. vedkjem hus og skikkar, tarv dei ikkje plent fortelja. Dei fær greia paa det likevel, naar ein talar med dei um det. Skulde ein ikkje vinnast paa alt, kan ein springa yver det som stend i klave [] elder berre lesa det innanaat. Men korleis ein no tek det, so lyt det plent vera slik, at borni vert glade i soga; elles vert det smaatt med fedralandselsken

Til trygd for at alt skulde samstava med den nyaste vitskaplege granskingi, gjorde herr professor J. E. Sars so vel, at han saag igjenom den dansk-norske utgaava av boki og gav meg mange gode raader Styre for Det norske Samlage hev samrøystes tilkjent denne norske utgaava 500 kr. av staten og herr kand. mag. R. Flo hev saman med meg lese og retta prøveprentingi. For alt dette takkar eg paa det varmaste.

Enebak, august 1896.

Jonas Vellesen.

Fyreord til den dansk-norske utgaava.

Jeg har gjennomseet denne bog og tror med tryghed at kunne anbefale den til det brug, hvortil forfatteren har bestemt den. Han har gjort et, i mine tanker, i det hele skjensomt udvalg af det stof, der forelaa ham til behandling, og fremstillet det i god orden og i et klart og letflydende sprog. Det synes mig, at forfatteren har vist, at han har et godt greb paa at skrive populært.


J. E. Sars.

1. Norig i smaarike.

Den eldste tid kjende folk her i lande ikkje til jarn og staal; men dei gjorde sig øksar, knivar og andre reidskaper av stein og bein. Denne tidi kalla dei steinaldren. Daa var det faa folk, og dei levde berre av veiding og fiske. So kom bronsealdren, daa folk gjorde seg vaapn og verkty av bronse, det er ei blanding av kopar og tin. I den tid tok dei so smaatt til aa dyrka jordi og faa seg husdyr. Jarnaldren tok til ved Kristi tider. Daa fekk folk seg kvasse vaapn og reidskaper av jarn og staal, so dei betre kunde greia seg. Jarne kom sunnanfraa. I landi ved Midhave hadde det lenge vore kjent og brukt. Fraa sud kom ogso runeskrifti. Dei skar rune bokstavane ut i tre elder hogg dei i steinar. Av skrifti paa desse steinarne ser me at folk her i lande paa den tid brukte eit gamaldags norskt maal, og av det kan me skyna at fedrarne vaare hev butt lenge her i lande, kanskje yver 2000 aar.

Me veit ingen ting um korleis det gjekk til, daa dei kom her til lande. Det er trulegt at dei fyrst sette seg ned ved fjordar og vatsdrag. Sidan tok dei lenger inn i lande. Titt søkte dei upp i høgdi, for det var myrlendt og ufriskt paa dei laaglente staderne. Det var tjukk skog baade paa sletterne og i dalarne langt upp etter fjelli; men fedrarne vaare rudde skogen og dyrka seg aakrar og engjer. Den som bygde og dyrka upp ein gard, vart eigar av han, og sidan høyrde garden til ætti hans. Denne eigedomsretten kalla dei odel, og den som aatte odelsgard, vart kalla odelsbonde; men leiglending kalla dei den som leigde seg jord av odelsmannen. Alle budde paa gardar. Byar fanst det ikkje. Fedrarne vaare vart kalla norøne menner elder nordmenner, og lande Norig, det er nordvegen elder nordlande.

Hus. So langt attende som me veit um, var husi timbra upp av stokkar. Veggjerne var laage. Take gjekk skraatt upp fraa sidorne og laag paa raftar. Raftarne hadde innantil studnad fraa tverbjelkar, som gjekk fra den eine langveggen til den andre. Skaalen elder halli var det gildaste huse paa



Grunnrit av ein hovdingskaale.

a. Langeldar. b. Langbenkjer med bord og skamlar frammanfyre. c. Høgsæte for gjester. d. Høgsæte for hushonden. e. Lukte sengjer. f. Tverpall for kvinner. g. Høgsæte for kvinner. h. Sengjer for kvinner. i. Sengjer for menn. k. Skjenkebord. l. Kovar. m. Forstovor. o. Der for menn. p. Der for kvinner.

garden. Det var eit einaste avlangt rom. Den eine enden vende mot aust og den andre mot vest. I store hus var det inngangsdører i baee endar, men i smaae berre i den eine. Naar ein kom inn i skaalen, kunde ein sjaa radt upp i møne. Golve var av fast jord. I midten var det steinsett, og der brann elden. Gjennom ljoren gjekk røyken ut, og dagsljose inn. Det kom ogso ljose inn gjennom gluggar høgt uppe paa veg-

gjerne. Ljoren og gluggarne kunde ein stengja med spjeld elder skjaa.

Paa baae sidor av elden stod det tvo faste benkjer. Midt paa den nordre benken hadde husbonden høgsæte sitt millom tvo stolpar, og paa den andre sida var det eit høgsæte aat den hævaste gjesten. Ved den eine tverveggen stod ein benk for kvinnor. Elden var avlang; difyr kalla dei han langeld. Paa langelden kokte dei, og rundt ikring sat dei med arbeide sitt. Naar dei skulde eta, sette dei fram smale bord millom benkjerne og elden. Attmed langveggjerne var sengjerne. Kvar hadde jamnaste sengi si attanfyr der han sat paa langbenken. Til stas straadde dei halmhakk paa golve og hengde tjeld framfyre sengjerne. Paa benkjerne la dei putor.

Skikkar. Husbonden hadde stor magt. Til arbeidsfolk brukte han titt trølar. Dei var anten fanga i strid elder kjøpte. Eigaren kunde gjera med dei som han vilde; han raadde endaa for live deira, men var for det meste god med dei. Ved arbeid i fristunder kunde dei titt tena sig frie og vart daa jamnaste leiglendingar. Giftarmaal var mest som ein handel; men husfrua stod i agt og æra. Ho raadde for husstalle og aatte det ho hadde fenge med seg heimanfraa, og det mannen hadde kjøpt henne for. Naar eit barn var født, raadde husbonden fyre, um det skulde leva elder setjast ut til aa døy. Hadde han raad til aa føda det upp, vart det sjeldan sett ut. Framandfolk vart godt mottekne, anten dei var rike elder ringe. Næringsvegjerne var jordbruk, feavl, veiding, fiske og handel. Pengar hadde dei ikkje, men betalte med gull og sylv etter vegt.

Tru. Dei gamle nordmennerne trudde at det budde jotnar og risar i fjelli, dvergar i steinarne og huldrer i skogarne. Fossegrimarne dreiv paa med strengeleik i fossarne; nøkken heldt seg i vatni, og i have var det havmänner og havfruor. Ein laut agta seg for slike vette (væsener), for mange var vonde; difyr vart dei kalie uvette elder svartalvar. Men det var ogso mange godvette elder ljosalvar, som vilde folk vel og gjorde godt. Kvart menneskje hadde sitt godvette, som fylgde det fraa vogga til gravi. Aandi til den avlidne ættfaren verja ætti si som ljosalv, og den som hadde rudt ein gard, vaka yver han; difyr ofra folk til slike hauglagde fedrar. Kvar jolehelg slo dei øl paa gravhaugen deira.

Daa nordmennerne raaka paa folk som kjende til kristendomen, kom det upp ei ny tru, som dei kallar aasatru. Skaldarne kvad um storverki til æserne (gudarne).

[Fraa fyrst av, segjer kvædi deira, var det eit tomt rom, Ginnungagap. Sunnanfyr laag ein eldheim med svær hete. Der raadde Surt med eit logande sverd. Nordanfyr var ein skoddeheim med is og snø. Fraa ein brunn i skoddeheimen rann det ut mange eiter-aaer. Rime av dei møtte gneistarne fraa eldheimen i Ginnungagap. Ved dette vart jotunen Yme og kui Audhumbla til. Fraa Yme kjem alle jotnar og bergrisar. Daa kui sleikte paa dei salte rimklumparne, kom det upp av steinen ein stor, sterk og fager mann. Han fekk ein son, som heitte Bør. og Bør hadde tri søner. Odin, Vile og Ve. Dei drap Yme og drog kroppen hans ut i Ginnungagap. Blode gjorde dei til hav, kjøte til jord, beini til berg, og haare til skog. Skallen gjorde dei til himmel, og heilen til skyer. Paa himmelen sette dei gneistar fraa eldheimen og gjorde dei til sol, maane og stjernor. Dei let have gaa umkring jordskiva. Jotnarne rømde mot nord til Jotunheim og Utgard. I kroppen hans Yme kvikna dvergar. Dei fekk vit og mannaam, men laut bu i jord og steinar.

Odin vart far til dei ljose og fagre æserne (gudarne), som styrde baade himmel og jord. Ein dag gjekk Odin, Høner og Lodur ut paa marki. Daa fann dei tvo tre. Av dei skapte dei ein mann og ei kvinna, Ask og Embla (or). Odin gav dei aand, Høner vit, og Lodur blod og fager let. Æserne gav dei klæde. Til verja mot jotnar og troll bygde dei borgi Midgard aat dei. Fraa Ask og Embla er alle folk ætta.

Æserne busette seg i Aasgard i himmelen. Ned til jordi la dei regnbogen til bru. Kvar dag held dei ting under aski Yggdrasil.

Yggdrasil er det gjævaste av alle tre. Det hev tri store røter. Den eine gjeng til brunnen i skoddeheimen, den andre til ein brunn i Jotunheim, og den tredje til Urdabrunnen i Aasgard. Greinerne sprikjer ut yver heile jordi. Ein drake og fleire ormar gneg paa roti, og i toppen gjeng fire hjortar og et lauv og gneg, so tree rotnar paa sidorne og hev det verre en mange veit um. Men ved Urdabrunnen bur tri store møyar, som dei kalla nornor. Dei øys vatn upp etter tree, so det alltid held seg grønt. Desse nornorne raar for liv og skjepna. Utsendingarne deira fylgjer folk fraa vogga til gravi. Nokre gjerer godt, og nokre vondt.

Odin er størst av æserne. Han bur i Valhall, som hev yver 500 dører, og kvar er so stor, at 80 brynjeklædde menner kan gaa jamsides igjennom. Lofte er av spjut, og take av blanke skjoldar. Fraa høgsæte ser han ut yver heile verdi.

Paa akslerne hans sit tvo ramnar. Um morgonen fyk dei ut og fer jordi rundt, og ut paa dagen kjem dei att med tidend fraa alle land. Den graae hesten hans heiter Sleipne og hev 8 bein. Paa den rid han likso fort i lufti og paa sjøen som paa landjordi. Til Odin i Valhall kjem alle dei som gjerer rett og fell i ærlegt slag. Um dagen held dei moro med aa kjempa og fella kvarandre paa ein valplass; men um kvelden livnar dei upp att og vert gode vener. So rid dei til Valhall og et flesk og drikk mjød.

Tor i Trudvang, søn til Odin, er den sterkaste av æserne. Han hev staalhandskar og eit styrkebelte; men best ver han seg med hamaren Mjølne. Den raakar alt det han kastar etter, og kjem att av seg sjølv. Tor bergar bonden mot jotnar og troll. Han ek i ei kjerra med to gjeitebukkar. Daa vert det tora og ljoneld.

Balder er god og mild, og so fager at det lyser av han. Han bur i Breidablik, der alt er reint. Tyr er gud for ufred, og Brage for skaldekunst. Heimdall held vakt. Han ser 100 mil og høyrer grase gror. Naar han blæs i Gjallarhorne, ljomar det yver heile verdi. Frøya er gudinna for kjærleik. — Tysdagen heiter etter Tyr, onsdagen etter Odin, torsdagen etter Tor, og fredagen etter Frøya, men sundagen etter soli, maandagen etter maanen og laurdagen etter laug elder vask.

Det vonde tek til. Lenge var det fred baade millom æser og folk; men daa det kom jotunkvinnor til Aasgard, og æserne slo seg i lag med dei, vart det ufred. Jotnarne tok paa æserne; men Tor dreiv dei burt med hamaren sin. Loke vart teken upp millom æserne, endaa han var av trollætt. Han var fager, men sløg og vond. Titt hjelpde han æserne med gode raad, men likte best aa gjera dei skade og hjelpe jotnarne. Han hadde tri fæle born, Fenrisulven, Midgardsormen og Hel. Æserne venta seg ikkje anna en vondt av dei. Difyr batt dei ulven paa ein holm; men dei var ikkje god til aa faa band paa han, utan ein av dei heldt handi si i gape hans. Det vaaga Tyr; men daa ulven ikkje slapp laus att, beit han handi av. Midgardsormen kasta dei i have. Her veks han seg stor og slyngjer seg kring heile jordi og bit i sporen sin. Men Hel sturta dei til Helheim, og der er fælt. Til henne kjem vonde og daadlause, naar dei døyr.

Ein gong skapte Tor seg um til ein ung gut og vilde fanga Midgardsormen. Um kvelden kom han til ein jotun, som heite Hyme, og var der um natti. Hyme reis tidlig upp um morgonen og vilde paa sjøen og fiska. Tor fekk lov til aa

vera med, og laga seg til. «Ungt og smaatt duger inkje til sjøs», sa Hyme; «du kan frjosa i hel.» Tor vart so sint, at han nær hadde slege Hyme i hel med hamaren sin; men han styrde seg, og spurde berre kva dei skulde taka til agn. «Det fær du sjølv finna deg», svara Hyme. Tor gjekk burt til kyrne og vreid hovude av den største stuten hans Hyme og tok det med seg. Daa Tor treiv aararne, gjekk det so fos-sande fort, at Hyme var reint forfælt. Hyme vilde leggja inn aararne, daa dei kom til fiskeplassen; men Tor meinte at det nytta inkje aa fanga flundra; dei laut lenger ut. Hyme vart rædd og sa: «Kjem me lenger ut, kan Midgardsormen taka oss.» Men Tor rodde langt ut. So tok han upp eit tjukt snøre og sette stutahovude paa ein stor krok og kasta ut. Mid-gardsormen beit paa kroken og rykte so hardt, at nevarne hans Tor slo mot æsingi. Daa vart Tor sint. Han tok paa seg heile aasstyrken og sleit og spende so hardt i, at foterne hans gjekk igjenom baaten og naadde havbotnen. Men so laut ormen upp. Han spruta eiter og var fæl aa sjaa. Augo var raude som blod. Tor saag kvast paa han og lyfte hamaren i vere; men Hyme vart rædd og skar snøre av, so ormen sokk. Tor kasta hamaren etter, men fekk ikkje drepa han. So gav han Hyme eit drag under øyra med knytte neven, so han stupte yver bord, og sjølv vassa han i land.

Trym, tursedrotten, stal hamaren hans Tor og gjøymde han 8 mil under jordi. Han vilde ikkje koma att med han, utan han fekk Frøya til kona. Frøya var sint, daa ho hørde dette. Bringa hennar gjekk, so syljorne rista. «Giftesjuk laut eg vera, um eg skulde til Jotunheim», sa ho. So laut Tor pynta seg til brud; bukkarne vart sette lyre kjerra, og Tor kjørde, so bergi brast, og jordi stod i ein loge. Loke fylgde med som bruragjenta. Um kvelden samla gjesterne seg til brud-lauf. Tor aat aaleine ein okse, 8 laksar og all den kraas som kvinnorne skulde hava, og drakk 3 saald mjød. Daa sa Trym: «Aldri saag eg ei brud bita kvassare, og aldri saag ei møy drikka meir mjød.» «I 8 dagar hev Frøya ikkje smakt noko,» svara Loke; «slik lengta ho etter Jotunheim.» Syster hans Trym kom inn og bad om brurgaava. Daa sa Trym: «Ber no inn hamaren, legg han i fange aat brudi og vig oss so.» Fegen vart Tor, daa han fekk att hamaren sin. Han drap Trym og mange jotnar.

Balder døy. Balder hadde tunge draumar og tykte han var feig. Frigg tok daa eid av alle ting, at dei skulde verja han. Paa tinge skaut æserne paa han for moro; men ingen

ting skadde han. Daa skapte Løke seg um til ei kvinna, og gjekk til Frigg og spurde um alle ting hadde svøre aa verja Balder. Frigg svara: „Det veks ein ørliten kvist austanfyr Valhall; han heiter misteltein; den tyktest m g vera for ung til aa krevja eid av.“ Løke gjekk etter mistelteinen, og so strauk han til tinge att. Hod stod ytst i mannaringen. Han var blind. „Kvi skyt ikkje du?“ sa Løke. „Inkje kan eg sjaa og ikkje hev eg vaapn“, svara Hod. „Du lyt daa æra Balder som dei andre“, sa Løke. „Eg skal syna deg kor han stend. Skjot med denne kvisten!“ Hod skaut som Løke synte han, og daa datt Balder daud til jordi. Æserne tapte reint mæle. Den eine saag paa den andre, og alle var sinte paa Løke. Daa dei skulde til aa tala, kom graaten fram. Frigg spurde um nokon vilde rida til Helheim og løysa Balder ut. Hermod, sveinen hans Odin, baud seg til. Han steig paa Sleipne og reid av garde. — Æserne stopla upp eit baal paa skipe hans Balder og brende like der. Daa Nanna, kona hans, saag dette, brast hjarta hennar, so dei laut brenna henne paa same baale. — Hermod reid 9 netter gjenom myrke og djupe dalar. Daa han kom til Helgrindi, steig han av hesten og spende salgjordi fastare. So gav han Sleipne av sporarne, og hesten hoppa høgt yver grindi. Hermod reid til halli hennar Hel og gjekk inn. Balder og Nanna sat i høgsæte, og saag ut som skuggar. Hermod var der um natti. Um morgonen tala han um kor stor graat det var paa æserne, og bad Hel um at Balder maatte faa koma upp att til Aasgard. Hel lova det, dersom alle ting i verdi vilde graata for Balder. Alle gjorde det: folk, dyr, stein, tre og all malmen. Men i ei hola i fjelle sat ei trollkjering. Ho vilde ikkje graata. So laut Balder vera der han var. Denne kjeringi var Løke.


Hemnen. Løke gjøymde seg paa eit fjell; men Odin saag han. Daa æserne kom og vilde take han, skapte han seg um til ein laks og kasta seg i ein foss; men dei fanga han i eit garn og hadde han inn i ei myrk hola i fjelle. So tok dei tri hellor og sette paa kant. Yver dei batt dei han med tarmarne av hans eigen son, og hengde ein orm yver han, so eiteren skulde drjupa i andlite. Men kona hans held ei skaal under. Berre naar ho tømmer skaali, dryp det paa han, og daa vrir han seg, so jordi skjelv.

Enden paa verdi kjem. for det vonde fær magti baade i himmelen og paa jordi. I tri aar er det frost og snøfok utan sumar. Jordi skjelv, og fjelli sturtar. Løke og Fenrisulven kjem laus. Midgardsormen sym til lands, og heile jotun-

heren kjem siglande. Himmelen rivnar, og fraa eldheimen kjem Surt med ei straalande fylking. Alle stemner til ei stor slett. Heimdall blæs i Gjallarhorne, og til striden rid æserne med sine menner ned yver regnbogebrui. Fenrisulven gløyper Odin; men Vidar riv upp kjeften paa ulven og hemner far sin. Tor slær Midgardsormen i hel, men døyr av eiteren hans. Loke og Heimdall feller kvarandre. Daa slenger Surt elden sin yver verdi. Jordi brenn og søkk ned i have.

Ei ny jord kjem upp av have, grøn og fager. Aakarne veks usaadde. Æserne livnar upp att, og Balder kjem fraa Hel. I Yggdrasil hev ein mann og ei kvinna gjøymt seg, og fraa dei kjem ei ny mannaætt. — Daa kjem den megtuge ovan ifraa, han som raar for alt, og som ein ikkje torer nemna namne paa. Han feller dom og gjev fred. Dei som hev gjort rang eid og myrda og hora, lyt til Naastrand. Der skal dei vassa i eiterstraumar og pinast av ein drake. Men dei gode skal bu i Gimle, som er takt med gull og er fagrare en soli. Der skal dei hava fred og gleda i all æva.]


Gudarne vart dyrka i lundar og hov (gudehus). Der blota (ofra) fedrarne vaare hestar og fe, og i den eldste tid trælær. I hovi hadde dei bilæte av gudarne, og der heldt dei kvart aar tri store blot (offerfestar): vinternatt til aa helsa paa vintren, midvinter til aa faa godt aar, og sumarnatt til aa faa siger. Goden (presten) slagta offerdyre og tok laute



Eit drykkjehorn.

(blode) i ein lautbolle, og med ein laut-tein smurde han blod baade paa veggjer og folk. Kjøte vart kokt til mat aat dei som var komne til festen. Dei hadde ogso med seg øl og mjød, og det drakk dei i dyrehorn. Goden signa baade mat og drykk. Dei drakk mange skaaler, fyrst og fremst for æser og aasynjor (gudinnor).


Fylkesstyre. Det var 30 fylke i lande, og fleire herad i kvart fylke. Den mektigaste odelsbonden i herade kalla dei herse. Han var herfører og gode for heradshove; dette stod paa garden hans. Eit av dei gjævaste heradshovi var ogso fylkeshov, og den hersen som hadde dette paa garden sin, var gode for det og hovding for heile fylke. Paa heradstinge avgjorde dei frie bønderne alle saker som vedkom herade, og paa fylkestinge gjorde dei av det som kom heile fylke ved. Sume tider slo fleire fylke seg i hop og heldt sams ting. Trønderane hadde fraa gamall tid sams ting paa Frosta, vestlendingarne paa Gulen, og austlendingarne paa Eidsvoll. Paa tingi vedtok dei lover, og lagrettesmenn dømde millom dei som trættast. Dei heldt ting utpaa ein voll. Rundt um den var haslekviser stukne i jordi. Alt kunde sonast med bøter. For manndraap var boti stor elder litietter som mannen var. Men vilde draapsmannen ikkje bøta, laut skyldingarne til den drepne taka blodhemn; det var skam elles.



Ein hermann med spjut,
øks og skjold.

Dei gamle nordmennerne likte strid og slost titt med hvarandre. Alle frie menner lærde seg til aa bruka vaapn. Dei hogg med øksar og sverd, stakk med store spjut og skaut med smaa kastespjut og med bogar. Til verja mot kvasse vaapn hadde dei hjelmar og ringbrynjor. Hjelmen var ein slags hatt, helst av staaI, og ringbrynja ei trøya av staaI-traad. Mot hogg og stikk varde dei seg med sterke skjoldar. Tidleg fekk dei seg herskip elder langskip. Mange av dei hadde eit drakehovud i framstammen og ein spor i bakstammen. Slike kalla dei drakar elder ormar.

Vikingar. Nordmennerne høyrer til den germanske folkeætt. Svenskar og danskar er dei næraste skyldingarne deira. I fleire hundrad aar hadde germanarne i Millom-Europa vore urolege. Den eine flokken etter den andre hadde teke mot vest og sud og vunne seg land. Mot slutten av det 8de hundradaare kom det ogso uro yver nordgermanarne. Norig vart for trongt for nordmennerne. Flokk paa flokk tok yver vesterhave paa skipi sine. Dei vart kalla vikingar og herja baade paa sjø og land. Snart la dei under seg Orknøyarne, Hjaltland (Shetlandsoyarne) og Færøyarne, og seinare fekk dei ogso fast fot paa Sudrøyarne (Hebriderne) og Man. Mange sette seg ogso ned i Skotland og England, og i Irland skipa dei eit rike, som stod ved lag mest 350 aar.



Eit vikingskip.

Men ikkje alle sette seg ned i framande land. Mange kom heim att til Norig, naar dei hadde samla seg gods og gull. Snart var det fast skikk, at stormanssøner tok ut og vann seg rikdom og æra. Titt slo mange seg i hop — stundom ogso med svenskar og danskar. I Frankrike vart alle kalla normanner, og der bad dei i kyrkjorne: „Aa, Gud, frels oss fraa normannerne!“

Gange-Rolv fraa Møre hadde namne sitt av det, at han laut gaa, for di han var so stor og tung, at ingen hest kunde bera han. Han var ein stor viking og herja so i Frankrike, at den franske kongen laut gjeva han eit stykke av lande. Nordmennerne skifte det millom seg og dyrka det upp, og daa vart det kalla Normandi. Rolv vart jarl under den franske

kongen. Etter skikken skulde han kyssa foten til kongen; men det vilde han ikkje. So skulde ein av mennerne hans gjera det. Mannen treiv foten og lyfte han upp, so kongen datt attlengjes, og daa vart det berre laatt og løjje. Nordmennerne skipa seg som frie menner; men det norske maale vart snart gløymt, for dei gifte seg med franske gjentor, og borni lærde tala etter mōrarne. Rolv budde i Ruda, som no heiter Rouen (Ruang), og vart ættfar til rudejarlarne. Vilhelm Landvinnar var ein av dei. Han tok England, og fraa han er dei engelske kongarne ætta.

Smaakongar. Ein vikinghovding vart kalla konge, um han ikkje hadde noko rike paa landjordi. Naar slike sjøkongar kom heim att og sette seg ned i Norig, vart dei titt meir vyrde en hersarne. Dei hadde set og lært mykje paa ferderne sine, og daa dei var duglege til strid og støtt hadde ei hird (vakt) av gjæve hermänner um seg, varde det ikkje lenge, fyrr dei fekk smaae stykker av lande til aa raa fyre. Snart vart det mange smaakongar i Norig. Nokre av dei slost, for dei vilde vinna større rike. Dei megtigaste vart kongarne paa Vestfold, det er lande vestanfor Folden (Oslofjorden). Sume av dei raadde for store stykke av austlande.

Halvdan Svarte (det er den svarthærde) la under seg mest heile lande sunnanfjells. Han let den gamle Eidsivaloven gjelda for heile dette rike, og Eidsivatinge vart no ting for heile austlande.

Sverige hadde lenge vore eit rike. Danmark ogso eit, og til aa staa seg mot desse megtige grannarne tenkte Halvdan paa aa leggja heile Norig under seg. Baade han og Ragnhild dronningi hans, hadde draumar um dette. Ragnhild drøymde at ho stod i hagen og tok ei naal av serken sin. Naali vart til ein tein. Teinen røtte seg i jordi og vart til eit tre. Tree vart so stort, at ho knapt kunde sjaa toppen paa det. Roti var raud som blod, leggen grøn, og greinerne snøkvite. Nokre greiner sprikte seg ut yver heile Norig og endaa lenger. Halvdan drøymde at han hadde det venaste haare ein kunde sjaa. Det hekk i lokkar. Sume naadde til jordi, sume til midt paa leggen, sume til knes, sume til belte, sume til midt paa sida, sume til halsen, og sume var nettupp sprotne ut or krana. Torleiv Spake tydde dette soleis, at Halvdan skulde verta ættfar til mange kongar. Dei skulde styra med æra; men ikkje alle skulde faa like stor magt.

Ein vaar kjøyrde Halvdan yver Randsfjorden. Daa brast

isen, og han og fleire til bleiv. Like vart ført til Ringerike; men so kom dei beste mennerne fraa alle fylke og vilde faa det, for dei venta seg gode aaringer av det. Sistpaa vart dei soleis forlikte, at dei skar det i 4 stykke og haugla eit stykke i kvart fylke. Hovude vart lagt i Halvdanshaugen paa Ringerike.

II. Norig vert samla og kristna.

860— 1035.

Harald Haarfagre (860—930) var 10 aar gamall, daa Halvdan Svarte, far hans, døydde. Fleire smaakongar reiste seg straks og vilde taka rike fraa denne unge kongen; men morbror hans styrde for han og varde det. Harald vart stor, sterk og fager. I eit jolelag fridde han til ei rik og ven kongsdotter. Ho svara: «Betre mann kan eg ikkje ynskja meg; men fær eg raa meg sjølv, vil eg ikkje hava nokon, utan han vinn heile Norig.» Dette svare likte Harald. Han lova at han ikkje skulde klippe elder kjemma haare sitt, fyrr han hadde vunne heile Norig.

Straks samla han ein her og tok yver Dovre. Han vann fleire slag og la under seg Trondheim, det er lande kring Trondheimsfjorden. I Namdalen raadde tvo brørar, Herlaug og Rollaug. Dei hadde bygt upp ein gravhaug av stukk og stein. Daa Harald var ventande, gjekk Herlaug inn i haugen med 11 mann og mat og drikk, og so let han dei kasta haugen att. Men Rollaug steig upp paa haugen, der kongarne hadde sæte sitt, og velte seg fraa høgsæte ned paa jarlebenken, og so gjekk han imot kong Harald og baud seg til aa vera hans mann. Harald feste eit sverd ved belte hans og ein skjold kring halsen og gjorde han til jarl yver Namdalen.

Sidan tok han fylke etter fylke alt ifraa den nordre luten av Haalogaland til Sognefjorden; men paa Hordaland, Rogaland og Agder fekk han stridare motstand, for der var dei rikaste og megtigaste folk, og der slo 4 kongar seg i hop til aa møta han. I fleire aar laga han seg til, og daa han kjende seg sterk nok, møtte han kongarne i Havrsfjord ved Jæren). Det vart ein lang og hard strid; men endeleg (vann Harald, og var no konge yver heile lande (872). Straks etter var han i eit lag hjaa Ragnvald Mørejarl, far til Gange-Rolv. Haare hans var langt, for han hadde ikkje

klipt det paa 10 aar; men no klipte jarlen han og kalla han Haarfagre.

Harald tok odelen fraa bønderne, det vil segja let dei svara skatt av gardarne sine. Yver kvart fylke sette han ein jarl til aa skifta lov og rett og krevja inn skattarne. Under kvar jarl var det fleire hersar. Dei styrde kvar sitt herad. I ufred skulde kvar jarl tena kongen med 60 mann, og kvar herse med 20. Til løn skulde jarlarne hava tridjeparten av skatten, og hersarne kongsgardar til aa bruka; difyr vart dei seinare kalla lendmenn (av land).


Bønderne, som aldri fyrr hadde lagt skatt, vart misnøgde. Mange stormenner, helst daa vestlendingar, strauk fraa gardarne sine og drog til øyarne ved Skotland. Derifraa gjorde dei vikingferder til Norig; men so tok Harald vest med ein her og la under seg Hjaltland og Orknøyarne og sette ein jarl yver dei. Daa vende utvandningsstraumen seg mot Island.

Island vart funne av nokre som skulde til Færøyarne, men tok for langt mot nord. Dei kalla det Snøland, for di der var snø paa fjelli. Sidan drog Floke fraa Rogaland av stad. Fyrr han tok ut, blota han og helga tri ramnar, som skulde syna han vegen. Daa han kom ut paa have, slepte han den eine ramnen etter den andre. Den fyrste kom snart til han att, og den andre tok til vers; men den tridje fauk framfyre skipe, til lande var funne. Etter den dag vart han kalla Ramne-Floke. Han siglde mest rundt heile øyi, men likte ikkje lande. Han kalla det Island. Men Toralv, ein av mennerne hans, roste det svært. Han sa at det draup smør av kvart straa; difyr kalla dei han Toralv Smør. Tvo aar etter slage ved Havrsfjord drog Ingolv fraa Sunnfjord til Island. Han tok med seg høgsætesstolparne, som var utskorne med gudebilæte. Daa han kom nær øyi, kasta han dei i sjøen. Der dei dreiv i land, trudde han gudarne vilde han skulde bu. Han fann dei i Røykjavik, og der bygde han seg hus og sette dei ved høgsæte. Sidan gjorde mange like eins. Fleire og fleire sette seg ned i lande. Utvandringi var til stort tap for Norig, daa det var dei rikaste og mest opplyste som vandra ut. Harald tok gardarne deira. Sume gav han hersarne til aa raa fyre, og sume let han aarmenner (gardsfutar) driva til inntekt aat seg.

Nordmennerne skipa ein fristat paa Island. I den raadde stormennerne. Dei megtigaste hovdingarne sette upp hov paa gardarne sine. Dei var godar og stod fyre blotingi. Øyi vart

delt i godord (herad). Goden nemnde ut domsmenner og var ordførar paa tinge. Dersom folk ikkje kunde verta forlikte paa heradstinge, skulde saki avgjerast paa alltinge. Dette var eit sams ting for heile øyi. Dei heldt det kvart aar midsumarsbil paa Tingvellir ved Øksaraai. Det varde i 14 dagar. Til alltinge strøymde folk saman som til ein marknad, mange berre for moro skuld. Godarne valde ein lovsegjemann. Han skulde læra loverne utanaat, og segja dei fram paa tinge. Nye lover vart ogso vedtekne der.

Underkongar. Harald Haarfagre hadde mange søner. Daa han var 70 aar, gjorde han dei til underkongar og skifte lande millom dei. Han fastsette at alle etterkomarane



Haraldsstytta.

hans paa manssida skulde vera kongar. Underkongarne skulde hava halve skatten. Men sønerne kunde ikkje semjast. Eirik Blodøks drap Bjørn Farmann, og Halvdan Svarte, bror deira, vilde hemna draape; men Eirik fekk hjelp av far sin. Herarne møttest paa Reinssletta ved Trondheimsfjorden. Men so stod der fram ein gjæv skald, som heitte Gutorm Sindre. Han hadde dikta visor um faren og sonen og vilde ikkje hava noko for det; men dei hadde lova at dei ein gong skulde gjera det han bad um. Han minte dei um dette og bad dei forlika seg, og det gjorde dei.

Harald la ned kongedøme, daa han var 80 aar, og sette sin kjæraste son Eirik Blodøks til yverkonge. Tri aar etter døydde han (933) og vart hauglagd paa Hauge ved Haugesund. 1000 aar etter slage ved Havrsfjord sette nordmennerne ei stor minnestytta paa gravi hans, og rundt um 30 mindre steinar til minne um dei fylki han samla.

Eirik Blodøks (930—34) var ein dugande stridsmann; men han før altfor hardt fram og dugde mindre til aa styra eit rike. Brørarne vilde ikkje staa under han. Dei fekk hjelp kvar i sitt rike. Folke vilde nok vinna att det gamle sjølvstyre. Men Eirik vann yver brørarne sine og drap fleire av dei, og Gunnhild, dronningi hans, eggja han til aa drepa dei alle i hop; men den yngste hindra dette.

Haakon den gode (934—61) vart fødd daa far hans var innpaa 70 aar. Tora Mosterstong, mor hans, var av god ætt. Sigurd Ladejarl auste vatn yver han og gav han namn etter sin far Haakon. Guten fylgde fyrst mor si paa kongsgardarne; men sidan vart han fostra hjaa kong Adalstein i England. Adalstein let han døypa og læra den rette tru og gode seder. Haakon vart større, sterkare og venare en andre og ein stor idrotsmann. Adalstein gav han eit kvast sverd. Handtake var av gull. Med det kløyvde han ein gong ein kvernstein heilt til auga; difyr vart det kalla Kvern-bit.

Haakon før til Norig, daa han spurde at far hans var slokna. Adalstein gav han folk og gode skip med. Han siglde til Trondheim og slo lag med Sigurd Ladejarl. Dei stemnde saman eit stort ting, og Sigurd raadde bønderne til aa taka

.Ett-tavla.

Harald Haarfagre

Eirik Blodøks, gift med Gunhild	Olav, konge i Viki.	Bjørn Farmann, konge paa Vestfold.	Sigurd Rise, konge paa Ringe- rike.	Haakon den gode.
Harald Graafeld.	Trygve	Gudrød.	Halvdan.	
Olav Trygvesson.		Harald Grenske.	Sigurd Syr.	
		Olav den heilage.	Harald Sigurdson Hardraade.	
		Magnus den gode.	Olav Kyrre.	
			Magnus Berrføtt.	

Haakon til Konge. So stod Haakon sjølv upp og tala, og daa sa tvo og tvo seg imillom, at Harald Haarfagre var komen og hadde yngst upp att. Haakon sa at dei skulde faa att odelen, i fall dei tok han til konge. Daa ropte og skreik dei at han skulde vera konge yver heile Norig. Denne tidendi flaug som eld i turt gras alt til enden av lande, og alle stader tok dei Haakon til konge. Eirik laut røma ut av lande, og vann sidan eit rike i England, men fall paa ei vikingferd.

Haakon gjorde loverne betre og let Gulatingsloven gjelda for alle fylki vestanfjells, og Frostatingsloven for alle fylki nordanfjells. Tingstaderne var, som fyrr, Gulen i Sogn og Frosta ved Trondheimsfjorden. Jemtarne i Jemtland var ætta fraa Norig. Dei gav seg under Haakon, for di han var god og rettvis.

Haakon let nordmennerne halda jol paa same tid som dei kristne. Han fekk prestar fraa England og bygde kyrkjes, og paa Frostatinge sa han at det var hans bod og bøn til alle, at dei skulde lata seg kristna og tru paa ein gud, halda heilagt um sundagen og fasta um fredagen. Men daa vart det muring. Bønderne meinte at lande vart øyde, naar kongen tok arbeide fraa dei, og trælarnes sa at dei kunde ikkje arbeida, naar dei ikkje fekk mat. Asbjørn av Medalhus svara kongen, at bønderne vilde taka seg ein annan hovding, dersom dei ikkje fekk hava den gamle trui, og bønderne ropte at det skulde vera som Asbjørn hadde sagt. Daa laut Haakon gjeva etter, og fekk ikkje innført kristendomen. Trønderane drap tri prestar og reiv ned tri kyrkjes paa Møre.

Sønerne til Eirik Blodøks fekk hjelp av kong Harald Blattonn i Danmark og kom til Norig med ein her; men Haakon vann paa dei i eit stort slag paa Agvaldsnes. Etter dette skipa han sjøbygderne i skipreidor. Kvar skipreida skulde kosta eit skip og i ufred halda det med mannskap, vaapn og mat (leiding). Paa dei høgste bergi frammed sjøkanten let han setja upp vardar av ved, soleis at ein kunde sjaa fraa den eine til den andre. Ved kvar varde stod ei vakt og kveikte eld, naar der kom fiendar. Paa den vis kunde tidendi gaa fraa ende til ende av lande paa ei vika.

Likevel kom Eirikssønerne sidan tvo gonger uventande yver han. Siste gongen var han i eit gjestebod paa Stord og hadde berre hirdi og nokre bønder med seg. Men ingen vilde fly. Alle laga seg til strid. Kongen hadde brynja paa seg og sette ein gytt hjelm paa hovude; han spende Kvernbit um seg og tok spjut i handi og skjold ved sida. So stelte han mennerne sine upp i ei fylking. Eirikssønerne la i land og fylka heren

sin. Dei hadde 6 gonger so mange folk. Daa det bar i hop, skaut dei fyrst med spjut, og so drog dei sverdi. Kong Haakon gjekk framum merke og hogg til baae sidor. Soli skjein paa gullhjelen, so kongen var lett aa kjenna; difyr vende mange vaapn mot han. Daa tok Øyvind Skaldespillar ein hatt og sette yver hjelmen; men so ropte den sterke Øyvind Skrøya: «Gjøymer nordmanna-kongen seg no, elder kvar er gullhjelen?» Kongen svara: «Haldt fram som du stemner, um du vil finna nordmanna-kongen.» Øyvind gjekk fram og hogg, som han var galen. Men Haakon treiv Kvernbit i baae henderne og kløyvde baade hjelmen og hovude paa han. Daa flydde danskarne. Haakon sette etter, men fekk ein pil i armen, og dette vart banen hans. Fyrr han døydde, gav han Eirikssønerne heile Norig. Han vart hauglagd fullt væpna, og Øyvind Skaldespillar gjorde eit kvæde og viste han til Odin. Folk sa: «So god konge fær me aldri meir.»

Eirikssønerne (961--65) vart daa kongar. Harald Graafeld var eldst; men mor deira raadde mest og eggja dei til mykje vondt. Dei brende Sigurd Ladejarl inne og drap Gudrød og Trygve, som var underkongar i Viki. Det vart uaar og slut med fiske. Folk trudde det var for di kongarne ikkje blota; men reiv ned fleire hov. Daa dei ogso tok svære skattar av folk, vart dei alle mislikte og tvo drepne. Trønderane tok Haakon Ladejarl, son hans Sigurd, til hovding; men han maatte fly ut or lande. Hjaa Harald Blaatonn i Danmark fekk han hjelp. Harald Blaatonn narra Harald Graafeld ned til Danmark og let han drepa, og so fylgde han Haakon Ladejarl til Norig med ein her. Nordmennen gav seg friviljukt under dei, og dei tvo Eirikssønerne som var att, flydde til Orknøyarne.

Haakon Ladejarl (965—95) fekk no lande nordan- og vestanfjells. Paa upplande styrde underkongar. Alle skulde svara skatt til den danske kongen. Men so vilde den tyske keisaren vera herre yver Harald Blaatonn og tvinga han til aa kristna dei som stod under han. Harald fekk hjelp fraa Norig. Haakon Ladejarl kom med ein her og slo den tyske heren ved Danevirke. So tok han paa heimvegen. Men daa kom tyskarane att. Harald møtte dei med den danske heren, men rauk, og laut lova aa faa jarlen døypt og kristendomen innførd i Norig. Daa laag jarlen for motvind i Limfjorden. Harald bad han til seg. Jarlen kom med faa menner. Daa truga kongen han til aa lata seg døypa, og sende prestar med han; men daa jarlen siglde fraa Jylland, sette han prestarne i land, og fraa no av reiv han seg laus fraa den danske kongen og la ingen skatt.

Han bygde upp hovi, som var nedrivne, og bad folk blota. Harald Blaatonn gjorde difyr ei ferd til Norig. Kvar han kom, brende han gardarne; men daa jarlen kom med ein her, vaaga han seg ikkje i kast med han, men før heim att. Sidan fekk han banesaar i eit slag med sin eigen son, Svein Tjugeskjegg, som vart konge etter han.

Jomsvikingarne var gjæve nordiske kjempor, mest danskar. Ingen fekk vera med i lage deira, utan han var millom 18 og 50 aar, og han maatte ikkje vera rædd elder gjeva seg for nokon ting. I gravøle etter Harald Blaatonn lova Sigvalde jarl. hovdingen deira, at han innan 3 vintrar skulde fella Haakon Ladejarl elder driva han ut or Norig, og dei andre jomsvikingarne at dei skulde fylgja han. Dagen etter før dei av stad med 60 store skip; dei vilde koma uventande yver han. Men Haakon fekk spyrja det og møtte dei i Hjørungavaag paa Sunnmøre med 180 mindre skip. Det vart ein hard strid. Jomsvikingarne skaut igjenom dei norske skjoldarne, og brynja aat jarlen vart sundrivi av pilar og kastespjut. Daa segjer dei at han blota sin sjuaaarsgamle son Erling til æserne, for at dei skulde hjelpa han til aa vinna. Jomsvikingarne fekk ei fæl haglskur imot seg, og sidan sa sume at dei saag troll paa dei norske skipi. Daa flydde Sigvalde jarl med 35 skip.

Mange jomsvikingar vart nedhogne. Bue Digre tok ei kista med gull under kvar arm og kasta seg i sjøen. Vagn Aakeson vart fanga med 30 mann. Dei batt føterne deira med eit reip og let dei sitja paa ein stokk, Torkjel Leira skulde halshogga dei. Han byrja i den eine enden. Ingen var rædd. Ein sa: «Dette fiskebeine hev eg i handi, og det vil eg stikka ned i jordi, um eg veit noko til meg, naar hovude er hogge av». Torkjel hogg hovude av han, men fiskebeine datt ut or handi hans. Daa han hadde hogge hovude av 18, kom han til ein haarfager mann, som heldt fram haare sitt og bad dei ikkje skulde gjera det blodigt. Ein mann treiv haare og heldt fast, og Torkjel hogg til; men vikingen rykte hovude til seg, so henderne vart avhogne paa han som heldt. Daa ropte vikingen: «Enno er ikkje alle jomsvikingarne daude.» Han fekk grid (liv og fred) av Eirik jarl, son til Haakon. Daa sa Torkjel: «Um du, jarl, vil unna alle desse grid, so skal aldri Vagn Aakeson sleppa med live,» og so svinga han øksi og vilde burt til Vagn, men ein jomsviking kasta seg fyre føterne hans, so han stupte. Daa treiv Vagn øksi og hogg Torkjel i hel. Men Eirik jarl sa: «Vil du hava grid, Vagn?» «Det vil eg.» svara Vagn, «so framt alle fær det.» «Løys dei av reipe!» sa jarlen, og det vart gjort.

Den siste heidske styraren døyr. Daa Haakon Ladejarl hadde vunne yver jomsvikingarne, styrde han som ein konge. Bønderne heldt av han, for det var gode aaringar og fred. Men han kunde ikkje bera lukka si. Han vart stolt og slo seg paa ulivnad, so folk ikkje fekk hava døtrarne sine i fred for han. I Gauldalen budde ein megtig bonde, som heitte Orm Lyrgja. Gudrun, kona hans, var fraa Lunde og vart kalla Lundesoli, av di ho var framifraa fager. Jarlen sende nokre træljar til aa henta henne til seg. Orm bad dei sitjane og eta til kvelds; men medan dei aat, samla han mange folk, og no vilde han ikkje lata Gudrun fylgja med dei. Trælarne lova vondt; men Orm let herpil fara umkring, og folk samla seg og vilde tyna jarlen. Jarlen flydde og tok med seg Kark, trælen sin. Det var is paa Gaula med opne hol. Jarlen dreiv hesten sin ut i eit hol og let kappa si liggja etter paa isen, so folk skulde tru han var bliven. Sidan før han til Tora paa Rimul, som hadde vore kjærasten hans, og bad henne gjøyma han nokre dagar. Tora visste berre ein stad, der folk ikkje vilde leita etter slik ein mann, og det var under svinebole. Kark grov ei stor greft og la tre yver. So gjekk jarlen og Kark ned i grefti, og Tora moka mold og myk yver og dreiv griserne ovanpaa.

Paa den tid kom Olav Trygveson til Trondheim, og bønderne tok han straks til konge. So gav dei seg til aa leita etter jarlen. Dei kom ogso til Rimul, men fann han ikkje. Daa steig Olav upp paa ein stein og tala til folke. Han lova baade pengar og æra til den som kunde taka jarlen av dage. Dette høyrde Kark og jarlen; dei hadde ljøs med seg. Jarlen sa: «Kvifyr er du so bleik og stundom svart som jordi? Er det so, at du vil svika meg?» «Nei,» sa Kark. Um natti heldt jarlen seg vaken; men Kark somna og bar seg fælt i svevnen. Jarlen vekte han og spurde kva han drøymde. «No drøymde eg at eg var paa Lade,» sa Kark, «og Olav la ein gullring kring halsen min.» Jarlen sa: «Olav vil leggja den raude ringen kring halsen din. Agt deg, og svik meg ikkje.» Sidan heldt dei seg vakne baee, for dei var rædde kvarandre. Mot dag somna jarlen. Daa tog Kark kniven og skar hovude av han og bar det til Olav Trygveson paa Lade. Olav let trælen halshogga og hengde hovude i ein galge, og folke skreik og kasta stein paa det.

Olav Trygveson (995—1000). Daa Trygve var drepen, flydde Astrid, kona hans, ut paa ein holm i eit vatn. Der fekk ho ein son, som ho kalla Olav. Ho heldt seg gjøymd

paa holmen heile sumaren; men daa hausten kom, drog ho til far sin. Um vaaren sende Gunnhild kongemor bod etter guten, og daa rømde Astrid til Sverike; men ogsa der vilde Gunnhild taka kongsbarne, og no skulde Astrid fly til Gardarike (Russland); men paa sjøen kom det vikingar og tok baade henne og barne. Olav vart skild fraa mor si og seld. Ein mann fraa Estland gav ei god kufta for han, og hjaa han var Olav i 6 aar. So kom Sigurd Eiriksson til Estland og kravde skatt for kongen i Gardarike, og daa han fekk vita at Olav var systerson hans, kjøpte han guten og tok han med seg til kongsgarden, og der vart Olav opplærd som høveligt var for ein kongsson.

Daa Olav var 18 aar, fór han i viking. Fyrst kom han til Vendland (Pommern) og Danmark. Fleire danske og norske vikingar slo seg i hop og tok han til hovding. I lang tid herja han i England, Skotland og Irland. Han var den største itrotsmannen av alle dei nordmennerne som det er fraasegn um. Han kunde gaa utanbords paa aararne, naar mennerne hans rodde, og leika med tri smaasverd, so det eine alltid var i vere. Han hogg like godt med baee hender og skaut med tvo kastespjut paa ein gong. Han var stor og sterk, og so lik Haakon den gode, at tvo ikkje kan vera likare kvarandre; difyr tok nordmennerne vel imot han, og heile lande samla seg under han.

Paa ferderne sine lærde Olav kristendomen aa kjenna og let seg døypa, og daa han hadde vorte konge i Norig, vilde han straks faa nordmennerne kristna. I Viki kjende folk litt til kristendomen. Hovdingarne var skyldingarne hans, og daa han lova dei magt og æra, let dei seg døypa. Folke gjorde for det meste som hovdingarne; men var det nokon som la imot, refste han dei strengt. Sume let han drepa; sume skamfærde han, og sume jaga han ut or lande. Snart var heile Viki kristna. Det gjekk ogsa lett paa Agder; men paa Rogaland møtte folk væpna paa tinge. Dei hadde valt tri mann, som skulde tala imot kongen; men den eine fekk hoste, so han ikkje kunde faa orde fram; den andre vart stam, so dei berre lo aat han, og den tridje so haas, at ingen kunde høyra han. Daa laut folk lata seg kristna.

Paa Gulatinge lova hovdingarne aa taka kristendomen, soframt han vilde hjelpa upp ætti deira og gifta Astrid, syster si, med Erling Skjalgsson, som var ein framifraa staut mann. Olav og Astrid gjekk inn paa dette, og folke vart kristna. I brudlaupe vilde kongen gjera Erling til jarl; men Erling sa:

«Hersar hev fedrarne mine vore, og eg vil ikkje hava høgare namn en dei; men eg tek imot, at du gjer meg til den største hersen her i lande.» Olav gav han daa alle fylki fraa Sognefjorden til Lindesnes. Erling budde paa Sola ved Havrsfjorden, og vart so megtig at dei kalla han rygekongen.

Resten av vestlande vart kristna utan motstand. So kom kongen til Trondheim. Paa Frostatinge bad han bønderne taka kristendomen; men daa skreik dei at han skulde tegja med det; ellers vilde dei taka paa han. Han burde blota som andre kongar. Olav hadde ikkje folk nok til aa slaast med trønderane; difyr skildest han med dei i venskap. Han bygde seg ein kongsgard ved Nidelvi og la grunnen til Nidaros, som lenge var den største byen i Norig. So var det ein gong han gjorde eit gildt gjestebod for hovdingar og storbønder; men dagen etter bles han i luren og samla dei til husting. «Skal eg plent blota,» sa han, «so vil eg gjera større blot en nokon annan; eg vil blota folk, ikkje trælur, men dei beste menner i lage.» Han nemnde dei upp, og kongsmennerne heldt dei fast; men daa bad dei om liv og fred og let seg døypa.

Straks etter samla trønderane seg til eit stort blot paa Mære. Dit kom ogso Olav med mange mann. Jarnskjegge førde orde for bønderne, og sa kongen skulde blota. Daa gjekk Olav inn i hove med 12 mann, og 12 bønder fylgde ogso med. Der var mange gudebilæte. I midten stod Tor, prydd med sylv og gull. Kongen hadde ein stav i handi med gyldt sylvknapp. Med den slo han til Tor, so han datt, og mennerne hans gjorde like eins med dei andre gudarne. Daa ropte Jarnskjegge: «Varg i heilagdomen!» og vilde inn; men han vart drepen utanfyr døri. No var bønderne hovdingause. Dei torde ikkje setja seg imot lenger, men let seg døypa. Kort etter vart kristendomen ogso innført i Nordland.

Frammed sjøkanten var no heile lande kristna. Folk slutta med aa blota og tapte trui paa æserne, som ikkje kunde berga seg. Dei tyktest vera hertekne av ein sterkare gud, som prestarne etter kvart lærde dei meir og meir aa kjenna. Ogso til Orknøyarne, Færøyarne, Island og Grønland sende Olav prestar, som skulde læra folk den rette tru.

Svolderslage. Olav Trygveson fridde til ei enkja, dronning Sigrid Storraade i Sverike; men daa ho ikkje vilde lata seg kristna, slo han henne i andlite og sa: «Kva skulde eg med deg, rava heidning!» «Dette kan verta banen din,» sa Sigrid. Ho vart sidan gift med Svein Tjugeskjegg i Danmark, og Svein nøydde Tyre, syster si, til aa halda brudlaup med ein

ogamall heidensk konge i Vendland; men Tyre var der berre ei vika. Inkje aat ho, og inkje drakk ho, og ei natt rømde ho og før til kong Olav. Med han vart ho gift. Vaaren etter bad Tyre at Olav skulde gjera ei ferd til Vendland og henta det ho aatte der. Alle raadde han ifraa; men han var ikkje rædd. Han samla ein her og før av stad. Nyleg hadde han bygt eit skip, som var større en alle andre. Det heitte Ormen lange. Paa det maatte ingen vera under 20 elder yver 60 aar, utan Einar Tambeskjelvar; han var berre 18, men so var no han den beste bogeskyttaren som hev vore i Norig. I Vendland raaka Olav gamle vener; han var der til langt ut paa sumaren, og fekk alt det Tyre aatte.

Men daa samla den danske og svenske kongen kvar sin her og vilde taka paa Olav, naar han kom att. Sigrid Stor-raade eggja dei til, og Eirik jarl slo lag med dei, for han vilde vinna att det rike far hans hadde havt. Alle la seg ved øyi Svolder paa austsida av Rygen. Olav hadde 60 skip, daa han før fraa Vendland. Det vart lite vind, og dei minste skipi gjekk forast og siglde ifraa han, so han berre hadde 11 skip, daa han kom til Svolder og fekk ein stor flote imot seg; men likevel vilde han ikkje fly. «Ned med segle!» sa han. «Ikkje skal mine menner tenkja paa flugt. Aldri hev eg flytt i strid, og aldri skal eg fly. Gud raar for live mitt.» Han let skipi binda i hop. I midten laag Ormen lange, og Olav stod i løftingi høgt yver dei andre. Han hadde gylt skjold, gullslegen hjelm og ei raud trøya utanpaa brynja. Daa han saag danskarne, sa han: «Me er ikkje rædde dei sælingarne.» Um svenskarne sa han: «Betre var det for sviarne, at dei sat heima og sleikte blotbollarne sine.» Men daa han saag Eirik jarl og mennerne hans, sa han: «Av dei kan me venta oss eit kvast tak, for dei er nordmenner som me »

Kong Svein la seg mot Ormen lange og dei andre store skipi i midten; men han vart snart driven ifraa att. Ikkje betre gjekk det med den svenske heren. Men Eirik jarl tok daa det ytste og minste skipe, hogg ned mannskape, kappa toge og let skipe driva. Soleis gjorde han med det eine skipe etter det andre, medan danskarne og svenskarne laag rundt ikring og skaut. Kong Olav skaut ogso, stundom med boge og stundom med kastespjut, men alltid med tvo um gongen. Einar Tambeskjelvar hadde so nær skote Eirik jarl. Ein pil gjekk millom armen og sida paa han; men so vart bogen hans sundskoten og brast med stort brak. Daa spurde kong Olav: «Kva brast so høgt?» Einar svara: «Norig or henderne dine.» «So

stor skade var det vel ikkje,» sa Olav. «Tak min boge!» Einar drog bogen upp, men kasta han og sa: «For veik, for veik er kongens boge,» og so treiv han sverde. Mannskape paa dei minste skipi laut fly upp paa Ormen lange. Der varde dei seg lenge. Eirik jarl fekk jamnan folk fraa danskarne og svenskarne; men paa Ormen vart det meir og meir folketunt. Sistpaa hadde Olav berre 8 mann. Daa sprang han yver bord, og ingen saag han meir. Han var berre 36 aar, daa han fall, aar 1000. Nordmennerne vilde mest ikkje tru at dei hadde mist denne gjæve kongen. Mange meinte han hadde symt i land og vilde koma att.

Eirik jarl (1000—16), Svein Tjugeskjegg og Olav Skautkonung skifte Norig millom seg etter slage ved Svolder; men kongarne let kvar sin lut styra av Eirik jarl og Svein, bror hans. Jarlarne heldt dei gamle loverne og styrde godt. Dei var kristne, men let kvar leva i si tru. Daa Svein Tjugeskjegg døydde, vart Knut den store, son hans, konge i Danmark. Eirik jarl sette daa Haakon, son sin, til aa styra i Norig, og før ut av lande, for han vilde hjelpa Knut til aa taka England. Daa Haakon var ung, skulde Einar Tambeskjelvar hjelpa han. Einar var ein megtig mann. Han var gift med Bergljot, syster til jarlarne. Daa jarlarne styrde, fann nordmannen Leiv Eirikson Amerika. Han kalla det Vinland, av di der voks vin tre villt.

Olav Haraldson den heilage (1016—30) var son til Harald Grenske, som vart innebrend av Sigrid Storraade. Aasta, mor hans, vart sidan gift med Sigurd Syi, underkonge paa Ringerike, og der voks Olav upp. Daa han var 12 aar, drog han i viking, og vart snart ein stor hovding. Han var so medels høg, før og sterk, breileitt og raudleitt og hadde ljósbrunt haar og framifraa vene og skarpe augo, og han var kiok, djuptenkt og maalsnild. Paa ferderne sine kom han i lag med gudelege folk, lærde kristendomen aa kjenna og let seg døypa. Daa vilde han ikkje fara i viking lenger; han tenkte paa aa gjera ei ferd til Jerusalem; men so drøymde han at ein staut mann kom til han og sa: «Far heim att til odelen din, so skal du verta konge æveleg».

Paa same tid var Eirik jarl komen til England, og no før Olav til Norig med 2 kjøpmansskip og 220 mann. Straks fekk han spyrja at Haakon jarl kom siglande med eit langskip. Olav la seg daa med eit skip paa kvar sida av Saudungssund i Sunnfjord og hadde eit sterkt tog millom dei. Daa jarlen kom, vatt Olav upp toge, so skipe kanta. Olav tok jarlen upp av sjøen, og jarlen svor at han skulde fara ut or lande og

aldri halda slag med kong Olav. So før Olav til Vestfold, der far hans hadde vore konge, og der tok mange vel imot han. Derifraa tok han til Ringerike. Sigurd Syr baud han velkomen, og Aasta kysste son sin og leidde han i høgsæte, og daa vart det eit gildt gjestebod. Olav gav seg til der ei stund med mennerne sine. Annan kvar dag fekk dei fisk og mjølk, og annan kvar dag kjøt og øl.

Sigurd Syr samla smaakongarne til eit møte, og la ut um kor naudsynt det var aa fri lande fraa den trældomen som danskarne og svenskarne hadde lagt paa det, og bad dei taka imot den mannen som var dugleg til aa gaa i brodden for dette. Rørik meinte at smaakongarne fekk raa mest og hava det best under utlendske kongar; men dei andre vilde reisa upp att ætti hans Harald Haarfagre, og so svor dei kong Olav truska alle i hop. Vaaren etter vann han yver Svein jarl, og no vart han konge yver heile lande. Den svenske kongen gjorde vel ei tid krav paa tridjeparten; men svenskarne vilde hava fred med nordmennerne, og paa Uppsala ting sa Torgny lagmann at bønderne vilde drepa Olav Skautkonung, soframt han ikkje forlikte seg med den norske kongen og gifte dotter si med han, og dette laut han ogso gjera.

Olav hadde 60 hirdmenner. Den gjævaste av dei var stalaren, som førde orde for kongen paa tinge. Olav reis tidleg upp um morgonen. Kvar dag gjekk han til kyrkja og lydde paa messa, og so heldt han ting. Han fekk med seg kloke folk og gjorde um dei gamle loverne, so dei kunde høva med kristendomen. Saman med bispen Grimkjel gav han ein kristenrett elder kyrkjelov. Paa tingi fekk han bønderne til aa taka ved desse loverne. Naar han før umkring i lande, hadde han bispen og nokre prestar med seg, og saag fyrst og fremst etter korleis folk heldt kristendomen. Var det nokon som ikkje vilde leggja av heidenskapen, før han hardt fram. Sume jaga han ut or lande; andre skamfærde han paa hender elder føter elder stakk ut augo deira, og sume let han hengja elder halshogga. Daa kongarne paa upplande spurde dette, slo dei seg i hop og vilde drepa han, naar han kom til Hedemarki; men paa Eidsvoll fekk Olav vita dette og rodde um natti til Ringsaker og fanga dei, fyrr det vart ljost. Han skar tunga av den eine og stakk ut augo paa den andre, og tri jaga han ut or lande. Daa Sigurd Syr straks etter døydde, vart det slutt med underkongarne i Norig.

Gudbrandsdølerne vert kristna. Enno var det berre heidningar i dei indre dalbygder; men Olav kristna dei alle.

I Gudbrandsdalen raadde Dale-Gudbrand som ein konge, endaa han berre var herse. Han budde paa Huntorp i Fron og hadde eit hov paa garden sin. I det var det eit bilæte av Tor. Det var ein tremann med sylv og gull paa. Han var innhol, og kvar dag fekk han 5 leivar brød med kjøt til. Daa Gudbrand spurde at Olav var ventande, stemnde han dølerne til ting og sa: «Olav vil brjota sund gudarne vaare; men eg tenkjer Tor hjelper oss no som fyrr». Daa skreik bønderne: «Kjem han hit, skal han aldri koma levande herifraa». Dei samla ein her og før imot Olav, men rauk, og etterpaa heldt Olav ting med dei. I tvo dagar tala han og bispen med dei um den rette trui; men den tridje dagen bar bønderne Tor ut paa tingvollen, og daa sa Gudbrand: «Kvar er no din gud, konge? Han ber nok skjegge laagt no, og du er helder ikkje so kaut i dag, for no er vaar gud komen, som raar for alt, og ser paa dykk med kvasse augo.» Olav svara: «Du skræmer oss med ein gud som baade er blind og dauv og korkje kan berga seg sjølv elder andre. Eg tenkjer det snart gjeng gale med han; for sjaa no mot aust, der kjem vaar gud med mykje ljøs.» Med det same rann soli, og bønderne vende seg mot den. Daa slo ein av mennerne hans Olav, Kolbein sterke, til Tor, so han rauk surd, og ut kom myser og paddor og ormar. Bønderne vart rædde og flydde; men Olav samla dei att og sa: «No saag de kva Tor dugde til, og kven som hev ete upp maten de gav han. Tak no gulle og sylve og ber det heim, og heng det ikkje paa stokk og stein. Og so kan de velja, anten de vil kristna dykk elder slaast med meg i dag.» Daa tok dei alle kristendomen. Bispen døypte Gudbrand, og kongen sette etter prestar, som skulde læra og døypa dei andre.

Hovdingarne reiser seg. Etter den gamle tru kunde hovdingarne raa seg sjølv; men med kristendomen fekk kongen meir magt, og Olav sparde ikkje aa bruka magti. Norig kunde ikkje hanga i hop, utan hovdingarne lydte kongen, og kongen kunde ikkje staa seg mot utlendske kongar, utan han raadde for heile lande. Men hovdingarne likte ikkje at magti deira minka, og daa Olav refste dei likso strengt som smaafolk, naar dei braut loverne, vart dei hatige paa han. Dette fekk Knut den megtige vita. Han hadde lagt under seg England, og no vilde han ogso vinna Norig. Fyrst sende han bod til kong Olav, at han skulde verta mannen hans og svara skatt, som jarlarne hadde gjort; men Olav svara: «Eg vil verja Norig med odd og egg og aldri leggja skatt til nokon.» Daa sende Knut pengar til hovdingarne og lova dei magt og æra,

um dei tok han til konge. Mange tok imot og svor Knut truskap. Sidan kom Knut til Norig og vart teken til konge, og no sette han Haakon jarl til aa styra lande.

Olav var daa i Viki; men so snart Knut drog til Danmark att, siglde Òlav vestetter med 13 skip og dei folk som vilde fylgja han. Daa han kom nordanfyr Jæren, sette Erling Skjalgsson etter han med ein her. Olav let segli siga so smaatt, og daa han kom attum eit nes, laga han seg til strid. Daa Erling saag, at segli minka, siglde han ifraa dei andre og vardest ikkje til, fyrr han møtte Olav. Mennerne hans fall, og daa spurde Olav: «Vil du tena meg, Erling?» «Det vil eg,» sa Erling og tok hjelmen av seg og la sverd og skjold ned. Olav rispa han i kinne med øksi og sa: «Me skal merka kongesvikaren.» Med same sprang ein av kongsmennerne fram og kløyvde hovude hans Erling. Daa sa Olav: «No hogg du Norig av henderne mine». Erling var ein av dei gjævaste menner i Norig og kunde truleg hava hjelpt Olav til rike att; men no var det raadlaust. Erlingssønerne samla ein her og vilde hemna far sin, og Haakon jarl kom fraa Trondheim med ein her. Paa Sunnmøre laut han leggja i land, og med nokre faa trufaste menner tok han landvegen til Sverike. Sidan drog han til kong Jarisleiv i Russland, og der vart han godt motteken.

Olav Haraldson døyr. I ulukka vende Olav seg til Gud. Stundom tenkte han paa aa leggja ned kongedøme og gaa i kloster; men han hadde ikkje vore eit aar i Russland, fyrr han fekk spyrja, at Haakon jarl hadde gjenge til paa sjøen, og daa tok han paa heimvegen og vilde vinna att rike sitt. Magnus, son sin, let han vera att hjaa Jarisleiv. Den svenske kongen hjelpte han med mannskap, og fraa Norig kom yver 700 mann og vilde hjelpe han. Den gjævaste av dei var Harald Sigurdson, halvbror hans. Han var berre 15 aar, men stor og sterk som ein fullvaksen. Fraa Jemtland drog Olav yver Kjølen med 4000 mann. Men i Verdalen sende han ifraa seg 700 mann, som ikkje vilde lata seg kristna, endaa han fekk spyrja at lendmennerne kom med ein stor her imot han, for han sette større lit til Gud en til folketale. Um natti laag mennerne hans ute med skjoldarne yver seg. Kongen vakte og bad til Gud. Mot morgonen fekk han ein liten blund; men han vakna, daa dagen rann. So bad han Tormod Kolbrunarskald syngja eit kvæde. Tormod song, so heile heren vakna. Dei takka for songen, og kongen gav han ein god gullring.

Olav førde heren ut etter dalen til Stiklestad. Der møtte dei bondeheren. Tore Hund gjekk framfyre merke og ropte:

«Fram, fram, bondemenn!» Men so ropte kongsmennerne: «Fram, fram, kristmenn, krossmenn, kongsmenn!» og sette so hardt paa, at bondeheren bogna. Olav sjølv gjekk langt fram og stridde manneleg. Bønderne vart rædde, berre dei saag han i augo, og mange vilde fly; men lendmennerne heldt dei att og eggja dei til motstand. Olav vart hoggen med ei øks i vinstre foten ovanfyrr knee, og daa studde han seg mot ein stein og bad Gud um hjelp. Sidan stakk Tore Hund til han med eit spjut. Stikke gjekk upp under brynja og inn i magen. Sistpaa fekk han eit hogg i halsen, og av desse tri saari let han live (1030). Daa var han 35 aar gamall.

Olav vert helgen. Torgils paa Stiklestad og son hans tok like til Olav Haraldson og gjøymde det. So gjorde dei tvo likkistor. I den eine la dei like og i den andre halm og stein, so baae vart like tunge. Kista med like i sette dei under tiljorne i ein stor baat, og den andre ovanpaa. So fekk dei med seg nokre vener og rodde til Nidaros, og sa dei var komne med kongelike. Den danske bispen Sigurd var daa i byen, og han unte ikkje Olav kristen jord. Han sende nokre menn ned til bryggja. Dei tok kista med halm og stein og søkte henne ned i fjorden. Men um natti grov Torgils den rette likkista ned i sandbakken attmed elvi.

Lendmennerne hadde stridt, for dei vilde faa meir magt; men dei vart stygt narra. Knut sette Svein, son sin, til konge yver Norig. Svein var ung og let difyr Alfiva, mor si, og danske menn raa. Dei la paa svære skattar og vilde trælbinda dei frie norske bønderne med strenge lover. Daa trega folk paa at dei hadde sviike kong Olav, og tala um underlege hendingar med han og like hans, og Einar Tambeskjelvar og bispen Grimkjel tok folk med seg og gjekk til gravi hans. Det var lite jord paa kista, og alle sa ho hadde skote seg upp. So grov dei henne ned med kyrkja; men um natti kom ho upp att. Daa dei tok loke av, var andlite raudt og fagert, som daa kongen levde, endaa han hadde lege eit aar i gravi. Dei som hadde vore med han, daa han fall, sa at haar og negler hadde vakse. Alfiva vilde tru at Olav var heilag, i fall haare ikkje brann. ¶ Daa tok Grimkjel eld og røykels i eit fat og velsigna det, og so la han haare paa elden. Det brann ikkje, og so dømde baade han og bønderne at Olav var ein helgen. Svein laut ogso godkjenna dette.

Daa vilde hovdingarne gjera godt att det dei hadde forbrote seg mot kong Olav. Einar Tambeskjelvar og Kalv Arneson drog til Russland etter Magnus, son hans, og han vart daa

teken til konge yver heile lande. Svein laut fly til Danmark, og straks etter døydde baade han og far hans. Dei norske lendmennene bøygde seg for eit norskt kongedøme og slo aldri meir lag med framande kongar.

Dette vart ogso til siger for kristendomen. Olav vart Norigs landshelgen. Like hans vart lagt i eit sylvskrin og sett paa altare i kyrkja. Mange sjuke sa dei fekk helsa att, naar dei rørde ved det. Fraa alle kantar strøymde pilegrimar til Nidaros. Olsokdagen den 29de juli vart ein heilagdag til minne um kong Olav. Daa bar prestarne sylvskrine ikring i byen og sette det so ei stund paa kyrkjegarden, so pilegrimarne skulde faa koma til det.

III. Norig i velmagt 1035—1130.

Magnus den gode (1035—47) var 11 aar, daa han vart konge. I fyrstningi styrde Kalv Arneson og Einar Tambeskjelvar mest for han; men fleire ymta um at Kalv hadde gjeve Olav banehogg, og i eit gjestebod paa Haug i Verdalen tok kongen han med til Stiklestad og spurde: «Kvar fall no far min?» Kalv peikte med spjutskaft og svara: «Der laag han.» Kvar var du daa, Kalv?» spurde kongen. «Her eg no stend,» svara Kalv. Kongen vart raud som blod og sa: «Daa kunde øksi di naa han.» «Mi øks naadde han ikkje,» sa Kalv og steig paa hesten og reid heim til garden sin. Um natti siglde han av stad og før til Orknøyarne. Magnus var hard mot dei som hadde stridt mot far hans. Men so kvad Sigvat skald ei visa. I den raadde han kongen fraa aa taka hemn. Etter den dag vart kongen mild og blid mot alle; difyr kalla dei han «den gode».

Kong Hardeknut i Danmark vilde hava Norig etter bror sin; men hovdingarne fraa baae land fekk dei unge kongarne til aa halda fred med kvarandre og hava kvar sitt rike; men døydde den eine sonlaus, skulde den andre hava lande hans. Eit par aar etter drakk Hardeknut seg i hel. Han hadde ingen son, og Magnus vart no ogso konge i Danmark. Til jarl sette han Svein Ulvsson, systerson til Knut den megtige. Svein var tru- laus og tok kongenamn; men daa Magnus kom til Danmark med ein norsk her, flydde han. Men so kom vendarne sunnanfraa med ein her. Dei hadde 6 gonger so mange folk som Magnus. Paa Lyrskogshei i Slesvig laga Magnus seg til aa møta dei. Natti framfyre song han bøner. Mot dag sovna han og drøymde

at far hans kom til han og sa: «Gakk møt fienden, naar du høyrer luren min. Eg skal hjelpe». Daa det ljøsna, vakna han og sa draumen. Med same høyrde dei ein ljom i lufti. Dei som hadde vore i Nidaros, sa det var klangen av kyrkje-klokka hans Olav. Daa let Magnus dei blaasa til slag. Heile heren sprang upp og sette so hardt paa vendarne, at 15 000 fall, og resten flydde; men Magnus miste faa folk.

Magnus maatte titt halda seg i Danmark til aa verja lande. Naar han sende heren fraa seg og sat med liten styrke, kom Svein imot han med sine menner; men Magnus vann støtt, um han hadde færre folk, og dreiv Svein ut or lande. Men nettupp daa han kjende seg trygg i baee land, kom farbror hans med krav paa kongedøme i Norig.

Harald Sigurdson daa han var gut. Daa Olav den heilage ein gong var i gjestebod hjaa mor si, leidde ho fram dei sønerne ho hadde med Sigurd Syr, og synte kongen dei. Olav sette Gutorm paa det eine knee og Halvdan paa det andre og saag kvast paa dei, og daa vart dei rædde. So tok han Harald, som berre var 3 aar, og saag morskt paa han; men han saag beint i augo paa kongen att. Kongen lugga han; men daa tok han kongen i skjegge og rykte. Daa sa kongen: «Du vert hemnfus, bror.»

Dagen etter leikte gutarne attmed ei tjørn. Dei tvo eldste hadde gjort seg gardar og hadde mange naut og sauer; men Harald kasta mange tresponer ut paa ei vik. Olav spurde, kva det skulde vera. Harald svara: «Det er herskipi mine.» Daa lo kongen og sa: «Det kan gjerne vera at du fær raa for skip.» Olav spurde Gutorm: «Kva vilde du hava mest av?» «Aakrar,» svara Gutorm. «Kor store aakrar vilde du hava?» spurde Olav. «Eg vilde at heile dette nese ut i vatne her skulde vera tilsaatt,» sa guten. Paa nese stod 10 gardar. «Kva vilde so du, Halvdan, hava mest av?» spurde Olav. «Kyr,» svara Halvdan. «Kor mange vilde du hava?» spurde kongen. «So mange som kunde staa og drikka rundt um dette vatne,» svara guten. «De likjest far dykkar,» sa kongen, og spurde Harald, kva han vilde hava mest av. «Drengjer,» svara Harald. «Kor mange vilde du hava?» spurde Olav. «So mange at dei i eit einaste maal kunde eta upp alle kyrne hans Halvdan. Olav lo og sa til Aasta: «Her fostrar du ein konge, mor.»

Tvo kongar jamsides. Etter slage paa Stiklestad for Harald til Russland og so til Myklegard (Konstantinopel). Der vart han hovding for væringarne, som var fraa nordlandi og

gjorde hertenest hjaa keisaren. Han gjorde mange storverk i Litleasia, Syria, Afrika og paa Sicilia og vann mykje herfang. Daa han kom heim att, vilde han plent vera konge, og etter samraad med dei klokaste hovdingarne tykte Magnus den gode, at det var likare aa byta kongemagti og innkomorne i Norig med farbror sin en aa strida mot han; men so skulde Harald gjeva Magnus helvti av gulle sitt. Harald breidde ei stor oksehud paa golve, og mennerne hans kom inn med mange store skinnposar fulle av gull. So tømde dei gulle paa hudi. Ingen i Norig hadde set so mykje gull paa ein stad. No vart gulle skift millom kongarne.

Etter den dag var det titt meir en ein konge i Norig. Alle kongssøner hadde rett til kongedøme. Kongarne kunde ikkje alltid semjast; difyr vart det uro og strid. Magnus og Harald kom helder ikkje vel yvereins; men Magnus døydde alt aare etter. Mange sakna svært denne gode kongen. Fyrr han døydde, gav han Svein Danmark.

Harald Sigurdson (1046—66) fekk no Norig aaleine. Han var yver 7 fot høg, sterk og fager og meir vaapnfør en andre. Han var ein klok og kraftig styrar og ein god skald, men han var ogso hard og streng; difyr kalla dei han Hardraade. Han vilde ogso hava Danmark etter Magnus; men danskarne tok Svein til konge, og Harald herja lande fleire aar og vann mykje herfang. Ein gong var han med skipi sine ved Lesøy. Daa kom Svein med ei stor yvermagt. Dei norske skip var tungt ladde med herfang; men dei danske var lette og hala inn paa dei. Daa kasta Harald ut lause bord og tome tunnor, og ovanpaa dei la han danske fangar. Svein stansa og berga dei, og daa kom nordmennerne so langt unda, at danskarne laut snu. Sidan vart det avtala at kongarne skulde halda eit hovudslag ved Nisaa. Harald kom til fastsett tid med den norske heren; men Svein møtte ikkje. So sende Harald heim at leidingsheren; men daa kom Svein, og no hadde han dubbelt so mange skip som Harald. Likevel vann Harald, og Svein hadde so nær sett live til. Men Harald fekk ikkje Danmark for det.

Harald la grunnen til byen Oslo. Han budde titt der, daa han vilde binda Viki fastare til dei andre landsluterne og halda augo med Danmark. Ved kongsgarden bygde han ei kyrkja, og paa altare sette han skrine til den heilage Hallvard.

Einar Tambeskjelvar hadde lenge vore den gjævaste hovdingen i Trondheim. Han kjende vel til loverne, og naar Harald ikkje alltid retta seg etter dei, stod Einar fram paa tingi

og tala imot han. Dei vart uvener. So var det ein gong kongen vilde avliva ein mann som hadde stole. Denne mannen hadde fyrr tent hjaa Einar, og han hadde likt han godt. No væpna Einar mennerne sine og sette mannen paa frifot. Kongen vilde ikkje finna seg i slikt; men so la folk seg imillom og vilde forlika dei. Det vart fastsett at dei skulde møtast paa kongsgarden i Nidaros. Kongen gjekk inn i tingstova med nokre faa menner og slo att spjelde for ljoren. Einar let son sin staa utanfyre døri med mannskape. Daa han kom inn, tok mennerne paa han. Nokre hogg, og nokre stakk. Daa sa Einar: «Dei bit kvast, kongehundarne.» Son hans hørde dette og sprang inn; men dei vart nedhogne baae tvo.

Daa Harald hadde vore konge i 20 aar, raadde engelsmannen Toste jarl han til aa fara til England og taka dette lande. Harald drog i vegen med 240 skip. Han vann eit stort slag og la under seg byen York og lande rundt ikring. Um natti var nordmennerne paa skipi. Dagen etter gjekk Harald i land med noko av heren og vilde setja inn styrarar. Ingen hadde brynja paa seg, for dei venta ikkje noko motstand; men ved Stanford bru kom den engelske kongen imot dei med ein stor her. Toste gav den raadi, at dei skulde fara til skipi att og sidan slaast med heile heren fullt væpna; men Harald vilde ikkje fly. Han stelte mennerne sine i ein ring med skjold ved skjold. Den fremste radi støytt spjutskafti mot jordi og vende odden mot hestfolki, og den andre snudde oddarne mot hestar og fotfolk. Innanfyр stod bogeskyttarane.

Engelsmennerne reid fram, men kunde ikkje brjota fylkingi. So reid dei fraa att og vilde taka nytt stormlaup. Nordmennerne trudde dei flydde, og braut sjølv ringen og sette etter. Men engelsmennerne kom att, og daa vart slage hardt. Harald Sigurdson flaug fram or fylkingi og hogg med baae hender. Han hogg ned mange, og engelsmennerne tok til aa fly; men so vart han raaka av ein pil i strupen og fall, og flestalle av mennerne hans vart liggjande paa slagmarki.

Olav Kyrre (1066—93) var ein mild og dugleg styrar. Han hadde aldri ufred; difyr kalla dei han Kyrre, det er den rolege. Det var gode aaringar, og folk stod seg godt. Husi vart gildare, fyrst paa kongsgardarne og sidan etter kvart paa andre gardar. Dei fekk seg røykomnar av graastein. Naar dei



Ein røykomn. 3

la i omnen um morgonen, vermde han heile dagen. Framfyre omnen var det ei steinlagd gruva til aa koka paa. Golve var av steinhellor. Det var høgare ved den tverveggen som vende mot inngangsdøri. Ved denne veggen stod ein benk, og midt paa den hadde kongen høgsete sitt. Fraa dette kunde han sjaa ut yver heile stova. Paa ein benk eit stykke fraa veggen sat dei gjævaste hovdingarne, soleis at dei vende andlite mot kongen. Naar dei skulde eta, sette dei, som fyrr, bord framfyre benkjerne. Dei gjævaste hirdmennene gjorde skiftevis tenest ved kongens bord; difyr vart dei kalla skutelsveinar, av skutel, det er bord. Yngre hirdmennene stod med kjertar elder ljøs; difyr vart dei kalla kjertesveinar. Fine klæde av silke og skarlak kom i bruk.

Olav sette inn bispar og prestar og bygde mange kyrkior. Den gildaste var Kristkyrkja i Nidaros. Paa altare der sette han Heilag-Olavs sylvskrin. Kristendomen gjorde folk mildare. Dei heldt ikkje lenger træljar. Det vart slutt med vikingferderne. I staden handla dei meir med utlendingarne; difyr sette mange seg ned i byar. Olav la grunnen til Bergen, som snart vart den største handelsbyen i Norig. Han forbaud umgangslag med drykk og slagsmaal, men fekk i stand samlag elder gilde. Gildebrørarne stod under strenge lover. Dei bygde upp gildeskaalar og heldt lag der. Kvinnor kunde ogso vera med. Prestarne signa desse lagi til æra for Kristus og helgenarne, og saag etter at alt gjekk sømelegt til.

Magnus Berrføtt (1093—1103) var ulik far sin. Titt sa han: «Kongarne skal sjaa meir paa æra en paa eit langt liv». Og størst æra tykte han det var aa vera ein dugande stridsmann. Fyrst la han under seg øyarne ved Skotland. Etter den tid laut jarlen paa Orknøyarne og kongen paa Sudrøyarne svara skatt til den norske kongen yver 150 aar. Daa han var der vest, klædde han seg som ein skotte, med stutt kjole utan buksa; difyr kalla dei han Berrføtt. Sidan gav han seg i strid med kong Inge i Sverike og vilde taka Dalsland, so Gøtaelvi og Venern skulde verta landemerke millom riki. Men dei vart forlikte soleis, at Magnus gifte seg med Margreta, dotter aat Inge, og fekk Dalsland i heimanfylgje.

Sistpaa drog Magnus til Irland med ein her og la eit stykke av lande under seg; men daa han ein dag skulde taka imot ei drift med slagtenaut, som han vilde hava med seg paa heimferdi, tok irarne uventande paa han i ei myr. Nordmennene varde seg manneleg og hogg irarne ned som bufe. Magnus fekk eit saar av eit spjut, som gjekk gjennom laari; men han

braut det av og sa: «Lat os ganga raskt fram, gutar!» Litt etter fekk han eit hogg i halsen, og dette vart banen hans. Daa flydde nordmennerne og gav upp Irland.

Øystein og Sigurd Jorsalafar (1103—30) vart kongar etter Magnus Berrføtt, far deira. Paa den tid stridde dei kristne med tyrkarne og vilde taka Jødeland. Dei som var med i denne striden, sette ein raud kross paa den høgre oksli; difyr vart det kalla krossferder. Mange nordmenner hadde hug til aa gjera ei krossferd, og det vart avgjort, at Øystein skulde styra lande og Sigurd vera hovding for krossfararane. Med 60 skip før han fraa Norig. Daa han kom til Spania og Portugal, hjelpte han dei kristne og slo muhammedanarane, kvar han møtte dei. Paa ei øy gjorde han ende paa ein røvarflokk, som hadde borgi si i eit fjell, og der fekk nordmennerne det meste herfang paa heile ferdi.

I Jerusalem styrde ein kristen konge, som krossfararane hadde sett inn. Han tok imot Sigurd med stas og gjestebod, og syntte han Kristi grav og andre heilage stader. Sigurd hjelpte kongen til aa taka byen Sidon, og so drog han til Konstantinopel. Ved sunde stod folk og bisna paa dei silkestriputte segli som nordmennerne hadde, og keisaren let upp Gullporten for han, og la fint klæde paa vegen alt ifraa porten til den fagre halli der Sigurd skulde bu. Keisaren baud Sigurd 6 skippund gull, elder ein leik som kosta likso mykje. Sigurd valde leiken. Mange av nordmennerne gjekk inn i væringflokken, og Sigurd tok landvegen gjenom Ungarn og Tyskland til Danmark. Den danske kongen gav han eit skip, og med det før han til Norig. Han hadde vore burte i 4 aar, og alle sa at ingen hadde gjort større heidersferd. Sidan vart han kalla jorsalafar, av Jorsal, det er Jerusalem.

Heime styrde Øystein godt. Han gjorde loverne betre og fekk jemtarnene til aa gjeva seg under Norig. Dei hadde stae under den svenske kongen sidan slage ved Svolder. Han bygde kyrkjer og kongsgardar og sette upp fjellstovor paa Dovre, og i Lofoten bygde han rorbuer aat fiskarane. Han var ein folkekjær mann; men han vart ikkje gamall. Sidan Magnus den gode døydde, stod det ikkje ved nokor grav so mange sorgfulle folk som ved Øystein si. Sigurd døydde 1130.

Norig var rikt og megüigt under desse kongarne. I deira tid tok nordmennerne paa Island og i Norig til aa skriva lover og sogor paa norsk. *Soga kjem av aa segja.*

IV. Ufred innanlands i Norig 1130—1240.

Magnus Blinde og Harald Gille (1130—36). Etter Sigurd Jorsalafar vart Magnus, son hans, konge. Han var ven

og velvaksen, men hardhjarta, pengekjær og ein stor drikkar. Mange hovdingar saag seg um etter ein annan konge, og den var lett aa finna. Nokre aar fyrr Sigurd Jorsalafar døydde, kom Harald Gille fraa Irland og sa han var son til Magnus Berrføtt. Dette fekk han sanna ved det, at han gjekk paa 9 gloande plogjarn i Sems kyrkja ved Tunsberg. Tvo bispar leidde han, og daa han tok foten av det siste jarne, kasta han seg i ei uppreidd seng. Tri dagar etter var det ikkje brandsaar aa sjaa paa han. Slikt kalla dei jarnburd, daa prøva helst gjekk ut paa at dei bar gloande jarn. Det var prestarne som stelte med jarnburden. Ved kunstarne sine raadde dei for, korleis det skulde gaa. Harald vart no godkjend som kongson; men han laut sverja at han ikkje skulde krevja kongedøme, so lenge Sigurd hell Magnus, son hans, levde. Men han braut denne eiden og let seg gjeva kongsnamn, og Magnus laut lata han faa halve rike.

Harald var ukjend i lande og lærde aldri aa tala det norske maale rett. Han dugde ikkje til konge; men hovdingarne likte han, daa han let dei raa. Millom desse kongarne vart det aldri venskap. Magnus samla ein her og dreiv Harald ut av lande; men Harald fekk hjelp fraa Danmark og fanga Magnus i Bergen. Hovdingarne hans stakk augo ut paa Magnus og hogg den eine foten av han. Magnus gjekk inn i klostre paa Nidarholm og vart munk; men Harald hadde ikkje lenge gagn av dette.

Sigurd Slembe vart i ungdomen sett til boki og vigd til dekn (hjelpereprest). Han var stor og sterk og den venaste mannen ein kunde sjaa, og i itrotter gjekk han yver alle jamaldringarne sine. Daa det kom for han, at mor hans sa han var son til Magnus Berrføtt, vart han uroleg og fór fraa land til land. Han gjorde ei pilgrimsferd til Jerusalem, saag dei heilage staderne og lauga seg i Jordan. Sidan drog han til Harald Gille; han raakte han i Bergen og bad han godkjenna brorskapen. Harald tala med venerne sine um dette. Dei var rædde at lendmennerne fekk mindre magt, um Sigurd vart

*) Ætt-tavla.

Magnus Berrføtt

Øystein. Sigurd Jorsalafar.	Harald Gille, Sigurd Slembe.
Magnus Blinde, Kristina, g. m. Erling Skakke.	ættfar til dei seinare
Magnus Erlingson.	kongarne.

konge, og fekk Harald Gille til aa døma han fraa live. So narra dei Sigurd til seg og førde han fraa byen i ei skuta. Tvo mann skulde passa paa han; men han tok ein under kvar arm og kasta seg i sjøen. So symde han i land paa ein odde og gjøymde seg i ei bergskorta. Her laut han halda seg heile natti, so vaat han var; han fraus fælt og tenkte paa hemn. Sidan heldt han seg hjaa venerne sine, og med nokre faa mann braut han seg ei natt inn til Harald Gille og drap han i sengi. Um morgonen lyste han dette, og vilde dei skulde taka han til konge; men alle som ein ropte, at dei aldri vilde tena den som hadde drepe bror sin, og var han ikkje bror til Harald, hadde han ingen rett til rike.

Lendmennerne tok straks sønerne hans Harald til kongar. *Sigurd Munn* var berre 4 aar og *Inge Krokrygg 2*, so lendmennerne no fekk endaa meir magt. Sidan kom *Øystein* fraa Skotland, og han vart ogso teken til konge. Sigurd Slembe tok Magnus Blinde ut av klostre og fekk venerne hans paa si sida; men daa han sidan drog til Orknøyarne etter folk, rauk Magnus i eit slag ved Minne sunnanfyr Mjøsi, og laut fly til Danmark. Dei segjer at kong Inge vart boren med i slage, og at han der vart skadd, so han sidan alltid var krokryggja og halt.

Eit par aar etter kom Sigurd Slembe og Magnus Blinde med ein her av nordmänner og danskar. Lendmennerne møtte dei ved Holmengraa, nær Dynekilen utanfyr Strømstad. Danskarne flydde straks, og no var det for faa att. Alle fall paa skipe hans Magnus. Den blinde kongen laag i ei seng. Reidar hirdmann tok han i fange og vilde bera han til eit anna skip; men eit spjut gjekk igjennom dei baae. Alle roste Reidar, som trutt hadde tent sin herre og konge til siste stund. Sigurd Slembe sprang yver bord, daa skipe hans vart rudt. Under vatne kasta han av seg brynja og kjole og symde med skjold yver seg. Men so vart ein mann teken upp av vatne. Han berga live sitt med det, at han sa kvar Sigurd var. Daa tok dei Sigurd Slembe og pinte han i hel. Dei braut sund armar og bein med hamrar, og slo han med reimar, til hudi gjekk av. So støytte dei sund ryggen hans med ein stokk. Men han gav seg ikkje meir en det var stokk og stein dei slo paa; han tala so roleg som elles og song ei salma og bad, til des han døydde.

Haraldssønerne (1136—61) kunde ikkje semjast, daa dei vart vaksne. Sigurd og Øystein var ustyrlige og vilde setja Inge av. Dei sa han hadde ikkje helsa til aa vera konge. Men Inge fekk dei meste lendmennerne paa si sida, for han let dei raa og gav dei mykje. Lendmannen Gregorius Dagsson

fellte Sigurd i Bergen. Øystein brende Bratsberg, garden hans Gregorius, og tok til aa strida mot dei som heldt med Inge; men mennerne hans strauk ifraa han, den eine etter den andre. Sistpaa hadde han berre ein mann med seg og gjøymde seg i ein skog. Daa dei fann han, bad han um aa faa lya messa, og det fekk han. So la han seg aa gruve, retta ut henderne og bad dei hogga han paa kross millom akslerne. Dei gjorde so og tykte han bar seg mannsleg. Like vart gravlagt i Fors kyrkja (i Baahuslen). Etter segni spratt Øysteinskjelda upp paa den staden blode hans rann ut, og mange hev sagt at dei hev fenge helsebot av vatne i denne kjelda.

Mennerne hans tok Haakon Herdebreid, son hans Sigurd Munn, til konge. Paa ei aa heiter Befja*) hogg dei holor i isen og moka snø yver, daa dei venta Gregorius Dagsson med ein bondeher. Daa Gregorius kom, tykte han isen var utrygg, og vilde dei skulde gaa lenger upp til ei bru; men daa sa fleire: «I dag er Gregorius rædd». Gregorius svara: «Torer de berre koma etter, so gjeng eg fyre». So gjekk han ut paa isen og datt ned i eit hol. Han stod botnen og kunde kome upp att; men daa skaut ein av mennerne hans Haakon han med ein pil. Daa Inge Krokrygg spurde det, gret han som eit barn og vilde hemna Gregorius; men han fall sjølv i eit slag paa isen ved Oslo.

Kyrkja. Sigurd Jorsalafar fekk folk til aa gjeva kyrkja tiendeparten av det dei avla paa gardarne sine. I kvar bygd skifte dei tiendi likt millom bispen, presten, bygdekyrkja og dei fatige. Ved dette vart presteskape rikt og megtigt. Daa Haraldssønerne styrde, kom kardinal Nikolaus til Norig. Han fastsette at bispen i Nidaros skulde vera erkebisp, og at der

*) Ætt-tavla.

Harald Gille.

Sigurd Munn.

Øystein.

Inge Krokrygg.

Haakon Herdebreid. Sverre Sigurdson. Cecilia, g. m. Baard paa Rein.

Sigurd. Haakon Sverreson. Kristina. Haakon Galen. Inge Baardsson.


Gutorm. Haakon Haakonson.

Haakon den unge. Magnus Lagabøtar. Kristina, g. m. Filip av Kastilia

Eirik Magnusson. Haakon Magnusson den eldre.

*) Befja, no Bäfverå, renn ut i sjøen der Uddevalla no ligg.

skulde staa 10 bispar under han: bisparne i Bergen, Stavanger, Oslo og Hamar, 2 bispar paa Island, 1 paa Grønland, 1 paa Færøyarne, 1 paa Orknøyarne og 1 paa Sudrøyarne. Erkebisp Øystein tok til aa byggja um Kristkyrkja i Nidaros, og etter han heldt fleire erkebispar paa med det arbeide. Dei traut ikkje pengar, for det kom gaavor fraa alle kantar. Trondheims domkyrkja vart difyr den største og fagreste kyrkja i nordlandi.



Trondheims domkyrkja.

Lendmansvelde. Haakon Herdebreid hadde mange av laag æt paa si sida; men dei megtige lendmennerne som hadde fylgt kong Inge, vilde ikkje staa under han, men tok lendmanssonen *Magnus Erlingson* til konge. Magnus var son til Erling Skakke og Kristina, dotter til Sigurd Jorsalafar. Daa han var ein liten gut, skulde far hans styra for han. Erling var ein stor hovding. I ungdomen hadde han gjort ei krossferd, og paa den vart han saara i halsen, so han alltid bar hovude skakt; difyr kalla dei han Skakke. Han vann yver Haakon Herdebreid i slage ved Sekken i Romsdalen og drap han.

Magnus Erlingson (1162—84) hadde ingen rett til kongedøme, daa han ikkje var kongsson. Til aa bøta paa dette fekk Erling den megtige erkebisp Øystein til aa salva og kryna Magnus i Bergen; men so laut han gjeva erkestolen større inntekt, og gaa inn paa at bisparne skulde raa for kven som skulde faa rike, naar ein konge døydde. Erling styrde

med kraft og dugleike; men han var for hard mot uvenene sine og drap alle dei kongssønene som han trudde vilde reisa seg mot han og Magnus; difyr fekk han mange imot seg.

Birkebeinarne var laagætta menn, som vilde kjempa seg upp. Den fyrste kongen deira var Øystein Møyla, son til Øystein Haraldson. Dei hadde lite aa leva av og røva vidt og breitt; difyr fekk dei bønderne imot seg. Tapte dei, tok dei til skogs, og naar dei sleit av seg klæde og sko, batt dei nærer kring føterne. Det var difyr dei vart kalla birkebeinar. Dei tok Nidaros, og paa Øyreting vart Øystein teken til konge; men eit par maanar etter slo kong Magnus dei paa Re ved Tunsberg. Øystein og mange birkebeinar fall, og dei andre flydde; men dei fekk seg snart ein større hovding.

Sverre Sigurdson (1177—1202) vart fostra hjaa bispnen paa Færøyarne og opplærd til prest. Ei natt drøymde han at han var i Norig og vart til ein stor fugl. Nebben naadde sud til landsenden, sterten til Finnmarki og vengjerne tvert yver heile lande. Ein klok mann meinte at dette tydde, at han skulde verta erkebisp, og ein gong spurde Sverre mor si, um det ikkje vilde gleda henne aa sjaa han som prest hell bisp; men ho tok til graaten og sa: «Du er fødd til noko høgare; du er son til kong Sigurd Munn.» Daa sa Sverre: «Er eg fødd til ei krone, so vil eg stræva etter aa naa henne.» Sidan drog han til Norig. Der merkte han at kong Magnus var godt likt, so det knapt let seg gjera aa taka lande. Motiaus før han til Sverike. I Vermeland spurde han at Øystein Møyla var fallen, og snart kom 70 birkebeinar og vilde hava han til hovding. Mange av dei var klædlause og vaapnlause og sume sjuke av saar. Sverre hadde ikkje hug til aa vera hovding for slik ein flokk; men dei nøydde han til det.

Um vaaren etla dei seg til Nidaros. Her venta dei seg mest framgang, for trønderane likte ikkje Erling. Dei torde ikkje taka den beste vegen, men drog gjennom skogar og øyde-markjer i Dalarne og Jemtland. Stundom hadde dei ikkje anna aa eta en bork og save og fjorgamle bær. Likevel auka flokken. Dei var 200 mann, daa dei nærma seg Nidaros, og daa slo dei ein her som var 7 gonger so stor, og tok Heilag-Olavs merke. Med dette drog Sverre inn i byen, og paa Øyreting tok trønderane han til konge.

Men daa Magnus og Erling nærma seg med ein her, tok Sverre yver Dovre og ned Gudbrandsdalen. Ved Mjøsi vilde lendmennerne møta han med ein her. Daa gjorde han ein krok til Randsfjorden. Der fekk han seg skip. Men so samla

der seg herskip imot han. Daa drog birkebeinarne skipi sine paa lunnar 5 mil fraa Randsfjorden til Mjøsi. Paa Hedemarki kom dei uventande yver lendmennerne og slo dei, og no voks flokken. Men daa Magnus og Erling kom til Viki med heren, strauk birkebeinarne yver Filefjell og vilde til Bergen. Paa vestsida av fjelle stod folk ferdige til aa møta dei med odd og egg, og daa dei ikkje kunde faa seg skip, laut dei aust att same lei. Men daa kom det uver og snøfok yver dei paa fjelle. Dei for villt og gjekk fleire dagar utan mat. 30 mann sette live til, og sume sa det var best aa fella kvarandre, so det vart ende paa al møda. Men daa tala Sverre um kor vitlaust dette var, og bad dei venda seg til Gud. Dei lova det, og daa stildest vinden. Soli skjein som um sumaren. Dei fann vegen ned til Hallingdal og vart berga.

Slik flakka Sverre um i 2 aar utan aa vaaga seg i slag med Magnus og Erling. So var det ein kveld Magnus gjorde eit drykkjelag i Nidaros. Ingen stod vakt, for Erling meinte birkebeinarne hadde teke til fjells. Men daa det ljosna um morgonen, nærma dei seg byen. Sverre tala til dei og bad dei ganga hardt paa. Han hadde drøymt um siger, og lova kvar det rome han sjølv rudde seg. Den som felle ein lendmann, skulde verta lendmann, og den som felle ein hirdmann, skulde verta hirdmann. Dette sette mot i dei. Erling og Magnus let blaasa i luren; men mange av mennerne deira laag drukne og var ulaga til strid. Dei møtte birkebeinarne paa Kalvskinne. Mange fall paa baae sidor. Erling fekk banesaar av eit spjut, og Magnus flydde.

No voks styrken hans Sverre, og namne birkebeinar vart eit hedersnamn; men endaa hadde Magnus dei meste paa si sida, og han fekk ogso hjelp fraa Danmark. Likevel vann Sverre yver han, kvar gong dei møttest, for han var ein gløgg herforar, og birkebeinarne var dei beste hermennerne som det hev vore i Norig. Det siste slage millom dei stod i Norefjorden i Sogn. Der kom Magnus uventande yver Sverre og hadde mest dubbelt so mange folk; men birkebeinarne tok fyrst paa dei minste skipi hans Magnus og dreiv mennerne hans upp paa dei største. Fire av desse storskipi vart daa so tungt ladde, at dei sakk. Mange stormenner fraa Viki og vestlande sette live til. Magnus kasta seg i sjøen og bleiv. Daa var han 28 aar.

No la Sverre under seg heile lande. Smaafojk hadde hjelpt han til magti, og no hjelpte han dei upp. Nokre fekk gode gardar. Andre vart rikt gifte. Sume gjorde han til lendmenner og sume til systemenner, det vil segja kongelege embetsmenner,

som millom anna skulde taka imot skattar for kongen. Sverre sette ogso inn lagmenner. Dei skulde tyda loverne for folk og hjelpa dei smaa til rett.

Baglarne. Ufreden tok snart til att, for stormennerne kunde ikkje tola at arbeidsfolk og husmenner kom so høgt upp, og mange smaafolk vilde ogso vinna seg fram liksom birkebeinarne. Flokk paa flokk reiste seg mot Sverre. Hovdingarne deira gav seg ut for kongssøner, anten dei var det elder ei; men Sverre slo den eine etter den andre. Hardast vart striden med preste-skape. Sverre vilde ikkje at erkebispnen skulde hava so stor inntekt og magt som Erling Skakke hadde lova. Daa flydde erkebisp Eirik til Danmark og lyste Sverre i bann, det vil segja lyste han ut or kyrkjesamfunde; men daa han paa same tid vart blind, sa Sverre: «Bannstraala raakte ikkje meg; ho dreiv i augo paa han sjølv. Dei mun i bann vera, som bannsverk gjera.» Pave Innosens 3 bannlyste sidan baade Sverre og dei som heldt med han. Kyrkjorne skulde stengjast og prestarne berre hava lov aa døypa born og skrifta folk som laag paa det siste. Bisp Nikolaus Arneson i Oslo reiste ein flokk, som vart kalla baglarne, av *bagall*, det er bispestav. Han eggja til hard strid, og sa at sverdi til birkebeinarne kunde ikkje bita, for di dei var bannsette; men daa baglarne snart fekk kjenna dei beit, sa han at djevelen var laus og hjelpte Sverre. I Oslo samla baglarne 15 000 bønder; men Sverre dreiv dei fraa kvarandre og slo baglarne gong paa gong. Sistpaa tok han borgi deira ved Tunsberg; men borgmennerne gav seg ikkje, fyrr svult og sjukdom nøydde dei til det. Sverre let daa dei sjuke baglar faa røkt og tilsyn, som det var hans eigne menner.

I Tunsberg vart Sverre sjuk, og so drog han til Bergen. Daa han kjende det vart enden, let han seg bera til høgsete og sa: «Døyr eg her millom venerne mine, so vert eg ikkje sundhoggen for hund og ramn, som Nikolaus ventar. Gud tilgjeve uvenerne mine og dome oss imillom». So døydde Sverre, 51 aar gamall, og vart gravlagd med stor stas i domkyrkja, endaa han vart bannsett. Han var laag av vokster, men førvaksen og sterk. Jamnan aat han berre eit maal um dagen, og aldri drakk han vite ifraa seg. Han var klok og lærd og ein stor talar.

Haakon Sverreson (1202—4) likna far sin i klokskap og lærdom, og daa han forlikte seg med erkebispnen og var ein mild og god konge, gav alt folke seg under han, og lande fekk fred; men han døydde alt nyaarsdag 1204, og daa dei sidan trudde, at ætti hans Sverre var utdøydd, vart

Inge Baardsson (1204—17) konge. Baglarne vilde ikkje

staa under han, og no tok ufreden til att. Ein vinter kom baglarne uventande yver birkebeinarne i Nidaros. Det var i eit brudlaup, og flestalle birkebeinarne gjekk drukne til sengs; men um natti vart dei uppskræmde. Baglarne fór fraa hus til hus og herja. Mange vart drepne, men fleire fekk fly. Inge symde yver Nidelvi halvnaken; men daa han kom yver, var han so trøytt og forfrosen, at han vart liggjande i bakken. Men so tok Reidulv Baardsbror kappa si og sveipte kring han og bar han paa ryggen til ein gard, og daa var han berga. Slik gjekk det nokre aar med herjing paa baae sidor; men so vart dei trøytt og forlikte seg soleis, at baglarkongen Filippus skulde faa Kristina, dotter hans Sverre, til egte og raa for Viki og Upplande, og no vart det slutt med ufreden millom baglar og birkebeinar.

Haakon Haakonson (1217—63) vart fødd paa Folkenborg i Eidsberg, etter at far hans, Haakon Sverreson, var slokna. Inga, mor hans, heldt seg løynd hjaa presten Trond, for ho var rædd baglarne. Aare etter fekk presten med seg Erlend paa Huseby til aa føra mor og barn til Nidaros. Jolaftan kom dei til nokre birkebeinar paa Hamar. Bispen der fekk nysn um det og bad dei til seg. Dei trudde han ikkje, og sa dei kunde ikkje koma fyrr etter jol, for dei var trøytt; men fyrr det vart ljost andre joledagen, kjøyrde dei nordetter isen paa Mjøsi. Fraa nordenden av vatne tok dei yver fjelle til Østerdalen. Paa fjelle vart det snøfok, so dei knapt visste kvar dei var. Um kvelden strauk tvo skilauparar fraa dei andre med barne og skulde finna hus til det. Dei laut taka inn i ei løa. Der kveikte dei upp eld og stelte med kongssonen. Dei hadde inkje anna aa gjeva han en snøvatn. Sidan kom dei andre ogso til denne løa; men daa snøen braana av elden, sa sume at det var betre ute en inne. I Østerdalen tok folk godt imot dei og laante dei hestar. Yver 100 mann flokka seg um kongssonen og førde han upp heile dalen og so ned Gauldalen til Nidaros. Baglarne sende folk etter guten; men dei snudde, daa vere var hardt, og dei spurde at han var komen so langt nord og hadde so mange birkebeinar med seg. Haakon vart no fostra hjaa kong Inge. Dei gamle birkebeinarne var svært glade i han. Stundom tok tvo han imillom seg og tøygde i han og sa: «Me vil gjera deg større; du veks for seint».

Daa han var 13 aar, vart han konge etter Inge Baardsson. Same aare døydde baglarkongen Filippus. Baglarne gav seg under Haakon og slost sida um sida med birkebeinarne og hjelpte dei til aa gjera ende paa andre opprørsflokkar. — Den siste

som reiste seg mot Haakon, var Skule Baardsson, halvbror til kong Inge. Han hadde styrt, daa Haakon var ung, og vilde gjerne verta konge; men paa eit stort riksmøte i Bergen vart dei mechtigaste og visaste menner i lande samde um at Haakon hadde mest rett til kongedøme. Haakon vilde gjerne vera til vens med Skule. Han gav han tridjeparten av lande og gifte seg med dotter hans; men ingen ting hjelpste. Skule tok kongenamn paa Øyreting og vilde leggja heile lande under seg. Paa Romerike slo han ein flokk birkebeinar, og so tok han Oslo; men her møtte Haakon han. I gatorne vart det ein hard strid. Skule flydde og tok til Nidaros. Her kom birkebeinarne yver han ein morgon tidleg. Han vakna, daa han høyrde stormklokka og vilde samla mennerne sine; men dei var rædde og flydde til kyrkjerne. Daa sette Skule yver elvi og gjøymde seg i ein skog. Sidan tok han paa seg ei munkekaapa og gjekk inn i Elgeseter kloster; men birkebeinarne fekk vita det og kringsette klostre. Dei vilde faa han ut; men daa han ikkje kom, sette dei eld paa klostre. Daa gjekk han ut. Han heldt skjold fyre hovude og sa: «Hogg meg ikkje i andlite! det er ikkje skikk aa gjera so med hovdingar». Birkebeinarne hogg ned baade han og dei faa han hadde med seg (1240). Haakon var mild mot dei som hadde vore med Skule; difyr gav dei seg under han, og no vart det fred.

Enden paa ufreden innanlands vart altso den, at arvekongedøme gjekk av med sigeren. Kongarne fekk meir magt; men lendmansvelde fekk ein hard knekk. Folke fylgde ikkje lenger lendmennerne som fyrr, men fekk friare hender og heldt seg meir til kongen.

V. Kongemagti aukar, og folkestyre minkar 1240—1319.

Haakon Haakonson var ein god og klok konge. Han gjorde loverne betre. Kongedøme skulde ikkje kløyvast. Den eldste egtefødde sonen skulde arva rike, naar ein konge døydde. Jarnburden vart avteken. Haakon bygde kyrkjer og kongsgardar. I Bergen sette han upp den gilde kongehall, som no vert uppattbygd. Han var elska og æra av alle. Ogso i utlandi var han kjend. Paven vilde gjera han til romersk keisar; den franske kongen vilde hava han til hovding for ei krossferd, og dotter hans vart gift med ein spansk kongsson.

Island hadde vore ein fristat inn paa 400 aar; men i

det siste hadde stormennerne kjempa med kvarandre um magti. Folke lengta etter fred og gav seg friviljukt under Haakon. Dei skulde leggja skatt til den norske kongen, men hava sine eigne lover. Grønlandingarne gav seg ogso under Norig. Det norske rike gjekk no fraa Gøtaelvi til Grønland og fraa Man til Finnmarki.



Haakonshall.

Daa Haakon hadde vore konge i 46 aar, vilde den skotske kongen leggja under seg Sudrøyarne. Haakon før daa til Skotland med ein stor her og la under seg alle dei øyarne som Magnus Berrføtt hadde raadt for. Um vinteren vilde han halda seg i byen Kyrkjevaag paa Orknøyarne; men der vart han sjuk. Dei las i bibelen og andre gudelege bøker aat han. Sidan let han dei lesa alle kongesogorne alt ifraa Halvdan Svarte. Daa dei hadde lese ut Sverres saga, døydde denne gode kongen, til stor sorg for heile lande.

Snorre Sturlason var fødd paa Island 1178 og rekna seg i ætt med dei norske kongarne. Daa han var liten, miste han far sin; men so tok den rike og lærde Jon Loptsson han til seg og lærde han godt upp. Snorre vart rikt gift og aatte 9 gardar. Den gildaste var Røykjaholt. Her bygde han bade Snorrelaug, som enno er til. Ei tid heldt han seg i Norig. Kong Haakon gjorde han til lendmann, og han lova aa hjelpa kongen til aa leggja Island under Norig. Men det gjorde han ikkje, og daa han i ufreden heldt med Skule, skreiv Haakon til Gissur Torvaldson, at han skulde fanga Snorre og senda han

til Norig elder drepa han. Med 70 mann braut Gissur seg um natti inn paa Røykjaholt. Snorre gjøymde seg i kjellaren; men dei fann han og hogg han i hel. Daa var han 63 aar.

Bøker. Snorre skreiv ei samling norske kongesogor, som er kalla *Heimskringla* (jordkrinsen) etter dei første ord i boki. Desse sogorne gjeng fraa den eldste tid til slage paa Re 1177. Sverres saga var skrivi fyrr, og Sturla Tordsson, brorson til Snorre, skreiv saga til Haakon Haakonson, som er den siste kongen me hev ei heil saga um. Snorre hev ogso skrive ei lærebok i skaldekunst, og den er kalla Den yngre Edda (oldemor.)

Konungs Skuggsjaa (kongespegelen) vart skrivi i Norig. I denne boki talar far og son med kvarandre. Sonen spør, og faren svarar og fortel um land og sjø, og segjer korleis ein kjøpmann skal bera seg aat, og korleis den som vil verta hirdmann skal stella seg. Av dette kan me skyna at fedrarne vaare var upplyste og hadde fin og god folkeskikk.

Magnus Lagabøter (1263—80) let den skotske kongen faa Sudrøyarne mot ei aarlig avgift. Han er kalla Lagabøtar, denne kongen, for di han bøtte paa loverne. Fyrr hadde kvar landsdel havt sin lov; men dei gamle loverne høvde ikkje lenger. Av Frosta- og Gulatingsloven og nye paabod gjorde Magnus difyr ein lov for heile lande, og lagtingi vedtok denne landsloven. I det viktigaste skulde landsloven gjelda æveleg; men kongen og hans «gode menn» skulde etter denne loven gjeva ut mindre viktige rettarbøter som kunde trengjast. Bønderne skynte seg nok mindre paa slikt no, sidan loverne skulde gjelda heile lande, og daa Magnus var ein god konge, liksom far hans, meinte dei kongen greidde slike ting best. Dei sysla berre med gardarne sine og kom meir og meir utanfyr riksstelle, so det vart slutt med det gamle sjølvstyre.

Med det sterkare kongevelde fylgde mykje stas. Lendmennerne vart kalla baronar, og skutelsveinarne riddarar. Desse adelsmennar skulde tena kongen til hest i ufred. Kanslaren skreiv brev for kongen og forseгла dei. Det var for det meste ein prestlærd mann. Drottseten stod fyre bordstelle. Stormennerne hadde fyrr fare til utlandi og drive handel; men no heldt mange seg for gode til det, og smaafolk hadde ikkje pengar til aa driva handel i det store. Magnus laut difyr gjeva Lybek og andre tyske byar rett til aa handla i Norig, og fraa den tid kom handelen meir og meir i henderne paa utlendingar.

Eirik Magnusson (1180—99) var berre 12 aar, daa Magnus Lagabøtar, far hans, døydde. I førstningi styrde baronarne for han. Mor hans var ei dansk kongsdotter; men den

danske kongen vilde ikkje ut med arven hennar; difyr fekk Norig ein lang ufred med Danmark. Dei tyske byarne slo lag med danskarne, for dei vilde have større handelsrett i Norig. Alv Erlingson til Tornberg paa Ringerike herja i Danmark og tok fleire danske og tyske skip; men so la tyskarane seg med ein stor flote i Øresund og hindra all tilførsla til Norig. Daa laut Eirik forlika seg med dei og gjeva dei større rett en fyrr; men med Danmark heldt ufreden paa, og nordmennerne herja svært. Eirik var sjukleg og vart ikkje gamall.

Haakon Magnusson den eldre (1299—1319), bror hans Eirik, hadde yvertake i striden med Danmark. Den danske kongen laut gaa inn paa fred og gjeva han jordegods og len i Halland i staden for morsarven. Mot dei tyske kjøpmennerne var Haakon streng. Dei maatte leggja toll og skatt og fekk ikkje selja i smaatt. Stormennerne hadde vore harde med bønderne, daa bror hans var konge; men no fastsette Haakon, at det ikkje lenger skulde vera lendmenner i lande, og han hadde strengt tilsyn med systemennerne. Han let helder ikkje presteskape hava mykje magt. All styremagt var no lagt under kongen. Haakon bygde borgerne Akershus, Baahus og Vardøhus. Han hadde ingen son. Ingeborg, dotter hans, vart gift med hertug Erik i Sverike og fekk med han sonen Magnus. Erik og kong Byrge, bror hans, var uvener. Byrge fanga Erik med svik og let han svelta i hel. Dette gjekk Haakon nær til hjarta. Same aare vart han sjuk. Daa han kjende det

Ett-tavla.

Haakon Magnusson den eldre.

Ingeborg, g. m. hertug Erik av Sverike. Agnes, g. m. Havtor Jonsson.

Magnus Erikson. Eufemia, g. m. ein hertug av Meklenborg.

Haakon Magnusson d. yngre, g. m. Margreta.	Henrik av Mek- lenborg, g. m. sy- ster til Margreta.	Albrekt av Mek- lenborg.	Ingeborg, g. m. ein greive av Holstein.
---	--	--------------------------------	---

Olav Haakonson.	Maria, g. m. Vratislav av Pommern.	Gerhard, greive av Holstein.
-----------------	---------------------------------------	---------------------------------

Erik av Pommern.	Katarina, g. m. Johan av Bayern.	Hedvig, g. m. Didrik. greive av Oldenburg.
------------------	-------------------------------------	---

Kristoffer av Bayern.

Kristian I.

vart enden, samla han um seg dei beste mennerne i lande og tok den eiden av dei, at dei aldri skulde lata utlendingar faa styra i Norig. Litt etter døydde han (1319). Paa mánssida var han den siste kongen av Harald Haarfagres ætt.

VI. Norig i samlag med Sverike og Danmark 1319—1537.

Magnus Erikson (1319—55) fekk Norig etter morfar sin, og paa same tid vart han vald til konge i Sverike. Kwart land skulde styrast etter sine egne lover, og kongen skulde vera like lenge i kvart rike. Magnus var snild, men for veik til aa styra tvo land. Titt laut han halda seg i Sverike, og dette var Norig ikkje tent med.

Svære ulukkor kom yver lande. Domkyrkja i Nidaros var mest øydelagd av lauseld, nettupp daa ho stod paa det fagraste. I Gauldalen vart elvi støvda av jordskred, og daa ho braut seg veg att, reiv ho med seg 50 gardar og fleire kyrkjor, og 250 menneskje sette live til.

Svartedauden kom fra Asia og herja heile Europa. I 1349 førde eit kjøpmansskip sotti til Bergen, og paa eit aar før ho yver heile lande og tynte baade folk og fe. Dei som fekk henne, kjende fyrst ein hard styng. Paa kjakarne og andre mjuke stader vart svarte flekkjer og vonde kaunar. So spydde dei blod, til des dei døydde. Minst ein tridjepart av folke strauk med. Sume bygder døydde reint ut. Daa prestar og bispar gjekk umkring og hjelpte dei sjuke, døydde dei meste av dei. Mange av dei gjævaste mennerne vart lagde i gravi.

Det gjekk svært til atters med nordmennerne. Dei før ikkje lenger til sjøs. Handelslage Hansa i Nord-Tyskland førde varor fraa og til lande og reiv til seg handelen. Dei tyske kjøpmennerne sende handelssveinar til alle norske byar. I Bergen hadde dei kantor og mange hus, so Tyskebryggja vart som ein by for seg sjølv. Dei tyske handelssveinarne laut vera ugifte, for at dei ikkje skulde smelta saman med folke. Titt før dei stygt aat, drap folk og reiv ned hus til ved. Kong Magnus gav ut rettarbøter imot dei; men dei brydde seg ikkje um norsk lov og rett. Dei trassa seg fram og gjorde som dei vilde.

Nordmennerne vilde helst hava ein konge for seg sjølv. Magnus laut difyr lata Haakon, son sin, faa Norig. Sidan vart Haakon ogso teken til konge i Sverike; men daa han gifte seg med Margreta, dotter til kong Valdemar i Danmark,

sette svenskarne av baade han og far hans og valde Albrekt av Meklenborg til konge. Magnus fekk berre hava att Vermeland, Dalsland og Vestergötland. Nokre aar etter bleiv han paa Bømmelfjorden, og Haakon fekk daa dei tri svenske landskapi.

Haakon Magnusson den yngre (1355—80) freista aa hjelpa upp handelen i Norig. Han slo lag med den danske kongen og vilde tugta hanseatarne. Men dei hadde store skip med kanonar. Det var fyrste gongen slike vaapn vart brukte mot Norig. Nordmennerne kunde ikkje staa seg imot dei med sine gamaldags vaapn og leidingskip. Hanseatarne herja sjøbygderne alt fraa Gøtaelvi til Bergen. Dei tok alt det dei saag gagn i og brende baade hus og skogar. Sume stader reiv dei ned nye hus og tok timbre med seg. Haakon laut tinga um fred, og daa han seinare var rædd dei skulde setja seg imot, at son hans vart konge i Danmark, let han dei faa den handels-retten dei hadde havt fyrr.

Olav den unge (1380—87) var son til Haakon og Margreta. Han arva Norig etter far sin og vart vald til konge i Danmark etter morfar sin. Soleis kom desse tvo land i hop, og samlage varde yver 400 aar, alt til 1814. Daa Olav berre var eit barn, vart Norig styrt av drottseten og riksråde. I det hadde dei gjævaste mennerne sæte. Sjølv kom han aldri til aa styra, for han døydde, daa han var 17 aar, og med han gjekk ogso denne greini av kongsætti i gravi.

Kongedøme i Norig gjekk i arv liksom gardarne. Kongen heldt dei for var den fyrste odelsmannen; men no var det ikkje so endefram aa segja, kven som hadde retten til rike.

Margreta (1387—89) vart difyr styrande dronning; men daa Norig plent laut hava ein konge, fann det norske riksråde ut, at Erik av Pommern, son til ein tysk hertug, hadde mest rett til kongedøme, for han var av den gamle kongsætti og systerdotterson til Margreta. Han vart teken til konge paa Øyreting; men daa han berre var eit barn, skulde Margreta styra for han. Margreta vart ogso vald til aa styra Danmark. I Sverige gjorde stormennerne mest som dei vilde. Men so drog Albrekt av Meklenborg mange tyskarar inn i lande, for han vilde faa meir magt. Margreta lova dei svenske stormennerne hjelp mot tyskarane, og Sverige skulde faa att Vermeland, Dalsland og Vestergötland, naar dei vilde gjeva henne magti. Daa tok dei henne til «frua og husbond». Dei meinte dei skulde faa raa seg sjølv mest, naar dei ingen konge hadde.

Margreta fekk sidan Erik av Pommern vald til konge baade i Danmark og Sverige, og i Kalmar krynte dei han til

konge yver alle tri riki (1397). Mange norske, svenske og danske stormenner var med i denne høgtidi, og paa eit møte tala nokre av dei um, at dei tri riki alltid skulde hava konge saman og hjelpa kvarandre i ufred. Naar ein konge døydde, skulde ettermannen veljast av utsendingar fraa alle tri land; men kvart rike skulde styrast etter eigne lover. Dei skreiv eit utkast, som vart forseglia av nokre svenskar og danskar; men ingen nordmann sette segle sitt paa det, og det vart aldri riksakt for dei tri riki. Nordmennerne heldt fast ved det gamle arvekongedøme. Dei sette seg ikkje imot, at arvekongen deira vart vald til konge i dei andre tvo landi; men dei batt seg helder ikkje til noko fast samlag.

Margreta raadde for styringi til sin døyand-dag, men styrde ikkje kvart rike etter «eigne lover». Tverimod vilde ho at alle tri riki skulde smelta i hop til eit; difyr sette ho danskar til embætsmenner i Norig og Sverike, og tyskarar i alle tri land. Mest heldt ho seg i Danmark. helst for di det laag nærast Tyskland, som daa var mynsterlande for dei nordiske stormennerne. I Danmark hadde ho ogso mest aa gjera, daa ho tok til aa stridast med dei holsteinske greivarne um Slesvig. Minst kom ho til Norig, og fraa Danmark kunde ho ikkje styra lande vaart paa ein skikkeleg maate.

Erik av Pommern (1389—1442) heldt fram paa same leii. Han sette inn endaa fleire utlenske embætsmenner. Til aa leggja under seg Slesvig skreiv han ut mykje folk fraa alle tri land og la paa svære skattar; men han vann ikkje noko med det, for dei holsteinske greivarne fekk hjelp av hanseatarne. Tyskarane likte ikkje at Erik tok toll av dei skip som gjekk gjenom Øresund. I denne ufreden herja tyske sjørøvarar Bergen tvo gonger og brende det meste av byen.

Dansk lensvæsen vart innført i Norig. I staden for dei gamle systemennerne sette Erik inn lensherrar, og dei hadde futar under seg. Det var mest danskar og tyskarar. Lensherrarne budde jamnan paa ei festning elder ein kongsgard, og hadde for det meste inntekterne av leni mot ei aarleg avgift, og dei pinte daa so mykje dei kunde ut av folk. Ingen heldt styr paa dei. I Rakkestad og Tunsberg len klaga bønderne yver dei svære skattarne som futarne kravde. Dei sa det var betre aa gjeva fraa seg gardarne og fly fraa leni.

I Sverike før dei framande futarne ikkje betre fram. Um ein fut i Dalarne segjer dei, at han spende bønderne for pløgen og kvinnfolki for høylasse, naar dei arbeidde paa garden hans og dei utpinte hestarne ikkje orka lenger. Dalkararne klaga si

naud for kongen; men daa han ikkje brydde seg um det, reiste dei seg. Engelbrekt Engelbrektson var hovdingen deira. Han fekk med seg bønder fraa alle svenske landskap og dreiv utlendingarne ut av lande. Daa dette gjekk so godt, slo fleire adelsmänner seg i lag med han.

Det var ikkje mindre mod og mannskap i dei norske bønderne. Sunnanfjells reiste dei seg med Amund Bolt' til hovding. Dei tok Oslo, og utlendingerne vart viste ut or lande paa alle tingi. Men dei norske adelsmännerne var veike. Lenge hadde det gjenge attende med stormansætterne, og fleire heldt paa aa døy ut. Stormennerne slo seg ikkje til flokken, og det heile døydde ut, daa riksrade skreiv til kongen at han ikkje skulde setja utlendingar til embætsmänner, og ikkje krevja meir skatt en han hadde rett til. — Danskarne klaga ogso yver dei store skattarne og yver alle dei tyskarane kongen drog inn i lande. Daa Erik saag det ikkje let seg gjera aa smelta tri land i hop, som han og Margreta hadde stridt for, miste han hugen til aa styra. Han drog ut av lande med riksskattarne og sette seg ned paa Gotland, og so vart han avsett.

Kristoffer av Bayern (1442—48), systerson til Erik, vart no konge i alle tri land; men han laut taka det paa ein annan maate. Han sette ikkje inn utlenske embætsmänner. I Norig let han kanslaren og riksrade styra, medan han sjølv budde i Kjøpenhamn, som no vart hovudstaden, og med dette styre var lande betre tent.

Oldenborgarne fær Norig. Etter Kristoffer valde danskarne ein tysk greive, Kristian av Oldenburg, til konge, for di han var arving til Holstein og Slesvig, som dei vilde faa under Danmark att. I Sverike hadde fleire stormenner hug til aa verta konge. Av dei vart Karl Knutsson vald. I Norig var det faa stormenner. Fleire av dei største ætterne var no utdøydde, og i sume var danske og tyske adelsmänner inngifte og hadde fenge same retten som innfødde. Mindre megtige ætter hadde vorte til bønder, daa det i lande ikkje lenger var noken konge aa tena. Den megtigste mannen var Sigurd Jonsson av Giske. Han var ætta fraa Agnes, dotter til Haakon Magnusson den eldre, og aatte yver 1000 gardar. Folke vilde hava han til konge; men han vilde helder sitja i ro. Um nokon annan nordmann vart det ikkje tale. Det norske riksrade nytta ikkje tilhøve til aa gjeva Norig eigen konge, so lande kunde reisa seg upp att og staa paa eigne bein. Ein tyskar og ein danske, som hadde sæte i riksrade, vilde plent dei skulde velja den danske kongen. Desse tvo vart sende til Danmark til aa tinga

um fred; men dette gjorde dei paa slik vis, at dei kom att med ein dansk her, og no valde dei riksraadane som var samla i Oslo, Kristian til konge. Erkebispnen Aslak Bolt nøyddest til aa vera med paa dette; men straks etter raadde han folke til aa velja den svenske kongen. Karl vart ogso vald, og Aslak Bolt krynte han i Nidaros; men paa eit møte i Halmstad sveik dei svenske riksraadane han og gav upp Norig paa hans vegner. Paa same tid døydde Aslak Bolt, og danskeflokken fekk yvertake i Norig.

Kristian kom til Nidaros med ein her. Paa morsida var han av den gamle norske kongeætti. Folke sette seg ikkje imot han. Han vart teken til konge og krynt. Straks etter hadde han eit møte med norske og danske riksraadar. I det vart det fastsett at Norig og Danmark alltid skulde have konge i hop. Kvart rike skulde styrast av innfødde menner, og det eine skulde ikkje staa under det andre. Naar ein konge døydde, skulde ettermannen veljast av rigsraader fraa baae landi. Men det norske folke heldt seg likevel til dei gamle norske loverne, og meinte at kongedøme no som fyrr laut gaa i arv like so vel som gardarne, og soleis vart det ogso. Etter Kristian fekk kongarne av ætti hans Norig som odelsmenner, og den oldenborgske kongeætt hadde lande alt til 1814.

Kristian 1 (1415—81) var av dei slags folk som det ikkje stoppar pengar hjaa. Det hjelpte inkje, um han la paa svære skattar. Han laut laana av hanseatarne. Til vederlag gav han dei fribrev til aa handla i Viki med kven dei vilde, baade i smaatt og stort. Daa kjøpmennerne i Oslo jamra for dette, gav han dei fribrev paa den handelsretten dei hadde havt fyrr; men naar so hanseatarne klaga, gav han dei fribrev paa nytt lag, og slik gjekk det med kongebrev mot kongebrev, so det vart ei endelaus røra.

I Bergen hadde hanseatarne allra mest magt. Lensherren der, Olav Nilsson til Tolga, vilde halda styr paa dei og faa dei til aa leggja skatt; men so samla meir en 2000 tyskarar seg med byrsor og kulor og vilde tyna han. Olav hadde faa um seg og flydde til Munkeliv kloster med venerne sine; men tyskarane braut seg inn. Daa stod bisp Torleiv ved altare; ein liten son til Olav heldt armarne kring halsen hans, og bispnen freista aa verja guten med altarbørd; men tyskarane hogg dei ned baade tvo og drap alle som inne var, i alt 60. Olav Nilsson kraup upp i taarne, og daa dei ikkje vaaga seg etter han, sette dei eld paa klostre. Daa laut Olav ned. Han bad um aa faa leva i tri timar og skrifta synderne sine. Det

fekk han; men so slo dei han i hel og hogg han sund. Av kong Kristian fekk dei ingi straff for denne ugjerningi.

Dotter til Kristian var gift med kongen i Skotland, og daa Kristian ikkje hadde pengar til heimanfylgje, sette han Orknøyarne og Hjalmland i pant utan aa spyrja det norske riksråde um det. Dei vart aldri løyste att. Skotske hermener fekk etter kvart tak i gardarne og trælka bønderne; det skotske maale kom meir og meir i bruk, og det norske er no døytt ut der for yver 100 aar sidan.

Kristian fekk ogso Sverike, daa dei svenske stormennerne sette seg upp mot kong Karl og dreiv han vekk; men han miste snart lande att, for han la paa so svære skattar.

Hans (1483—1513) vart konge i alle tri land; men daa han med ein stor her ikkje kunde vinna yver bønderne i Ditmarsken paa vestsida av Holstein, gjorde svenskarne seg frie, og i Norig reiste Knut Alvsson ein flokk. Han tok Akershus; men so kom Henrik Krumedike med ein dansk her. Knut tinga med han um fred og fekk fribrev til aa koma um bord paa skipe hans; men der vart han drepen og like hans kasta i sjøen. Hans sende sidan Kristian, son sin, til Norig og let han styra lande med kongeleg magt. Kristian vilde leggja

Ett-tavla.		Kristian 1.
Hans		Fredrik 1.
Kristian 2		Kristian 3.
		Fredrik 2.
		Kristian 4.
		Fredrik 3.
Kristian 5.		Ulrik Fredrik Gyldenløve, greive av Larvik.
Fredrik 4.		
Kristian 6.		
Fredrik 5.		
Kristian 7.		Arveprins Fredrik.
Fredrik 6.		Kristian Fredrik.

Norig heilt under Danmark. I alle høge embætte sette han danskar. Folk hadde lenge vore misnøgde med danske styre. Bønderne reiste seg fleire stader. Paa Hedemarki drap dei ein dansk fut og jaga ein annan vekk. Men so drog Kristian imot dei med ein her. Bønderne hogg ned tre og la paa baa sidor av vegen eit langt stykke og i enden ein stopel tvert yver. So gjøymde dei seg i skogen og venta aa faa taka Kristian i denne fella. Men han tok ein umveg, og daa bønderne laut kjempa med han paa fri mark, tapte dei etter ein hard strid, og fleire vart fanga. Paa Toten møtte bønderne han paa Kjølvegen; men han vann yver dei og sette mange i fangehol i kjellarane paa Totens prestagard. Bønderne laut ut med bøter, og nokre av forarane deira vart pinte og avliva, og hovudi sette paa stakar utanfyr Akershus. Kristian meinte bisp Karl paa Hamar var hovudmannen for reisingi. Han lokka han difyr til seg og sette han i fengsel. So Reid han til bispegarden med stort fylgje og ropte: «Lat upp for kongen og bispen; svensken er etter oss!» Vakti let upp porten, og Kristian fekk bispegarden i si magt. Bispen tok sengkledi og gjorde til ein togstige, og um natti reiv han upp vindauga og batt stigen fast og hengde han ned. So kraup han ut; men stigen rauk sund, bispen datt og braut beine. Likevel kraup han eit langt stykke og gjøymde seg i eit holt træ. Men dagen etter fann hundarne han. No laut han i fengsle att, og døydde kort etter.

Kristian fekk hollandske kjøpmenner til aa kappast med hanseatarne um handelen, og no laut tyskarane koma med betre varor og gjeva kjøp. Hans vann yver hanseatarne til sjøs, og fraa den tid gjekk det noko med kvart ned med det tyske handelsvelde.

Kristian 2 (1513—24) vart konge i Norig og Danmark etter far sin, og daa han vilde vinna Sverige, la han paa svære skattar, og leigde hermener. Etter fleire harde slag og mykje stræv fekk han endeleg lande og vart krynd i Stokkholm. So var der gjestebod og dans i tri dagar; men etterpaa dømde han fleire svenske stormenner fraa live. 2 bispar, 13 riksraad og mange andre gjæve menner vart halshogne paa Stortorve. Denne ugjerningi kallar dei «det stokkholmske blodbade». Paa heimvegen til Danmark drap Kristian ogso mange stormenner. Med dette tenkte han aa gjera ende paa det svenske stormansvelde; men Gustav Vasa, son til ein av dei halshogne, fekk fyrst Dalarne og sidan heile Sverige til aa reisa seg mot han, og danskarne vart drivne or lande. Svenskarne valde Gustav til konge, og ætti hans raadde sidan lenge for Sverige.

I Danmark freista Kristian aa minka magti til stormennerne og hjelpa upp borgarar og bønder. Riksradaarne i Jylland sa han difyr upp og valde farbror hans til konge. Daa miste Kristian alt mode og flydde til Holland.

Fredrik 1 1524—33) vart ogso teken til konge i Norig; men fyrst laut han gaa inn paa alt det riksrade kravde av han. Soleis lova han at berre innfødde og inngifte gode menner skulde faa len i Norig; men so snart det let seg gjera, gav han likevel dei sterkaste festningarne og dei beste leni til danskar. Daa Kristian 2 sidan kom til Norig att med hjelp fraa Holland, vart han teken til konge i Oslo; men so kom danskarne og lybekarane med ein her imot han. Daa tinga han um fred. Han med var uklok nok til aa lita paa eit fribrev. Han reiste med dei ned til Danmark og vilde tala med farbror sin; men dei sette han i eit fangehol paa Sønderborg. Dei mura att døri og sende maten til han gjenom eit hol. Der sat han i 17 aar. I dei 10 siste leveaari fekk han eit mildare fengsel.

Paa den tid vann den lutherske læra inngang i Danmark, i vissa i dei største byarne. I Norig var Luther lite kjend. Ein tysk munk preika læra hans i Bergen. Borgarane tykte vel um dette; men bønderne heldt seg til den gamle trui.

Strid um kongeval (1533—37). Daa Fredrik 1 døydde, vilde den danske adelen hava son hans, hertug Kristian av Holstein, til konge; men borgarar og bønder vilde hava Kristian 2. til aa fri seg fraa adelsvelde. Dei fekk hjelp av lybekarane, og føraren deira, Kristoffer av Oldenburg, la mest heile Danmark under seg. Men so kom holsteinarane med ein her. Gustav Vasa hjelpte dei. Etter fleire harde slag tok dei lande, og no vart Kristian 3 konge. Borgarane fekk ein hard knekk, og bønderne sokk djupare ned i trældom under adelen.

Nordmennerne blanda seg inkje i ufreden. Den innflutte danske adelsmannen Vinsens Lunge hadde mest aa segja sunnanfjells. Riksradaarne der valde Kristian 3 til konge; men erkebispem Olav Engelbrektsen vilde ikkje godkjenna dette. Han lyste til eit møte i Nidaros. Vinsens møte og kravde skatt for kong Kristian. Trønderane vart harme og slo han i hel. Erkebispem samla ein bondeher og vilde taka festningarne Akershus og Bergenhus fraa dei danske hovdingarne; men daa dette ikkje let seg gjera, tok han den norske kongekruna og mange kostlege ting med seg og drog til Holland, og der døydde han eit par aar etter. Utan motstand gav nordmennerne seg no under Kristian 3.

VII. Norig under dansk konge og riksråd 1537—1660.

Reformasjonen. Kristian 3 (1537—59) hadde høyrte Luther paa riksdagen i Vorms, og paa riksdagen i Kjøbenhavn 1536 fastsette han og den danske adelen, at reformasjonen skulde innførast baade i Danmark og Norig. Dei katolske bisparne vart sette i fengsel, og kongen la under seg bispe- og klostergardarne. Erkebispesæte i Nidaros vart nedlagt. Danske adelsmennene før umkring i dei norske kyrkjerne og røva gull, sylv og andre kostelege ting. Fraa Trondheims domkyrkja tok dei millom anna Heilag-Olavs sylvskrin, som vog 6 500 lodd. I mange kyrkjer var det ikkje ein gong kjerald att til sakramenti. Alt skulde til Danmark, og kongen fekk det meste.

Mindre vart det gjort for den lutherske læra. Dei katolske prestarne fekk lenge sitja i embæti sine, daa det ikkje var lutherske aa faa. Det gjekk ogso seint og ubeint med aa faa lutherske bispar i Norig. Dei katolske bisparne hadde havt prestes skular ved bispesæti sine. Av kyrkjegodse hadde dei løna lærarar og gjeve fri undervisning til dei som vilde læra seg upp til prestar. Dei lutherske bisparne fekk ogso prestes skular i stand; men desse skularne vart mykje mindre, for dei hadde for lite inntekt. Etter kvart som dei katolske prestarne døydde, vart duglause menner mange stader sette til prestar. Desse kunde ikkje vinna folk for den nye læra. Bønderne heldt for det meste fast ved det gamle. Sume meinte dei tente Gud, naar dei dreiv dei nye prestarne vekk elder drap dei. Ein bonde i Telemark drap tri prestar, og son hans bad Gud um aa faa drepa likso mange. Fleire stader var dei utan prestar i lang tidi. Folk gløyndde den gamle læra og lærde ikkje den nye. Dei sokk ned i villskap og raaskap, og det varde mest 100 aar, fyrr den lutherske læra vann rett inngang. I denne myrke tid var det daa nokre som verka for sann opplysning og kristelegt liv. Mest gjorde bispen Jørgen Erikson i Stavanger. Han var fødd i Slesvig og hadde studera i Wittenberg. Titt samla han prestarne fraa bispedøme sitt til møte i Stavanger, og tala med dei um kor naudsynt det var aa leggja av dei katolske skikkarne og retta seg etter evangelie. Han preika for dei i Stavanger domkyrkja til aa læra dei aa tala Guds ord med aand og kraft. 24 av desse preikorne er prenta, og dei er dei beste som finst her i lande fraa det hundraddtale. Medarbeidaren hans,

provsten Peder Klausson i Undal, umsette kongesogorne paa dansk, og dei kom seinare til aa halda ved lag minni um den gamle stortidi.

Danskestyre hadde i lang tid arma Norig ut. Det var ikkje lenger nokon norsk adel til aa halda landsens sjølvstende uppe. Dei lutherske bisparne skulde ingi verdsleg magt hava. Dei kunde ikkje vera med i noko riksråd som dei katolske. Lande vart difyr hovdinglaust. Paa riksdagen i Kjøbenhavn 1536 lova Kristian 3 den danske adelen, at Norig ikkje lenger skulde vera eit eige rike, men styrast som eit danskt landskap. Nordmennerne fekk ikkje vita dette fyrr 100 aar etter. Dei fann seg roleg i at det norske riksråde vart nedlagt. Dette hadde lenge havt liten vyrnad. Lande vart likevel rekna for eit eige rike som fyrr, og folke fekk hava sine gamle lover; men danske adelsmennere fekk alle leni, og no vilde dei ogso taka gardarne fraa dei norske bønderne og trykkja dei ned i trældom, som dei hadde gjort med dei danske.

Men her stoppa det upp for dei. Det var mange odelsbønder i Norig, og endaa til leiglendingarne sat som frie mennere paa gardarne, naar dei svara den avgift loven fastsette. Denne gamle bondefridomen skynte dei seg paa og vilde verja. Naar no dei danske embætsmennere forgreip seg mot loverne, klaga bønderne, og hjelpte ikkje dette, reiste dei seg. Enno hadde kvar vaksen kar vaapn. Sverd og spjut, øksar og pilar var vel for gamaldags i krig, men gode nok i striden mot gridske futar. Det var livsfaarlegt aa gjeva seg i kast med dei norske bonden; difyr vaaga ikkje mange aa gjera det. Titt tok ogso kongarne seg av bønderne og refste strengt dei adelege bondeflaaarar. Dei norske bønderne var dei friaste i heile Europa, endaa dei ikkje hadde nokor politisk magt.

Bokmaale gjekk det verre med. Etter kvart som dei høgare norske adelsmennere døydde ut, og dei laagare vart til bønder, minka det med bokskrivingi paa norsk, til des det vart reint slutt. Dei danske adelsmennere som tok arven etter dei norske, brukte dansk baade i tale og skrift. Ved reformasjonen kom det danske maale inn i skule og kyrkja. Danskarne reformera Norig paa dansk vis. Mest alle bisparne var danskar, og snart fekk Norig dei meste prestarne fraa Danmark. Alle brukte den danske bibelen og den danske katekisma. Bokmaale vart difyr dansk. Men nordmennere skynte seg lite paa det. Dei brukte det norske maale og var norske i sinn og skinn.

Islendingarne vart ogso nøydde til aa taka den lutherske læra; men dei islandske prestarne brukte morsmaale sitt, og difyr vart det betre med opplysningi der en i Norig.

Hanseatarne miste i reformasjonstidi magti paa sjøen. Lensherren Kristoffer Valkendorf kunde difyr segja til tyskarane i Bergen, at dei skulde lyda dei norske loverne elder pakka seg. Dei vilde setja seg imot dette; men daa sette han upp kanonar og truga med aa skjota ned heile Tyskebryggja. Det hjelpte. Nokre fór til Tyskland, og nokre svor kongen truskap. Dei laut svara skatt som andre, og det vart snart slutt med handelsvelde deira. Norske kjøpmenner kom seg upp og drog til seg handelen med Nordland. Bønderne fekk selja trelast til hollendarane. Mange nordmenner tok hyra paa hollandske skip og lærde seg upp til dugande sjømenner, og um ikkje lang tid kunde nordmennerne med sine eigne skip føra inn og ut det som trengdest. Nettupp daa Norig i reformasjonstidi hadde sokke djupast ned, vart det utsyn til betre tider; men framgangen var i lang tid liten, og titt vart han hindra av øydeleggjande krig.

Sjuarskrigen. Fredrik 2 (1559—88) vilde leggja Sverike under seg. Danskarne kunde ikkje gløyma at dei ei tid hadde havt dette lande, og den svenske kongen Erik 14 meinte at nordmennerne helder vilde hava samlag med Sverike. Til sjøs gjekk det gale med danskarne; men til lands hadde dei yvertake. I Norig var det korkje her elder flote, og mange stader negta bønderne aa verja lande. Ein svensk her med fransmannen Kollart til hovding drog mot Trondheim. Trønderane tok Erik til konge, daa mange gjæva menner var misnøgde med danskestyre. Men so la Kollart paa svære skattar og let mennerne sine herja. Dei fór agelaust aat. Trondheims domkyrkja brukte dei til stall. Daa vilde trønderane gjerne faa dei vekk att. I Bergen samla lensherren bønder og bymenner og sende tri skip til hjelp. Kollart laut stengja seg inne paa Steinviksholms festning; men der var for lite vatn. Daa han hadde brukt sjøvatn ei vika, gav han seg:

Sunnanfjells herja svenskarne endaa verre. Hamar domkyrkja vart oppbrend. I Oslo sette borgarane sjølveld paa husi sine, so svenskarne ikkje skulde faa halda til der. Svenskarne kringsette Akershus; men so kom det hjelp fraa Bergen, og daa vart dei drivne ut or lande. Sidan vart Sarpsborg brend. Svenskarne fór aat som røvarar. Dei drap tilmed kvinnfolk og born. Ufreden varde i 7 aar. Daa vart det fred. Fredrik laut gjeva upp krave paa Sverike. I staden for Sarpsborg let han byggja Fredrikstad.

Kristian 4 (1588—1648) gjorde meir for Norig en nokon annan av dei oldenborgske kongarne. Dei meste gjesta lande berre ein einaste gong, og tvo av dei kom aldri her upp; men

Kristian 4 var her minst 25 gonger. Gjerne saag han innum til bønderne. Ein gong var han i eit bondebrudlaup. Folk fekk betre greia paa den lutherske læra og vart meir opplyste. Sjøfart og handel tok til. Nordmennerne vart dugande sjø-
männer som i gamle dagar. Byarne gjekk fram. Daa Oslo var øydelagt, sa Kristian dei skulde flytja byen lenger mot vest og kalla han Kristiania. Han la ogso grunnen til Kristiansand. Bergverksdrifti kom i godt gjenge. Kongsberg sylvverk og Røros koparverk vart grunnlagde. — Dei danske embætsmännerne vilde ikkje læra seg til aa skyna loven hans Magnus Lagabøter og dømde stundom tvert imot loven. Kristian let daa lovboki umsetja paa dansk, og la til eit og anna som kunde trengjast. Til aa hjelpa lagretta aa døma sette han inn svorne skrivarar («sorenskrivere»). Herredagarne hadde den øvste domarmagt. Der møtte titt kongen, og naar det var godtgjort at lensherrar, futar hell andre embætsmänner hadde fare hardt og uærlegt fram, vart dei dømde til bøter elder avsette.

Kristian fekk ufred med Sverike, for di den svenske kongen vilde hava Finnmarki. Kristian tok Kalmar by og festning; difyr vart det kalla Kalmarkrigen. Men i Norig kalla dei det Skottekrigen, etter ein hjelpeher paa 3—400 mann, som den svenske kongen Gustav Adolf hadde leigt i Skotland. Skotarne tok i land i Romsdalen og møtte inkje motstand, fyrr dei kom til ei bratt li, Kringom, i Gudbrandsdalen. Her samla gudbrandsdølerne seg og laga til ei velta av stökk og stein. Futen og lensmännerne var hovdingarne deira. Daa den tjukkaste flokken av skotarne var paa vegen nedanfyr, let dei velta gaa. Mange vart ihelslegne, og sume bleiv i Logen. Dei andre vart anten nedhogne elder tekne til fangar. Ein av hovdingarne, Georg Sinklar, vart skoten av Berdon Segelstad, som hadde ladt børsa si med ein sylvknapp, daa han meinte at blykulor ikkje kunde bita paa han. — Gustav Adolf gjekk sidan inn paa fred. Han gav upp krave paa Finnmarki, og for ein million riksdalar fekk han att Kalmar. — Sidan fekk Kristian i stand ein her i Norig, og no kunde nordmennerne med kraft verja lande sitt som i gamle dagar.

Men med danskarne gjekk det til atters. Adelen aatte helvti av Danmark, men la ingen skatt. Bønderne var so nedtrykte i armod, at dei inkje dugde til aa verja lande. Til hermänner paa floten brukte kongen mest nordmänner. Kongen hadde liti inntekt av Danmark. Til aa faa pengar la han paa Øresunds-tollen; men med dette fekk han dei sjøfarande folk imot seg.

Den tyske keisaren vilde tvinga protestantarne til aa gaa yver til den katolske kyrkja. Um dette vart det ufred, og den varde so lenge, at dei kalla han trettiaarskrigen. Kristian fór til Tyskland med ein her og vilde hjelpa protestantarne; men han rauk i eit slag og fienden herja heile Jylland. So laut Kristian gaa inn paa fred og lova at han aldri meir skulde blanda seg i striden.

Sidan drog Gustav Adolf til Tyskland med ein svensk her og hjelpte protestantarne. Keisaren hadde den tid færre hermenner. Gustav Adolf vann det eine slage etter det andre, til des han fall. Sidan vann dei svenske hovdingarne siger paa siger, so Sverige vart ei stormagt. Kristian vart rædd den megtige grannen og tok til aa tinga med fiendarne hans. Men daa vende svenskarne seg mot Danmark. Hollendarane hjelpte dei, for dei vilde sleppa Øresunds-tollen. Kristian kunde ikkje staa seg mot desse fiendarne, og adelen gjorde ingen ting til aa verja lande. Adelen vilde at kongen skulde lata svenskarne faa noko av Norig, endaa nordmennerne verja lande sitt godt under stathaldaren Hannibal Schested (Hannibals-ufreden) og endatil gjorde innfall i Sverige. Ved Brømsebru vart dei forlikte um fred. Sverige fekk Jemtland og Herjedalen av Norig, og Gotland av Danmark. Dette gjekk Kristian nær til hjarta. Tri aar etter døydde han.

Fredrik 3 (1648—70) meinte det var paa tid aa vinna att dei tapte landskap, daa den svenske kongen Karl Gustav hadde ufred med Polen. Han tok difyr paa med ufred. I denne tok nordmennerne att Jemtland, og sunnantjells slo dei fleire gonger svenskarne og gjorde innfall i Sverige. Men i Danmark gjekk det gale. Karl Gustav kom farande med ein her fraa Polen og slo danskarne, kvar han møtte dei. Fyrst tok han Jylland, og so gjekk han yver isen til øyarne og nærma seg Kjøbenhavn. I Roskilde laut Fredrik gaa inn paa fred og lata han faa Baahuslen og Trondheims bispedøme av Norig, og Skaane, Halland, Blekinge og Bornholm av Danmark.

Eit halvt aar etter braut Karl Gustav freden og vilde taka baade Danmark og Norig. Med ein her tok han til Kjøbenhavn. Fredrik vilde vinna hell døy i reire sitt, og mode hans sette liv i folk. Menner, kvinner og born stræva og sette murarne i stand, og daa svenskarne vilde taka byen, vart dei drivne attende. Sidan kom det hjelp fraa fleire magter, som ikkje vilde at svenskarne skulde faa baae sidor av Øresund for skuld toll. Svenskarne leid svære tap og drog seg ut or lande.

Nordmennerne tenkte fyrst og fremst paa aa vinna att

Trondheims bispedøme. Gudbrandsdøler og vestlendingar gjekk friviljug inn i heren og drog mot Trondheim. Høge og laage skaut saman til vaapn og mat. Trondheim vart kringsett. Den djerve svenske landshovdingen laut gjeva seg mot at han fekk fri utmars, endaa han hadde sagt, at han fyrr skulde koka supa paa skinnbroki si en yvergjeva byen. Nokre kompani fylgde svenskarne upp Gauldalen mot grensa. Soldatarne vilde hogga dei ned; men offiserarne hindra det.

Ved Halden var det ogso strid. Daa svenkarne drog mot byen, lokka presten i Idd dei til aa vera paa Iddesletta um natti. «Det er tidsnok aa taka denne verjelause byen i morgon», sa han. Men um natti sette bymänner og bønder upp ein skanse av stein og la 3 kanonar paa den. Dei gjorde seg former av murstein og støypte kulor. Fraa Fredrikstad kom nokre kompani til hjelp. Dagen etter tok dei so kvast imot svenskarne, at dei laut venda attende til Sverige. Paa heimvegen brende dei Idds prestegard, daa dei vilde hemna seg paa presten. Aare etter kom dei att med ein større her; men daa dei vilde yver brui paa Tista, vart dei nedskotne, etter kvart dei kom, so dei andre gongen laut heim att. Tridje gongen kom dei med ein her paa 6000 mann og kringsette byen i 6 vikor; men dei fekk so hard motstand at dei miste helvti av heren, og daa dei spurde at kongen deira var slokna, drog dei seg ut or lande. Daa Halden hadde verja seg so manneleg, fekk han kjøpstadsrett og vart kalla Fredrikshald, og paa eit fjell tett med byen vart festningi Fredriksten bygd. — I freden til Kjøbenhavn fekk Norig att Trondheims bispedøme og Danmark Bornholm.

VIII. Norig under dansk-norske einevalds-kongar 1660—1814.

Einevelde vert innført 1660. Etter ulreden stod det ille til, helst i Danmark. Kassa var tom, so heren og embætsmännerne ikkje kunde faa løni si. Til aa faa pengar kalla Fredrik saman ein riksdag i Kjøbenhavn. Adelen, som sat inne med pengemagti, heldt seg til valbreve og vilde ikkje leggja skatt; men presteskafe og borgarane fastsette at valbreve ikkje skulde gjelda lenger, og at Danmark skulde gjerast um til eit arverike. Adelsmännerne sette seg imot og vilde fly; men folk var harme paa dei, for di dei hadde gjort so lite til aa verja lande. Portarne vart stengde, og vaktmänner

passa paa at dei ikkje skulde sleppa ut or byen. Dei vart noyddde til aa gjeva fraa seg valretten.

No venta borgarane at kongen skulde innføra ein fri riksskipnad; men han tok tvertimot fullt einevelde, og dette sette folk seg ikkje imot. Sidan let han Peter Schumacher skriva ein grunnlov; men denne fekk folke ikkje sjaa fyr lenge etter. Han skulde berre vera for kongen og vart difyr kalla kongeloven. Etter denne stod kongen yver alle menneskjelege lover og hadde ingen annan domar yver seg en Gud. Det vart berre lagt paa han at han skulde høyra til den lutherske kyrkja, bu i rike og ikkje byta sund landi sine. — Riksråde vart nedlagt, og til aa hjelpa kongen med styringi vart det skipa 5 regjerings-departement med adelege og borgarlege embætsmenn. Leni vart til amt, og i staden for lensherrar vart det innsett amtmenn med fast løn. Ved dette fekk kongen mest 5 gonger so stor inntekt; men det vart til stort tap for adelsmennene, og daa dei ogso laut ut med skatt, gjekk det ned med dei.

Kongen raadde no like mykje i baee landi, og ved dette kom Norig meir jamsides med Danmark. Det var 7 einvalds-kongar som hadde baade Norig og Danmark ikring 150 aar. Men alle maa reknast for halve elder heile tyskarar, daa dei allra mest brukte det tyske maale. Det kunde difyr ikkje falla dei inn aa setja danskarne yver nordmennene; men dei vilde gjera like mykje for baee folk og stræva med aa smelta dei i hop til eitt. Men daa dei drog iantekterne av Norig ned til Danmark, der dei budde, vart Norig likevel sett til sides. Ein stor lut av skattarne vart brukt til byggjing av svære slott og til sus og dus paa kongsgarden.

Kristian 5 (1670—99) var rædd at adelen skulde koma til magti att; difyr la han grunnen til ein ny adel av greivar og baronar. Det var for det meste innflutte tyskarar. Denne tyske adelen trengde no den danske unda, liksom den danske hadde gjort med den norske. I Norig vart det skipa tvo greivskap, Larvik aat stathaldaren Gyldenløve, halvbror til kongen, og Tunsberg aat Schumacher, som no fekk adelsrett og vart kalla Griffenfeld.

Griffenfeld var son til ein vinhandlar i Kjøbenhavn, men steig baade fort og høgt upp, for di han var ein framifraa hæv statsmann. Han fekk den største magti i landsstyre; men so vart han kaut av lukka si og fekk baade kongen og flestalle av stormennene imot seg, og sistpaa dømde dei han fraa live; men daa han skulde halshoggast, kom det eit bod fraa kongen og ropte: «Naade!» No skulde han sitja i fengsel paa livstid.

Fyrst sat han 4 aar i Kjøbenhavn og so 18 aar paa Munkholmen ved Trondheim. Daa slapp han ut, og aare etter døydde han. Tyskaren Wedel kjøpte Tunsberg greivskap, og det vart sidan kalla Jarlsberg.

Daa Kristian styrde, kom det ut ei norsk lovbok, som var svært lik den danske. Løven hans Magnus Lagabøtar vart sett ut av kraft; men odelsretten vart standande. Lagretta skulde ikkje lenger døma, men skriparane vart domarar. Gudstenesta vart skipa likt i baae land, og salmediktaren Kingo gav ut ei kyrkjesalmebok. Etter ein brand flutte dei bispesæte fraa Stavanger til Kristiansand.

Heren og floten var i god stand, so Kristian meinte han kunde vinna att dei landskapi svenskarne hadde teke. Kristian heldt difyr ufred med Sverike. I Norig vart denne ufreden kalla Gyldenløvefeiden etter stathaldaren. Nordmennerne tok Jemtland og hadde ogso yvertake i Baahuslen; men danskarne tapte store slag i Skaane (den skaanske krig), og Kristian laut gaa inn paa fred utan aa vinna att noko landskap. Ufreden kosta mange pengar, og daa det vart øydt upp mykje paa kongsgarden, la Kristian ikkje berre paa svære skattar, men han nytta ogso einevaldsmagti si til aa leiga ut fleire tusund norske og danske hermener til andre kongar og tok sjølv pengarne. Son og sonarson hans gjorde ogso det.

Den store nordiske ufreden. Fredrik 4 (1699—1730) gjorde samlag med Polen og Russland til aa vinna att dei landskapi svenskarne hadde teke; men den svenske kongen Karl 12 skunda seg med ein her til Sjøland og nøydde han til aa gaa inn paa fred. So vende Karl seg mot Polen og Russland og vann den eine sigeren etter den andre; men sidan rauk han og flydde til Tyskland. Fredrik sende daa ein her til Skaane; men den vart driven attende av svenskarne. Daa Karl kom heim att, samla han ein her og vende seg mot Norig (1716). Mykje av den norske heren var i Danmark. Den norske generalen Lytsow hadde berre 6000 mann, og dei var ikkje godt væpna. Kornbuderne stod tome, og det var ikkje pengar i krigskassa; men borgarar og bønder sparde ingen ting til aa verja fedralande. Med ein stor del av heren drog Karl inn i Høland. Paa garden Riser vaaga oberst Kruse aa møta han med 200 dragonar (hestfolk). Karl misste 170 mann; Kruse drap sjølv 15; men daa var han so hardt saara, at han laut gjeva seg med 20 mann. Nokre fall; men dei meste kom unda.

Sidan tok Karl Oslo, og derifraa sende han oberst Løven med 600 dragonar til aa øydeleggja sylvverke paa Kongsberg.

Vegen um Drammen var stengd av nordmennerne; difyr skulde han taka yver Ringerike. Ein kveld kom dei til Norderhovs prestegard. Presten laag sjuk; men prestekona Anna Kolbjørnsdotter tok imot svenskarne og gjorde dei trygge. Same kvelden kom 300 norske dragonar til garden Stein ei halv mil fraa prestegarden. Dei var utsende av Lytsow og skulde møte svenskarne. Anna vilde gjerne faa bod til dei. Ho sa at ho traud noko til maten, og fekk lov aa senda ei gjenta til granen etter dette. Gjenta strauk til futen, og han let snarbod gaa til Stein. Imedan gjorde Anna svenskarne til gode med mat og brennevin, so dei vart drukne. Daa bode kom til Stein, vart hovdingen rædd. Han sa han hadde for faa folk, og so visste han ikkje veg; men dei andre vilde av stad, og vaktmeister Tore Hovland baud seg til aa syna veg. Han kjende kvar gardstaur, sa han. So bar det i veg. Dei Reid yver isen paa Steins-fjorden. Løven hørde brake og spurde kva det var. Anna svara: «Slikt høyrer me titt fraa isen, naar det er frost.» Ut paa natti kom dei yver svenskarne. Løven vart fanga med 160 mann. Resten fall elder flydde.

Karl var ikkje god til aa taka Akershus festning; ein flokk av heren hans tapte i eit slag paa Moss, og daa Lytsow kom vestanfraa med hovduheren, drog Karl seg burt fraa Oslo og vende seg mot Fredrikshald. Her hadde bymennerne laga seg til aa hjelpa hermenerne aa verja byen. Dei gjævaste var kjøpmenerne Peter og Hans Kolbjørnson, halvbrorar til Anna Kolbjørnsdotter. Karl kom um natti so uventande, at mange laut slaast i berre skjorta. Dei laut gjeva upp byen og taka til festningi Fredriksten. Svenskarne vilde no setja seg ned i Fredrikshald. Karl tok inn i eit hus som stod midt for huse til Peter Kolbjørnson. Peter sjølv var paa festningi; men Maria, syster hans, stod ved vindauga. Karl bad henne um ein svaledrykk. Ho laga til noko og sende han ei sylvskaal gjenom vindauga. Han tømde skaali og sa: «Her ser, jomfrua, eg trur henne vel.» Ho fekk lov aa senda bror sin ein pakke med linty og stakk so ein setel i den. Paa setelen hadde ho skrive kva hus Karl var i. Kanonarne vart vende mot huse, vg ei sprengkula slo ned i det Bjelkarne knakk, og Karl datt i svime, men kom snart til seg sjølv, att. Fraa festningi vilde dei skjota byen i brand; men daa dette ikkje let seg gjera, sette bymennerne sjøelve eld paa husi sine. Mange svenskar laag sjuke av saar; dei brann upp. Like eins gjekk det med nokre byfolk som hadde gjøymt seg i husi. Karl beit seg i fingrarne av sinne, daa elden dreiv han ut av byen. Han

sette norske fangar til aa stella paa brui yver Tista. Kulorne fraa festningi peip um øyro deira, og fleire fall. Sidan flaug svenskarne yver, so fort dei kunde. Dei kasta i elvi dei som vart skotne i hel og hardt saara, so dei ikkje skulde liggja i vegen, og flydde so langt, at kulorne fraa festningi ikkje kunde naa dei. — Karl venta ein flote med store kanonar. Naar den kom, vilde han taka Fredriksten: men floten vart hindra av

Peter Vessel Tordenskjold. Han var fødd i Trondheim. Far hans, kjøpmann Vessel, sette han i skræddarlæra; men det likte han ikkje. So før han til sjøs, og det var han laga til. I storm var han alltid i beste lage. Han vart kadett, og daa han var 19 aar, fekk han styra ei liti skuta med 4—5 kanonar. Med den tok han til aa slaast med svenskarne; men snart vart han førar for større skip, og paa 10 aar steig han so høgt upp, at han vart admiral. Fredrik 4 gjorde han til adelsmann, og sa han skulde heita Tordenskjold, og ein skjold var han ogso for fedralande.

Den svenske floten var komen til Dynekilen, tri mil fraa Fredrikshald. Tordenskjold fekk spyrja at mange av offiserarnte var i eit brudlaup, og laga seg straks til slag. Dynekilen er 5 km. lang, og sume stader so smal, at store skip knapt kan koma fram. Paa ein holm hadde svenskarne sett upp ein kanonvoll (batteri), og paa baee sidor av fjorden stod det fleire hundrad mann. I graalysingi siglde Tordenskjold inn fjorden med sju skip. Svenskarne skaut paa han alt det dei orka; men han svara ikkje, fyrr han kom heilt inn i hamni. Daa vende han breisida mot fienden og let det gaa med skot paa skot. Slage varde i 5 timar. So gav svenskarne seg. Tordenskjold tok elder øydela 44 skip med 60 kanonar. Dagen etter tok Karl 12 paa heimvegen til Sverige.

Tvo aar etter (1718) kom svenskarne att meir mannsterke en fyrr. Armfelt drog med den finske heren mot Trondheim, og Karl 12 sjølv kom med ein her paa yver 40 000 mann og vilde slaa under seg lande sunnanfjells. Han kringsette Fredriksten og let grava løypegraver til aa koma til festningi. So var det ein kveld han vilde sjaa, korleis det gjekk med dette arbeide. Han steig upp paa skyttargravi og studde seg ut yver brystverne, so han kunde sjaa Fredriksten. Derifraa skaut dei jamt og samt. Ei kula raakte Karl og gjorde braatt ende paa live hans. Etter dette drog den svenske heren heim att. Armfelt var ikkje god til aa taka Trondheim, og daa han spurde at kongen var fallen, drog han fraa Tydalen yver fjelle til Jemtland. Paa fjelle vart det snøfok, so dei kjendaste

ikkje kunde finna vegen, og so sviande kaldt, at dei brende byrsestokkarne og stuva seg i hop, for at dei skulde halda varmen i seg; men likevel fraus halvparten av heren i hel, og mange vart kryplingar.

Sidan drog den norske heren inn i Baahuslen, og med nokre hundrad mann tok Tordenskjold Marstrand og den sterke festning Karlsten; men folk var trøytt av krigen, og litt etter vart det fred (1720). Svenskarne laut ut med ein sum pengar til kong Fredrik, og lata Russland og Prøyssen faa so mykje land, at dei misste den magti dei hadde fenge i trettiaarskrigen. Etter den dag vart det meir fredelegt i nordlandi. Nokre maanar etter gjorde Tordenskjold ei ferd til Tyskland, og her vart han ihel-stukken i ein tvikamp, 30 aar gamall.

Etter ufreden var statskassa tom. Til aa faa pengar selde kong Fredrik dei norske kyrkjorne, endaa folke fraa gamall tid hadde aatt dei. Han selde ogso dei gardarne som folk i den katolske tid hadde gjeve til aa halda kyrkjorne i stand for. Fyrr hadde einevaldskongarne selt mange gardar som høyrde kongedøme til. Ved dette steig mange leiglendingar upp til sjølveigarar.

Den rettruande tidi. Daa Luther var slokna, hadde teologarne nok aa gjera med aa verja læra hans mot katolske og reformerte tilsetningar; men ved dette stræve gløymde dei meir og meir sjølve kristenlive. Prestarne stridde for den rette tru; men det vart for det meste ei daud bokstavtru. Dei oldenborgske kongarne vilde ikkje at Norig skulde faa sitt eige universitet. Faa nordmänner studera utanlands, og mange av embætsmennerne var lite opplyste. For folkeupplysningi vart det gjort lite. Faa lærde aa lesa, og bøker var sjeldsynte. Men dei norske bønderne var fornøgde, naar det var lov og rett i lande og alt gjekk med det gamle. Dei heldt fyre at dei var betre en dei danske og svenske bønderne. Um kongarne sine hadde dei høge tanker. Kom det ut paabod som dei ikkje likte, gav dei embætsmennerne skuldi for det. Titt sende de männer med klakor til kongen, og daa fekk dei for det meste viljen sin fram.

Pietistarne stridde meir for det kristelige live en for den regelrette læra. Dei vilde gjera ende paa den daude bokstavtrui og gjorde mykje til aa læra upp ungdomen; men mange feste seg mest ved ytre ting, og heldt all slags leik og moro for synd.

Dei gjorde mykje for missionen. Trønderen Tomas Vesten preika evangelie i Finnmarki, der finnarne enno var halve heidningar. Mange tykte so godt um han at dei fylgde etter

han, daa han skulde reisa fraa dei, og sume vilde endaa symja etter baaten hans. Han er kalla finnarnes apostel.

Presten i Vaagan, Hans Egede, før til Grønland og vilde preika for etterkomarane av dei gamla nordmennerne; men daa dei var utdøyddde for lenge sidan, verka han millom eskimoarne. Han før fraa hytta til hytta, lærde aa kjenna maale og skikkarne deira, og hjelpte dei paa mange maatar. Mange vart kristne, og Egede ber namne Grønlands apostel.

Under Kristian 6 (1730—46) fekk pietismen magti i riksstyre. Konfirmasjonen vart innført 1736. Bispnen Pontoppidan skreiv den namngjetne forklaringi, som borni skulde læra. Umgangsskular kom i stand, og no lærde dei fleste aa lesa. Det vart paalagt folk aa gaa trottugt til kyrkja. Dei som forsømde, vart straffa. Byfolk laut ut med pengebøter, og landsfolk vart sette i gapestokkar. Dans og skodespel vart forbode; men rike folk tok sin mun att med drykk og ulivnad, og kongen og dronningi gjorde ende paa svært mykje.

Med stort fyIge reiste Kristian 6 ein gong til Norig. Naar han helsa paa dei norske bønderne, tok dei han djervt i handi og tala med han som med andre. Etter den tid hadde han større vyrdnad for nordmennerne en for danskarne. Han vilde ikkje dei skulde tilsidesetjast. Daa raade hans ein gong vilde han skulde negta Kristiania ein handelsrett som Kjøbenhavn lenge hadde havt, skreiv han: «Eg søkjer aa gjera alle lukkelege som stend under meg. Naar det gjeng dei vel, gjeng det ogsø meg vel. Eg er herre yver tvo rike, far til tvo folk. Eg vil ikkje gjera nokon urett; men den eine maa ikkje krevja meir en den andre. Like brørar, like lut. Eg gjev Kristiania den handelsretten som der er søkt um.»

Attpaaskatten. Fredrik 5 (1746—66) tok att forbode mot dans og skodespel, og sjølv levde han i sus og dus, so han gjorde ende paa femteparten av det som kom inn i rikskassa. Ein gong saag det ut til ufred med Russland, og 70 000 norske og danske laag fleire aar i Holstein. Det vart ingen ufred av, som vel var; men daa det likevel kosta mykje, la kongen paa ein attpaaskatt. Dei som var yver 12 aar, skulde leggja 27 øre um maanen i skatt. Dette var tungt for bønderne. Umkring Bergen treiv dei vaapni sine, før til byen og tok paa embætsmennerne. Daa skræmdest styringi og let Norig sleppa attpaaskatten.

Ludvig Holberg var fødd i Bergen (1684). Tidleg misste han foreldri sine, og ein lauseld gjorde ende paa arven hans; men skyldingarne tok seg av han og heldt han paa latinskulen

i Bergen. Daa han vart student, laut han hjelpa seg sjølv. Han hadde ikkje raad aa halda seg lenge ved universitete i Kjøbenhavn; difyr tok han ein huslærarpost, fyrst paa Voss og sidan i Bergen; men daa han hadde lagt seg upp 60 riksdalar, fór han til Holland, og sidan gjorde han ferder til England, Frankrike og Italia. Naar det var smaatt med reisepengar, brukte han føterne. Ein gong gjekk han til fots alt ifraa Rom til Paris. Alle stader granska han liksovel folkelive som bøkene og vart vel kjend med dei tankarne som var uppe i tidi. Faa hev havt so store gaavor og lært so mykje som han.

Sidan vart han professor i Kjøbenhavn, og fraa no av saag han ikkje meir fedralande sitt. Folkemaale var vanvyrdt den tid. Dei lærde skreiv paa latin, og storfolki tala tysk og fransk; men so skreiv Holberg Peder Paars og mange komedier paa dansk. Gløgt og morosamt heldt han fram alt det narverk han vart var i Danmark, utan aa peika paa nokon ein-skild mann. Slikt var nytt paa den tid, og bøkene hans vart mykje lesne. Folk lærde av dei bøkene og tenkja og sjaa kva som var gale, so dei ikkje endefram heldt alt det gamle for godt, men kunde betre taka imot det som var nytt. Holberg skreiv ogso gode sogebøker og vart grundleggjaren til eit sams bokrike for Danmark og Norig. Han tente mykje med bøkene sine og vart baron. I vaapnmerke sitt hadde han gran og fjell, til minne um Norig, og paa sine gamle dagar la han seg etter gamalnorsk. Han døydde 1754 og vart gravlagd i Sorø.

Opplysningstidi. I heile Europa hadde einevaldskongar og adelsmenn lenge levt i glans og gleda, og folke i trældom og myrker; men ved midten av det 18de hundratal var det fleire, helst fransmenn, som heldt fram at alle skulde vera frie og like. Unaturlege band burde løysast, og alle skulde opplysast, so dei kunde verta nyttige borgarar og leva lukkeleg. Dei meste opplysningsmennene vilde ikkje tru anna en dei kunde skyna. Sume forkasta heile kristendomen (fritenkjarar); men fleire vilde umgjera dei kristelege lærdomarne etter sitt eige hovud (rasjonalistar).

Holberg hadde brøytt vegen for europæiske straumdrag. Den nye opplysning naadde difyr snart til Danmark og Norig. Det trondheimske vitenskapsselskap vart grunna ved dei tider av bispem Gunnerus og andre vitenskapsmenn. Embætsmennene let sønnerne sine studera i Kjøbenhavn, so lande fekk mange opplyste framgangsmenn. Men for bønderne var det ikkje lett aa taka imot den nye opplysningi; men so hadde dei til vederlag den gamle bondefridomen, som folk i andre land no

sukka etter, og daa dei i ufred hadde verja lande so godt, heldt opplysningsmenneskene for at dei var dei rette arvingarne etter dei gamle gjæve nordmenneskene.

Kristian 7 (1766—1808) var ørvita fraa barndomen av, og daa han i 17-aarsaldren vart konge og fekk raa seg sjølv, tok han paa med turing og ulivnad, til des han gjekk reint ifraa vite. Styringi yverlet han til livlækjaren sin, tyskaren Struensee.

Johan Struensee vilde i ei snarvending umstøypa samfunde etter den nye opplysningi. I dei 16 maanarne han styrde, gav han ut mange nye paabod. Fyrr hadde ingen havt lov aa prenta noko, utan ein embætsmann fyrst saag yver det og strauk ut det han meinte var til skade; men no fekk folk lov aa prenta det dei vilde. Han gjorde ingen skilnad paa adelege og borgarlege, men tok til embætsmenneskene dei som han trudde dugde mest. Ingen skulde pina dei som var paa forhøyr. 10 helgedagar let han gaa inn, soleis tridjedagarne paa dei store høgtidene og jonsokdagen. Etter framlag av bispenn Gunnerus vilde han at Norig skulde faa ein høgskule.

Men folk kunde ikkje tola so mykje nytt med ein gong. Mange adelsmenneskene tyktest vera sette til sides, og mange elles hadde imot det, at alle kongebod vart skrivne paa tysk. Enkjedronningi og arveprins Fredrik, son hennar, og Ove Guldberg, læraren hans, slo seg i hop med nokre høge embætsmenneskene og vilde sturta Struensee. Ei natt trengde enkjedronningi seg inn til den vanvituge kongen og skræmde han til aa skriva namne under eit paabod um aa fengsla Struensee. Same natti vart han sett fast. Sidan dømde dei han fraa live. Fyrst hogg dei den høgre hondi av han, og so hovude (1772).

Guldberg fekk no mest magt i styre. Han gjorde um inkje mykje av det gode Struensee hadde gjort. Norig fekk ingen høgskule. Han vilde ikkje ein gong vita av namne nordmann. «Ingen nordmann er til,» sa han; «alle er me borgarar av det danske rike.» Men nettupp daa tok nordmannsnamne for aalvor til aa gjera seg gjeldande.

Det norske selskap vart skipa i Kjøpenhamn av norske studentar. I lagsmøti sine song dei um «Norge, kjæmpers fødeland» og um aa vakna upp og «bryde lænker, baand og tvang.» Fleire norske diktarar stod fram og song i sterke ordelag um den norske fjellnaturen og um dei frie norske bønderne. Ogso bymenneskene i Norig heldt det no for ei æra aa kallast nordmenneskene.

Krunprins Fredrik, son til Kristian 7, tok styre, daa

han var konfirmera (1784). Han tok seg dugande raadgjevarar og styrde godt. Sunnanfjells hadde folk ikkje lov aa kjøpa korn av andre en av danskarne; men dei kunde ikkje alltid skaffa det som trengdest; difyr laut nordmennerne stundom bruka borkebrød, og ein gong svalt fleire tusund i hel. Verst farne var bønderne i Austagder, der det voks lite korn. Kjøpmennerne skruva kornprisarne høgt upp, og gav lite for det bønderne hadde aa selja. I si naud samla dei seg under den opplyste og djerne bonden Kristian Lofthus. Han skreiv det dei hadde aa klaga yver, og før til Kjøbenhavn og vilde tala saki deira. Krunprinsen hørde viljugt paa han; saki vart granska og kornhandelen frigjeven. Men bønderne hadde stundom fara hardt fram mot embætsmennerne, og daa nokre av dei skildra Lofthus som ein brotsmann, vart han fengsla, og utan lov og dom laut han sitja paa Akershus festning til sin døyand-dag. — Nokre borgarar i Kjøbenhavn hadde lenge havt einerett til handelen med finnarne, og den hadde dei brukt slik, at Finnmarki mest laag øyde; men no vart ogso denne handelen gjeven fri, og byarne Trumsøy, Hammerfest og Vardøy vart grunnlagde.

Lagtingi vart nedlagde og 4 stiftsverretter sette i staden. I kvar bygd og by vart det innsett forliksnemnder; dei skulde faa folk til aa forlika seg og lata vera aa trætta.

Den franske revolusjon (riksumvelting) braut ut 1789. Dei undertrykte fransmennerne reiste seg og vilde korkje vita av adel elder presteskap. Dei avliva kongen sin og gjorde Frankrike til ein fristat. Daa vart mange kongar rædde at denne aandsretningi skulde naa landi deira, og so samla dei herar mot Frankrike. Dei meste land la seg ut i revolusjonskrigen, og ein framifraa herfører svinga seg upp til ein megtig fransk keisar; det var Napoleon 1. Men Norig og Danmark heldt seg lenge utanfyr striden, og nordmennerne tente svært med handel og skipsferd. Dei hadde ikkje mindre en 1150 handelsskip.

Men i 1807 vilde Napoleon taka krigsfloten fraa Danmark og Norig og bruka han i striden mot England. Engelsennerne fekk vita dette og sende ein stor her til Øresund. Dei kravde at Fredrik skulde gjera samlag med dei og senda floten til England. Der skulde han liggja i hamn, til det vart fred. Fredrik sa nei. Daa kringsette dei Kjøbenhavn. Heren var i Holstein, og borgarane kunde ikkje staa seg mot fienden. Mange fall, og 500 hus vart skotne i brand. Daa gav byen seg, og engelsennerne tok floten og førde han med seg til England.

Fredrik gjorde no samlag med keisar Napoleon og fekk ufred med England og Sverige. Engelmenerne tok mest 1600 handelsskip og stansa sjøhandelen. Det hjalp lite at norske og danske kaperskip tok engelske farty. Engelmenerne kom berre med endaa fleire krigsskip. Det var uraad aa fara land imillom. Ei styrenemnd vart difyr sett til aa styra Norig. Formannen for den var

Prins Kristian August av Augustenburg. Han var ein dugande mann, og det kom vel med. Svenskarne trengde inn i lande med ein her paa 20 000 mann. Krigskassa og dei beste krigsgreiorne var i Danmark. Soldatarne laut taka paa seg gamle klæde, som var brukte i ufred for 20 aar sidan; dei rauk snart sund, so kararne mest vart nakne. Men nordmennerne skaut friviljigt saman det som trengdest. Jakob Aall gav 8000 tunnor korn, endaa han hadde misst sju skip, og ein kjøpmann i Oslo gav likso mykje. Kristian August gav pengar av løni si. Mot seg sjølv var han sparsam. I dei kalde vinternæterne laag han stundom paa den frosne jord jam-sides med herfolke. Med den norske heren dreiv han svenskarne ut av lande. Nordmennerne slo dei paa Toverud i Urskog, ved Trangen i Solør og ved Prestebakka i Enningdalen. Paa dei tvo siste staderne vart dei svenske tekne til fangar.

Svenskarne hadde ogso ufred med Russland. Russarne tok Finnland og laga seg til aa setja yver til Sverige med ein stor her. Paa same tid skulde ein dansk og fransk her gaa i land i Skaane, og den norske heren draga inn i Vermeland. Svenskarne skyna at dei laut tinga um fred; elles vilde det vera ute med Sverige; men kongen deira, Gustav 4 Adolf, vilde inkje vita av fred. Daa slo fleire stormenner seg i hop og vilde setja han av. Føraren for heren ved den norske grensa, Adlersparre, bad Kristian August at han ikkje skulde taka paa Sverige, medan dei skilde seg av med den krigsgalne kongen. Kristian August gjekk inn paa det, daa han ikkje trudde det var til bate at russarne fekk tak i Sverige. Daa drog Adlersparre med heren mot Stokkholm. Kong Gustav samla hermenner og vilde verja seg; men ein general fanga han paa sjølve slotte. Gustav treiv ein sabel og sprang ut gjenom ei bakdør; men han vart teken og boren inn att. Daa ropte han til tenarane sine: «Skjut, skjut!» «Ja, konungen er sjuk, sjuk,» sværa dei som bar. Svenskarne gav seg ein grunnlov, som enno gjeld. Dei sette Gustav av og tok farbror hans, Kari 13, til konge. Til krunprins valde dei Kristian August.

Med det vane tenkte dei aa faa Norig saman med Sverige. Til Russland laut dei gjeva heile Finland for aa faa fred (1809); men med Danmark og Norig fekk dei fred utan aa gjeva noko fraa seg. Nordmennerne tok eit rørande farvel med den folkekjære Kristian August; fleire fylgde han til landskile. I Sverige vart han ogso godt likt; men aare etter døydde han, og med von um aa faa att Finland valde svenskarne til ettermannen hans ein fransk prins,

Johan Bernadotte. Han var son til ein sakfører i Frankrike. Daa han var 16 aar, vart han soldat, og daa revolusjonen braut ut, heldt han seg til jakobinarne, som var dei stridaste av alle. I revolusjonskrigen steig han upp til general og førde herar i Belgia, Tyskland og Italia. Han kunde aldrig koma til lags med keisar Napoleon. Likevei gjorde keisaren han til fyrste, for han var maag til den eldste broren hans. Daa han vart vald til svensk krunprins, vilde keisaren taka den lovnaden av han, at han aldri skulde strida mot Frankrike; men daa han ikkje vilde lova det, sa keisaran: «Reis! lagnaden vaar fær hava sin gang.» Som krunprins tok han namne Karl Johan.

Norig vert skilt fraa Danmark. I ufreden med England skilde nordmennerne seg so mykje fraa Danmark, at dei aaleine gjekk inn paa ein slags fred med engelsmennerne. Dei skulde faa kjøpa seg fribrev til aa føra trelast til England og korn fraa Danmark.

Sellskape for Norigs vel vart skipa 1810. Det heldt sterkt fram ynskje um ein norsk høgskule. I 150 aar hadde kongarne sett seg imot, og titt sagt at det ikkje var pengar til det; men no gav nordmennerne det meste friviljukt. Fredrik 6 skyna at det ikkje let seg gjera aa setja seg imot lenger. I 1811 vart det fastsett at Norig skulde faa seg eit universitet i Oslo, og tvo aar etter kom det i gang.

So snart Karl Johan var komen til Sverige, heldt han seg til dei som vilde faa Norig og Sverige i hop. Han fekk i stand eit samlag mot Napoleon, og keisar Aleksander av Russland lova han Norig i staden for Finland. Sidan gjekk ogso England og Prøyssen med paa dette. Daa Fredrik 6 fekk vita det, sette han den dansk-norske krunprins Kristian Fredrik til riksstyrar i Norig. Engelsmennerne stansa no handelen att og vilde svelta Norig ut, og daa det i 1812 vart uaar, laut mange bruka borkebrød. Med pengarne vart det ogso ugrea, daa styringi hadde gjeve ut fleire pengesetlar en ho kunde løysa inn med sylv. Rikskassa vart sprengd, og papirpengarne gjekk ned, so mange misste mest alt det dei aatte. Fredrik 6

hadde halde seg til Napoleon; men med han gjekk det no bakvegen. I 1812 misste han ein stor her i Russland, og daa han aare etter tapte slage ved Leipzig, drog Karl Johan inn i Holstein med ein her av svenskar, russar og tyskarar, og den 14 januar 1814 laut kong Fredrik gaa inn paa freden i Kiel og avstaa til den svenske kongen heile Norig so nær som Island, Grønland og Færøyarne. Soleis vart Norig skilt fraa Danmark, som det hadde vore saman med i 434 aar.


IX. Norig i 1814.

Kristian Fredrik. Nordmennerne vart harme, daa dei høyrde um Kielerfreden. Dei kunde ikkje gaa inn paa, at kong Fredrik avstod land og folk som ein gard med lausøyre. Kristian Fredrik vilde straks verta utropt til konge. Han kjøyrde midt paa vintren til Trondheim, og vilde høyra kva folk meinte. Kvar han skifte hestar, samla folk seg um han, og han tala med dei um aa verja lande mot svensken. Ved Kringom i Gudbrandsdalen steig han av sleden og gjekk burt aat Sinklarsstytta. Mange gudbrandsdøler hadde møtt fram, og han spurde um dei vilde vaaga liv og blod for fedralande liksom fedrarne deira. Dei svara ja med dundrande hurra og kravde straks krut og bly. Alle stader vilde folk verja lande.

Daa han kom sud att, stansa han paa Eidsvoll, der det var eit jarnverk, som hans gode ven Karsten Anker aatte. Der hadde han i februar møte med nokre av dei gjævaste menner paa austlande. Daa professor Georg Sverdrup reiste til dette møte, sa ein gamall bonde som skyssa han: «Du maa for Guds skuld ikkje gaa inn paa, at Norig vert gjeve til Sverike; fyrr vil me gaa til grensa alle mann. Men kva du so gjerrer, so hugs paa at Gud er attaat.» Daa møte tok til, meinte prinsen at han var rett arving til Norig; men Sverdrup sa at det ikkje kunde vera tale um nokon arverett, sidan kong Fredrik hadde sagt ifraa seg Norig baade for seg sjølv og ettermennerne sine. Nordmennerne hadde no rett til aa taka til konge kven dei vilde. Prinsen gjekk yver til denne meiningi, og i møte vart dei samde um at nordmennerne ikkje kunde godkjenna Kielerfreden, og at dei skulde halda eit riksting paa Eidsvoll til aa faa i stand ein grunnlov. Folke sjølv skulde velja tingmenner. Imedan skulde prinsen styra lande. Han valde seg riksraadar og fekk i stand ei regjering. So let han folk halda ein bededag i kyrkjerne, og der gjorde alle mann eid paa at dei vilde verja Norigs sjølvstende.

Eidsvollsmennerne samla seg den 10de april i Eidsvolls kyrkja. Dei bad Gud um hjelp til det viktige arbeide dei no hadde fenge. Det var 112 mann. Yver halvparten var embætsmänner.

Dagen etter vart tinge opna av prinsen. Dei heldt til i ein smal sal i jarnverksbygningi. Langveggjerne var klædde med raudt klæde. Det vart snart tvo serflokkar i lage. Ikring 30 mann vilde hava samlag med Sverike. Dei fremste av dei var greive Herman Wedel, amtmann Løvenskjold og presten Nikolai Wergeland. Den andre flokken vilde at Norig skulde vera for seg sjølv. Dei gjævaste i dette lage var sorenskrivar Kristian Magnus Falsen, professor Sverdrup og sorenskrivar Christie. Men alle vilde gjeva Norig ein fri riksskipnad. Det stod levande for mennerne i den flokken, at Norig i gamle dagar



Eidsvollsbygningi.

hadde vore eit fritt, sjølvstyrt rike, og dei meinte det ogso i framtidi kunde vera det. Dei bygde det nye Norig paa den gamle grunnen og la magti hjaa folke, der ho hadde vore i gamle dagar. Folke skulde velja tingmänner; tingmännerne skulde gjeva lover og leggja paa skattar, og alle skulde vera like for loven og hava same skyldnad til aa verja fedralande. 17de mai var grunnloven ferdig, og same dagen vart Kristian Fredrik vald til konge. 20de mai samla eidsvollsmennerne seg og skreiv under tingbøkerne. So stelte dei seg i rad, heldt kvarandre i henderne og ropte: «Samstelte og trufaste til Dovre fell!» Alle var gripne, og mange gjekk med graaten i augo, daa dei skildest.

Ufred med Sverike. Medan dette hende, var Karl Johan i Nederlandi med ein svensk her og hjelpde dei sambundne fyrstarne til aa sturta Napoleon. Daa dette var gjort, kravde han at dei skulde halda lovnaden sin og hjelpa han aa leggja Norig under den svenske kongen. Dette kunde dei ikkje godt lata vera, endaa nokre av dei hadde betre hug til aa setja han av som krunprins, daa han ikkje var av kongeætt, men hadde svunge seg upp som revolusjonsmann.

I juni let dei sendemenner fara til Norig, og krevja at Kristian Fredrik skulde leggja ned styre og nordmennerne gaa under den svenske kongen. Daa dette vart negta, drog Karl Johan med ein her paa 37 000 mann mot den norske grensa; Karl 13 førde den svenske floten mot Norig, og engelsmennerne stengde sjøen og skulde svelta lande ut. Men nordmennerne var ikkje rædde. Dei hadde ført inn korn, so dei kunde hjelpa seg lenge. Men kongen deira var ingen hermann og let helder ikkje dei likaste hovdingarne raa. Han forsømde aa setja heren i forsvarleg stand, og tenkte ikkje ein gong for aalvor paa aa setja seg mot svensken, men drøymde um aa verta svensk krunprins i staden for Karl Johan og samla dei tri nordlandi. Daa den svenske floten i juli nærma seg Fredrikstad, let han føra burt dei beste kanonarne, og byen gav seg difyr utan kamp. Men Fredriksten ved Fredrikshald varde seg manneleg. Ein svensk herfører skreiv til den gamle kommandanten Ohme, at han skulde gjeva seg; elles skulde han verta hengd, naar festningi var teki. Men Ohme svara: «Eg er ein utlevd mann og skal snart døy likevel.» Daa drog svenskarne kanonar upp paa den høge bergtoppen paa Sauøy utanfyr Fredrikshald, og derifraa skaut dei paa festningi alt det dei orka. Men Ohme sette upp seks rader kanonar i den bergveggen Fredriksten ligg paa, og skaut i hel og saara fleire svenskar en han sjølv hadde folk. Han heldt seg alltid der det mest trengdest, og med 900 mann varde han seg so godt, at det var uraad for svenskarne aa faa tak i festningi.

Kristian Fredrik stod i Rakkestad med 16 000 mann. Dei lengta etter aa prøva styrke med svensken; men kongen let dei tvertimot draga seg attende yver Glomma. Svenskarne vilde setja etter dei yver ei bru ved Onstadsund; men her møtte nordmennerne dei og dreiv dei attende. Likevel baud kongen dei norske aa snu. Kvar han kunde, hindra han at det kom til strid. Uppe ved Kongsvinger var han ikkje, og her vart det difyr den hardaste striden.

Ein svensk her paa 2 500 mann årog inn i Eidskogen

gjennom det dalsdrage der jarnvegen no gjeng millom Kongsvinger og Sverige. Oberst Krebs møtte denne heren ved Lier, ei halv mil fraa Kongsvinger, med ein likso stor herstyrke. Med gode vaapn og godt mod gjorde svenskarne tri stormlaup mot nordmennerne. Tridje gongen var dei ikkje meir en 40 steg fraa dei norske kanonarne. Daa sende nordmennerne mange kulor med ein gong og skaut ned dei fyrste raderne, og so flaug dei med byrsespjuti lukt paa dei andre. Svenskarne flydde, og nordmennerne sette etter dei. Ved Aabogen reiv dei ned ei bru etter seg, so nordmennerne ikkje kunde koma yver elvi og jaga dei lenger. Men tvo dagar etter kringsette dei den svenske heren ved Matrand bru nær Eidskog-kyrkja. Svenskarne kunde ikkje staa seg. endaa dei stridde manneleg. Mange fall, og fleire vart tekne til fangar; men resten slo seg igjennom og flydde attende til Sverige. All den herbunad dei hadde ført med seg, kom i henderne paa nordmennerne.

Det kvakk i Karl Johan, daa han spurde dette. Og daa nordmennerne meir og meir drog seg attende, meinte han dei vilde samla styrken sin i fjelli langt inn i lande, og der vilde det ikkje vera greitt aa vinna yver dei, allvist dersom dei tok seg ein dugleg herfører. Skulde han tapå eit hovudslag, var han rædd for at han kunde verta avsett som krunprins, for han visste vel at mange av dei styrande i Europa mislikte, at han, som ikkje var av kongeleg ætt, var komen so høgt upp. Det vilde ogso vera faarlegt for han, um ufreden skulde gaa i langdrag; men kunde han svint faa i stand eit samlag millom Norig og Sverige, so var han berga.

Daa ufreden hadde vart i 14 dagar, baud han seg til aa godkjenna grunnloven av 17 mai, so framt Norig vilde gjera samlag med Sverige. Kristian Fredrik meinte at han for sin part hadde dei europæiske magterne imot seg, og den 14de august gjekk han difyr inn paa forlik i Moss. Han lova aa kalla saman eit storting og gjeva fraa seg kongemagti. Svenskarne skulde faa hersetja lande austanfyrr Glomma, og den norske heren fekk heimlov.

Samlag med Sverige. Stortingsmennerne samla seg den 7de oktober, og tri dagar etter baud Kristian Fredrik farvel med dei kjære venerne sine i Norig og tok paa vegen til Danmark. Fraa den svenske kongen kom det 6 sendemenner til aa tinga med stortinge. I tinge sat der dugande menner. Sorenkrivar Christie var formann.

Det var ikkje tale um aa slaa noko av paa Norigs fridom og sjølvstende. Fleire tingmenner vilde helder taka paa med

ufreden att. I eit langt brev greidde oberst Rode ut, at nordmennerne nok skulde vinna, i fall dei tok til att med striden, og mange baud seg til aa gjeva pengar og mat til heren. Men dei svenske sendemenerne tala fredelegt og gav etter, og den 20de oktober vart det vedteke at Norig skulde gjera samlag med Sverike og hava same kongen som svenskarne. I den norske grunnloven umgjorde dei det som trengdest. 4de november var dei ferdige med det, og same dagen valde dei Karl 13 til norsk konge. Karl Johan sette ein svensk greive til stathaldar og let dei svenske hermenerne fara heim att.

X. Norig etter 1814.

Etter ufreden var det mykje aa gjera. I 1815 vedtok stortinge og den svenske riksdagen ein samlagslov (riksakt) som set fast samlagsvilkori. Det var skralt med pengestelle. Papir, pengar var det nok av; men daa det vanta sylv og gull til aa løysa dei inn med, sette stortinge dei ned i verd, soleis at ein papirdalar ikkje galdt meir en 40 øre. Skulde det verta betre greia med pengarne, laut lande faa seg ein bank; difyr vart Norigs bank skipa (1816). Stortinge la paa ein sylvskatt, so denne banken kunde byrja med 8 millionar kr. i sylv. Sume svara denne skatten med sylvpengar; men dei som vanta pengar, laut ut med sylvkannor, sylvskeier elder sylvstas. Det vart uaar og lite fiske, so det var tungt for mange til aa greia seg. Til lette fastsette stortinge, at lande ikkje lenger skulde halda so stor her som fyrr.

Karl Johan vart konge i 1818 etter Karl 18. Mange svenskar mislikte at han ikkje la Norig under Sverike i 1814 og fleire europæiske fyrstar tykte at nordmennerne hadde fenge altfor fri riksskipnad. Karl Johan freista aa minka den norske fridomen og hadde von um aa faa bonden med paa dette. Mange bønder mislikte sylvskatten; dei gav stortinge skuldi, for at skattarne auka, og meinte dei vilde minka, berre stortinge vart lagt ned og kongen fekk meir magt. I 1818 samla dei seg fraa fleire bygder paa austlande og vilde jaga stortingsmennerne heim att. Hallingdølerne kom so langt som til Bærum. Men her møtte ein flokk hermener dei og tok 270 til fangar. Førarane vart dømde til straff. Men ved eit kongebrev vart straffi so godt som ettergjevi, og den verste brotsmannen, hede-markingen Halvard Hol, fekk tilmed ei aarleg løn av kongen, so lenge han levde. Sidan vart det stillt med bønderne. Dei lærde etter kvart aa skyna, at fridomen var til bate for dei.

Med stortinge kom Karl Johan i strid. Tvo storting hadde vedteke ein lov um at det ingen adel skulde vera i Norig; men kongen negta aa stadfesta han. I 1821 skulde loven fram att, og paa same tid skulde stortinge gjera upp med Danmark. Karl Johan hadde lova i Kielerfreden at Norig skulde taka paa seg noko av den dansk-norske riksgjelden. Danskarne vilde hava 12 millionar kr., og stormagterne vilde dei skulde faa det. Men nordmennerne meinte det kom ikke dei ved, daa dei aldri hadde godkjent Kielerfreden. Kongen sa at lande kom i stor faare, dersom tinge dreiv fram adelsloven mot hans vilje og ikkje let til dei pengarne danskarne kravde. Til stormagterne skreiv han at han vilde minka magti til stortinge og auka kongemagti. Han samla ein her av svenskar og nordmenner paa Etterstad ved Oslo, og utanfyr byen la ein svensk flote seg. Men stortinge let seg ikkje skræma; det vedtok adelsloven, men gjekk inn paa at danskarne skulde faa det dei vilde hava.

Kongen let seg no nøgja med at han sette fram 10 forslag til endring av grunnloven. Millom anna vilde han hava rett til aa negta samtykke til lover, um stortinge hadde vedteke dei tri gonger (absolut veto), rett til aa setja av embætsmenner, rett til aa velja formenner i stortinge, og meir slikt. Stortinge forkasta samrøystes alle desse forslag utan ordskifte. Kongen tok dei upp att gong paa gong; men støtt vart dei forkasta. Desse forslag førde berre til at nordmennerne sette meir pris paa fridomen en fyrr, og meinte det var tryggast aa verja trutt um grunnloven.

17de mai-strid. Nordmennerne sette so mykje pris paa det frie styre at dei tok til aa halda fest paa grunnlovsdagen den 17de mai. Karl Johan forbaud dette, men dei heldt fest like godt. Daa samla han i 1828 ein herstyrke paa Etterstad, og ein svensk her skulde draga yver landskile, so framt nordmennerne heldt fest den 17de mai. Det aare vart det ikkje noko av; men aare etter heldt dei fest. Med song og klang drog mange gjenom gatorne i Oslo og stuva seg i hop paa Stortorge. Den eldfriske diktaren Henrik Wergeland var føraren deira. Daa sende den svenske stathaldaren ein flokk hermänner og dreiv folke fraa torge (Torgslage). Folk vart sinte paa stathaldaren, og daa han straks etter døydde, sette kongen ikkje meir inn nokon svenske til stathaldar, og folke hev sidan alltid havt fest paa grunnlovsdagen.

Utanriksstyre, som grunnloven legg i henderne paa kongen, kom etter kvart i henderne paa svenske riksraadar. Men nordmennerne vart snart misnøgde med dette styre. Engelsen

Everth lurde mange varor inn til Bodøy og andre stader i Nordland utan aa leggja toll. Tollarane tok nokre av desse varorne; men Everth fekk med seg ein flokk engelske sjøfolk og braut upp tollbui og tok med so mykje han var god til, og siglde til England. So kravde han skadebot for seg og nokre andre engelske kjøpmänner, som aatte varorne. Den mannen som dreiv saki, laga so mange falske papir som han tyktest turva, og den britiske sendemannen (gesanten) i Stokkholm let um at den norske og svenske trelasti knnde verta utestengd fraa England, dersom dei engelske kjøpmännerne ikkje fekk skadebot. Den svenske utanriksministaren var ikkje meir til mann en at han raadde kongen til aa gaa inn paa, at saki skulde avgjerast ved tinging, endaa det var greitt, at ho burde vore avgjort for norske domstolar. No vart lovbrote ustraffa og skarvarne skulde attpaa hava 325 000 kr. av den norske stat.

Etter dette vilde stortinge at kongen skulde taka den norske statsministaren med paa raad, naar utanrikske spursmaal skulde avgjerast; men dette gjorde han ikkje fyrr 8 aar etter (1835). Sidan hev det vist seg, at Norig helder ikkje kan vera tent med det, og difyr er der enno mykje strid um korleis utanriksstyre skal skipast.

Embætsmänner og bønder var so ulike i tenkjemaate og daning, at det ikkje kunde vara lenge, fyrr det vart rivningar og kløyvingar. Embæts-elder bydaningi var ein avleggjar fraa Danmark. Bondedaningi hadde si rot i det eldgamle norske. Embætsmännerne var fraa dansketidi vande til aa vera dei styrande. Bønderne hadde i 500 aar vore utanfyr alt styre; men med eitt gav grunnloven dei den største magt, daa der skulde veljast fleire stortingsmänner fraa lande en fraa byarne. Dei fyrste aari heldt dei seg mest til embætsmänner og valde aldri meir en 20 bønder; men med julirevolusjonen i Frankrike (1830) dukka nye fridomstankar upp, og daa vilde bonden meir gjera seg gjeldande. I 1833 møtte det ikkje mindre en 45 bønder paa tinge. Dei var lite boklærde. Den fremste av dei, kyrkjesongar *Ole Gabriel Ueland* fraa Hesjestad (i Stavanger amt), hadde ingen skule havt. Mor hans hadde lært han aa lesa etter abc-boki. Sidan laut han hjelpa seg sjølv. Han lærde skriva etter ei fyreskrift far hans hadde fenge av læraren sin, og til aa læra rekna strauk han til ein mann i grannbygd; men det vart lite med lærdomen, for um dagen laut han vera med aa draga heim ved, og um kvelden skulde han sitja og rekna i halvmyrker attmed omnen, daa mannen ikkje vilde lata til ljøs. Men so bytte Ueland til seg tri tavle-

stykke for tri merker smør og sette karm kring dei. Fraa Kristiansand fekk han ei reknebok, og etter den lærde han aa rekna. Han nytta godt dei faae bøkene han hadde høve til aa lesa i heimbygdi, og daa han vart stortingsmann, la han seg trutt etter landsens styr og stell. I dei fyrste aari kunde han ikkje staa seg i ordkasti mot embætsmännerne; men etter kvart kom han seg, so han ikkje laag under for nokon. Han vart førar for bønderne, og tinge skilde seg meir og meir ut i eit bondeparti og eit embætsparti. Bønderne var vande med smaatt stell, og lenge var sparing det høgaste fyremaale deira. Men dei skyna at grunnloven hadde gjeve dei mykje magt, og dei sette seg difyr imot alle forslag til endringer av den, anten dei kom fraa kongen eller andre. Ueland sa titt: «Det norske folke hev tvo augnesteinar, bibelen og grunnloven.» Dei vilde ikkje at folkestyre skulde minka; men etter kvart tok dei til aa strida for at det skulde auka.

I 1837 kom formannskapsloven ut. Ved den fekk kvart herad og kvar by rett aa styra sine eigne ting. Dette var eit stort framsteg for fridom og sjølvstyre.

Norskt flagg. I 1814 vart det fastsett at Norig skulde hava sitt eige handelsflagg, og at orlogsflagge skulde vera eit sambandsflagg. Likevel laut nordmännerne i mange aar sigla under svenskt flagg; men so vedtok stortinget (1821), at handelsflagge skulde vera raudt med ein kvitkanta blaa kross. Karl Johan vilde ikkje gaa inn paa dette. Han sa at nordmännerne raadde ikkje fyre flagge sitt; men ved eit kongebrev

Ett-tavla.

Karl Johan, fødd 1763 † 1844,
g. m. Eugenie Desirée Clary, ei kjøpmannsdotter fraa Marseille.

Oscar 1, fødd 1799 † 1859.
g. m. Josefine (Beauharnais) av Leuchtenberg. † 1876.

Karl 15,
f. 1826 † 1872,
g. m. Louise av
Nederlandi.

Oscar 2, f. 1829, g. m. Sofie av Nassau.

Louise, f. 1851,
g. m. Fredrik,
krunprins av
Danmark.

Gustav, f. 1858, g. m. Vic- toria av Baden, f. 1862.	Oscar Bernadotte, f. 1859, g. m. Ebba Munck.	Karl, f. 1861.	Eugen, f. 1865.
---	--	-------------------	--------------------

Gustav Adolf,
f. 1882.

Wilhelm
f. 1884.

Erik,
f. 1889

(resolusjon) fekk dei lov aa bruka det paa kortare ferder, og sidan lova han dei aa faa fara so langt dei vilde under norskt flagg. Han gav meir etter dei siste aari han levde. I 1844 døydde han, 80 aar gamall. Sidan Harald Haarfagre hev ingen norsk konge levt so lenge. — Daa *Oscar I*, son hans, vart konge, fekk nordmennerne sitt eige orlogsflagg, og det gledde dei seg yver; men med det same vart sambandsmerke av norske og svenske fargar sett inn i handelsflagge. Sidan hev stortinge tri gonger etter nytt val vedteke at sambandsmerke skulde ut av handelsflagge, og i 1899 vart det gjeldande lov, so handelsflagge no er reint norskt.

Lappland elder halvøyi Kola var i gamle dagar eit skattland under Norig, og so langt fram i tidi som til Skottekrigen svara lapparne jamnan skatt til den norske kongen. Men so tok russarne til aa føra den gresk-katolske tru inn i lande. Dei bygde den eine kyrkja etter den andre. Nordmennerne kravde skatt som fyrr. Radt til 1816 fôr futen i Finnmarki kvart aar til Kola og skulde taka imot finneskatten; men han laut jamnaste fara heim att med ingen ting. Daa lapparne var græsk-katolske, fekk rusaarne dei paa den trui, at dei stod under den russiske keisaren, og at Lappland hørde til Russland.

Lande millom Varangerfjorden og Fiskarøyi vart etter kvart rekna for sameige, daa norske og russiske finnar heldt seg der um kvarandre; men daa det titt vart strid millom dei um beite og fiske, vart sameige utbytt (1826). Russarne fekk tvo tridjepartar av det, daa dei plent laut hava so langt mot vest som dei hadde bygt kyrkjor. Grensa vart fastsatt der ho no gjeng, etter Tana-, Jakobs- og Pasvikselvarne.

Men sidan vilde keisar Nikolaus av Russland likevel, at dei russiske lapparne skulde hava rett til aa fiska i Varangerfjorden og faa eit stykke land til aa byggja seg upp hus der. Daa gjorde Oskar I samlag med England og Frankrike (1855). Det vart fastsett at Norig ikkje skulde avstaa noko til Russland og ikkje gjeva russarne rett til fiske og beite. England og Frankrike lova aa hjelpa Norig, dersom Russland vilde taka paa det, og sidan hev nordmennerne havt sitt i fred.

Norske framsteg. *Henrik Wergeland* var fødd i Kristiansand, men voks upp i Eidsvoll, der far hans, Nikolai Wergeland, var prest. Tidleg la han elsk paa den fagre naturen og det som var norskt. I rome sitt paa prestegarden samla han fagre blommar; han sette fiskar i glas og fuglar i bur. Paa veggen hekk grunnloven, godt verja av tvo kjemperkarar i delebunad med svære øksar. Framfyre skriveborde

hadde han ein kubbestol, og til penn brukte han ei tiurfjør. Han gjekk med vadmaalsklæde og saag mest ut som ein bonde. Tttt kasta han seg i Vorma og symde til lands, og mange gonger lauga han seg i Mjøsi millom isklumpar.

Etter 1814 tok mange til aa kalla det innførde danske bokmaale norskt; men so heldt Henrik Wergeland sterkt fram at nordmennerne ikkje kunde vera tente med eit maal som berre i namne var norskt. Dei laut hava eit verkeleg norskt maal, og det var aa finna hjaa bonden, som var den rette arving etter dei gamle gjæve nordmennerne. I ei bok freista han aa skriva bondemaal, og i dei bøkene han gav ut paa bokmaale, tok han inn norske ord og vendingar. Men det norske maale var lité vyrdt, og Wergeland var ikkje god til aa bruka det paa beste maaten. Han fekk difyr mange imot seg, Dei tykte det var raatt og ufint. Men endaa fleire heldt med han, og det var ein heit strid. Wergeland døydde i Oslo (1845) ikkje meir en 37 aar gamall; men dei norske tankarne han hadde vekt, døydde ikkje. Det eine med det andre førde dei lenger fram. Professorarne Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch granska den gamle norske saga. Munch skreiv ei sogebok paa 8 store band. Han døydde i Rom ved skriveborde med pennen i hondi. Fleire lærde gamal-norsk. Presten Magnus Brostrup Landstad samla norske folkevisor, og Ludvig Lindeman norske folketonar.

Asbjørnsen og Jørgen Moe samla norske eventyr og sette dei um paa bokmaale utan aa endra stort paa ordelage.

Dette vart meir naturlegt og greitt. Sidan tok fleire norske diktarar til aa bruka norske ord og vendingar, allvisst naar dei skreiv um bonden, so bokmaale fekk ein norskare sving. Mil-lom dei var Bjørnstjerne Bjørnson og Henrik Ibsen, som no er namngjetne i heile Europa. Men likevel er maale deira so danskt, at det høver best for dei aa prenta bøkene sine i Køpenhamn, daa dei vert likso mykje lesne i Danmark som i Norig.

Skulde det norske folkemaale reisast upp att til bokmaal som i gamle dagar, laut bonden sjølv taka i. Det fyrste store take gjorde bondesonen

Ivar Aasen. Han var fødd i Ørsta sokn paa Sunnmøre (1813). Alt ifraa han var liten hadde han hug til lesing, og daa han var 18 aar, vart han umgangsskulelærer. Sidan under viste provst Toresen i Herøy han i maallæra, saga, jordkunna og framandt maal, og raadde han til aa studera. Det vilde han ogso, men ikkje paa universitete. Han granska sunnmørsmaale og greidde ut um det i ei maallæra. So løna det trond-

heimske vitenskapsselskap han til aa granska alle norske bygde-maal. Daa fór han omkring i bygdene og studera grundigt. Han gav ut ei norsk maallæra og ei stor ordbok og sette upp skrivereglar til eit norskt bokmaal for heile lande (landsmaale, nynorsk). Sidan gav stortinge han løn av staten, so han kunde verka for det norske bokmaale til han døydd (1896). I dette norske maale skreiv telemarkingen Aasmund Vinje (fødd 1818 † 1870), ein av dei mest gaaverike diktarar Norig hev havt. Storegut og Ferdaminni er dei hævaste bøkene hans. Norskare dikt en Storegut finst det ikkje. Han gav ogso ut «Dølen», det fyrste blade som vart skreive paa norsk. I det skreiv han alt sjølv. Sidan hev mange skrive norsk, og i 1892 fastsette stortinge at skuleborni skulde læra lesa det norske landsmaale liksovel som bokmaale, og skulestyre kan avgjera kva maal dei skal læra skriva.

Folkeupplysningi tek til. I 1827 gav stortinge ut ein skulelov. Etter den laut det vera ein fast skule ved kvar hovud-kyrkja og elles so mange umgangsskular som det trengdest. Fastskulelærarane skulde lærast upp paa seminarie, og eit lærar-seminar vart det i kvart bispedøme. Til seminarie strøymde mange gaaverike bondegutar, og fleire av dei hev gjort mykje for folkeupplysningi. I 1860 kom det ut ein ny skulelov, og daa gjekk dei meste umgangsskularne yver til faste skular. Ingen fekk vera lærar, utan han var opplært til det. Folkehøgskularne førde ungdomen vidare fram i opplysningi og kveikte fedralandselsk. Sidan tok ogso amtsskular paa med dette. Det kjem ut mange bøker og blad, som ber ljøs og liv vidt omkring. Dei finn vegen baade til hus og hytta.


Framgang i Velstand. I dei siste 300 aar hev nordmennerne i det heile og store gjenge fram i velstand; men etter 1814 hev framgangen vore størst, for di folke hev styrt seg sjølv og ikkje havt nokon ufred. Fyre 1814 var det mest berre ridevegjer. Daa var det lettvinaste for dei som budde attmed fjordarne og ut paa øyarne, for dei kunde daa som no ro i baatar, naar dei skulde ut og ferdast. Andre stader laut dei jamnaste klyvja, naar dei skulde føra noko til byarne elder fraa, og det gjekk baade seint og ubeint. Kjøyra kunde dei berre, naar det var sledeføre um vintren. Men so tok folk til aa gjera seg kjøyrevegjer. Naar dei vilde leggja ein veg, tok dei i fyrstningi sigte beint fram bakke upp og bakke ned, slik som gjeiti gjeng. Men daa dette vart for tungt, naar ein kom med store lass, la dei um vegen slik, at han skulde gaa paa snei elder i ein halvring omkring bakken, dersom det let

seg gjera. Dei hev kosta mykje paa vegjerne. Stortinge gjev kvart aar yver $1\frac{1}{2}$ million kr. til aa leggja nye vegjer og setja betre i stand dei gamle. I dei fleste bygderne kan dei no kjøyra mest til kvar einaste gard.

I 1854 var den fyrste jarnvegen lagd; han gjeng fraa Oslo til Eidsvoll, Sidan hev me fenge den eine jernvegen etter den andre. I 1877 opna dei jarnvegen millom Oslo og Trondheim, og stortinge hev ogso fastsett at det skal leggjast ein jarnveg millom Oslo og Bergen yver Filefjell. Naar den vert ferdug, hev Norig jarnveg til ei lengd av innpaa 2 000 kilometer.

Eimbaatar gjeng millom byarne og dei bygderne som ligg att med fjordar og ut paa øyar. Fram med sjøkanten hev dei sett upp fyrar til aa lysa skipi um natti. Skipsvegjer er gravne. Handel og skipsferd hev teke seg so godt upp, at det er berre tvo land i verdi som hev fleire handelsskip en Norig, og det er England og dei sambundne statarne i Nord-Amerika. Jordi vert betre dyrka og kastar 2—3 gonger so mykje av seg som fyrr. Maskingreior av alle slag er til stor lette for arbeide. Folketale er meir en dubbelt so stort som 1814, endaa mange hev reist til Amerika. Allvisst gjeng det fram i byarne, der det er mest fabrikdirift. I 1814 hadde Oslo 10 000 ibuarar; men i det siste hev denne byen auka med omkring 10 000 kvart aar, so han er yver 23 ganger so stor som i 1814.

I 1830 vart det sett upp eit høvelegt slott i hovudstaden; 1840 fekk høgskulen gilde bygningar, og 1860 vart den staute stortingsbygningi reist.




Stortingsbygningi.

Ei tid tykte folk at Norig var eit stygt land; men no held dei fyre, at det er eit åv dei fagraste land i verdi. Kvar sumar kjem difyr utlendingar i tusund tal og søkjer helsebot, styrke og gleda ved ferder i det friske og fagre lande vaart.


Hus med aare elder gruva midt paa golve heldt seg alt til midten av det 19de hundradaare i Sætisdalen og i fjellbygderne vestanfyre.

I sjøbygderne fraa Stavangerfjorden til Finnmarki hev dei lenge brukt røykomn-stovor. Baade i aarestovorne og i røykomn-stovorne gjekk røyken upp gjennom ljoren i take. I dei øystre og innre delarne av lande hev dei lenge havt stovor med peis elder skorstein i den eine hyrna. Fraa den gjekk røyken upp gjennom ei skorsteinspipa. Um vinterkveldarne lyste eit logande baal i aare- og peisstovorne; men i røykomn-stovorne brukte dei lampa med tran (kola med lyse).




Aarestova med forstova og kove. Midt i stova aare med langkrakkarne c og d paa sidorne. I hyrnorne ved dørveggen sengjer. Ved dei andre veggjerne faste benkjer. a og b skaap. Ved den innre tverrveggen langbord med forsæte. Høgsæte ved endarne av borde.

Omnar av malm var i fyrstningi svært dyre. For 200 aar sidan kosta ein liten omn so mykje som ei god ku. Desse omnarne kom fyrst i bruk paa skogarme stader ved sjøkanten, og sidan trengde dei etter kvart lenger inn i lande. I det 19de hundradaare kom dei i aalmenn bruk, so det er so godt som slutt med steinomnarne. Daa folk ikkje lenger trengde til ljoren i take, kunde dei byggja loft yver stova, og snart vart det oppsett tvihædda hus med mange stovor. I 60-aari vart tyrestikkor



Kvæstad i Sætedal, bondegard av eit eldgamalt slag. I midten er det ei aarestova, som skal vera bygd 1668, og til høgre peisstova paa lag 100 aar yngre. Frammed heile langveggen er det ei sval, og fraa den ei bru yver til stolpebui til vinstre.

og tranlampor umbytte med parafin-lampor. Med alle desse framsteg fylgde eit reinare og betre husstell, so det vart ljosare og hyggjeligare i heimarne.



Peisstova med sval og 2 kovar. Til vinstre for inngangsdøri skaap og i hyrna langbord, i den andre hyrna seng og i hyrna ved den indre koveder *peisen*.

Kyrkja. Mot slutten av det 18de hundradaare og i fyrstningi av det 19de var dei fleste opplyste folk rasjonalistar; men det var ogsa menner som stridde imot denne fritenkjartrui, og millom dei maa nemnast bispnen i Bergen, Johan Nordal Brun, som var ein stor talar og hjartevarm salmediktar. Men større innverknad hadde bonden

Hans Nilsen Hauge.

Han var fødd i Tune ved Sarpsborg. Kvar dag heldt foreldri hans bøn og las i gudelege bøker. Dette feste seg tidleg hjaa guten. Han var still og aalvorleg og brydde seg ikkje um aa leika med andre born, men grunna titt paa, korleis det var baade i himmerike og helvite. Daa han var 14 aar, skulde han ein gong vera med far sin og føra høy yver Glomma. Baaten kanta, og i vatne vart Hauge svært rædd det myrke helvite og ynskte seg upp i ljose att; men det vart berre myrkare for han, og snart misste han sans og samling. Men han

drev i land og livna upp att, og fraa den tid freista han endaa meir aa sky det vonde og leva gudelegt. Daa han ein gong song salmen «Jesu, ditt samfund i aanden aa smaka», vart hjarta og sinn lyfte upp til Gud, og det rann upp eit nytt ljøs for han. No vart han viss paa, at han var eit Guds barn, og han tykte Gud sa det til han, at han skulde tala til frelsa for andre. Han drog daa omkring i heile lande og vekte liv blandt folk. Eit aar reiste han yver 5500 kilometer, mest til fots. Medan dei rasjonalistiske prestarne preika turt og kaldt, heldt Hauge varmt fram den gamle læra som prestarne hadde havt i den pietistiske tid, og vilde at folk skulde leva etter den; difyr meinte dei at han var ein svermar, og daa ingen paa den tid hadde lov aa tala i gudelege samlingar utan prestarne, laut han sitja 10 aar i fengsel. Sidan levde han 10 aar i ro og døydde paa Beitveit ved Oslo (1824). — Han vekte mange til kristelegt liv. Venerne hans vart kalla haugianarar. Dei kom titt i hop, heldt gudelege samlingar og skreiv til kvarandre.

Dei teologiske professorarne ved høgskulen heldt seg fraa fyrste stund av til den evangelisk-lutherske læra, og dei prestarne dei lærde upp, preika i deira aand ut yver lande. Mange av dei verka mykje for sann kristendom. Baade det norske bibelselskape og det britiske hev sendt mange biblar og nytestamente ut millom folk. Det nye testamente er prenta paa norsk, og no vert heile bibelen umsett paa det norske tungemaale. Provst Landstad gav (1869) ut ei betre salmebok en dei gamle me hev fraa Danmark. Salmediktaren professor Elias Blix hev utgjeve 250 salmar paa norsk, og dei vart (1892) godkjende til kyrkjebruk jamsides med Landstads. 1842 vart det norske missionsellskape skipa, og aare etter drog Schreuder ut som missionær til Sulu i Afrika, og verka der til han døydde. Fleire andre hev ogso verka baade i Sulu og paa Madagaskar. Paa den siste staden hev framgangen vore stor. Men med endaa større framgang hev nordmannen Skrefsrud og dansken Børresen verka millom santalarne i India. Eit sjømannssamlag sender prestar til sjømenner i framande hamnar; indre-missionssamlag verkar i vort eige land, og avhaldssamlag tevlar imot rusdrykkjer.

Twist med Sverige. Oskar 1 døydde i 1859, og daa vart *Karl*, son hans, konge. Same aare vedtok stortinge at stathaldarposten skulde leggjast ned. Karl lova aa gaa inn paa dette; men so la svenskarne seg ut i saki, og sa at posten ikkje kunde leggjast ned, utan den svenske riksdagen gjekk inn paa det. Karl gav etter for den svenske trykken, og i norskst riks-

raad negta han samtykke; men svenskarne vilde havt saki avgjort i norsk-svensk riksråd. Daa vedtok stortinge ei ord-sending til kongen, og sa at den svenske riksdagen ikkje hadde noko aa gjera med endringar av den norske grunnloven. Aare etter kom den svenske regjering fram med eit forslag til endring av rikssakti. Ho vilde hava sams storting med dobbelt so mange svenske tingmenn som norske. Tri av dei norske riksråadarne sette seg avgjort imot dette og gjekk ut av regjeringi. Dei som kom inn att, gav meir etter. Ein av dei var Fredrik Stang, og han vart snart føraren i regjeringi. No vart det nedsett ei unionsnemnd. Ho kom fram med forslag um, at mange norske og svenske spursmaal skulde avgjerast i sams riksråd av norske og svenske riksråadar, og at utanriksstyre skulde liggja under den svenske utanriksministaren. Den norske regjeringi gjekk med paa dette; men stortinge forkasta det med stort fleirtal (1871).

Karl døydde 1872, og *Oskar 2*, bror hans, vart no konge. Aare etter vedtok stortinge andre gongen, at stathaldarposten skulde leggjast ned; kongen gav sitt samtykke til dette, og Stang vart statsminister i Oslo.

Høgre og vinstre. I 60-ari fekk stortingsmann Jaabæk i stand bondevensamslag omkring i bygderne. Bondevenerne vilde setja ned pensjonar og embætsløningar og var sterkt imot embætsvelde og pengeherredøme. Daa gjekk mange austlandske storbønder yver fraa bondefylkingi til embætspartie. Dette vart no kalla høgre og hadde professor Schweigaard til førar. Men paa same tid slo fleire frilynde menn seg til bondeflokken, endaa dei ikkje var bønder. Dette vart daa kalla vinstre og fekk Johan Sverdrup til førar. Han arbeidde med kraft for eit sterkare folkestyre og vilde samla all styremagt i stortings-salen.

I 1869 vart det vedteke at stortinge skulde møta kvart aar. Dette var eit godt steg for folkestyre. Tri aar etter vedtok stortinge at riksråadarne skulde faa vera med i dei ordskifti som førdest i ting. Høgre var imot, og kongen negta samtykke; men stortinge tok saki upp att gong paa gong. Tri gonger vart ho vedteki i same ordelag; men regjeringi raadde, som fyrr, kongen til aa negta samtykke, og det gjorde han. Vinstre meinte at dette var mot grunnloven og til stor skade for lande; men høgre meinte kongen hadde rett aa segja nei (absolut veto) i grunnlovsspursmaal. No vart partistriden kvass. Dei heldt det eine folkemøte etter det andre, og heile lande skilde seg i tvo stridande flokkar. Ved stortingsvale vann vinstre (1882);

aare etter sette stortingi heile regjeringi under tiltale, og riksrätten dømde baare statsministrarne og seks rigsraadad fraa embætti, og tri av dei til store bøter.

Kongen valde no ei ny høgre-regjering, som ikkje vilde inn i tinge; men ho kunde ikkje halde seg lenger en tvo maanar. Daa tok han ei vinstre-regjering med Johan Sverdrup til statsministar i Oslo. Stortinge vedtok statsraadssaki i ei annor form; kongen samtykte, og rigsraadadane møtte i tinge. Dei gjorde ogso fort av andre stridsemne. Soleis vidka dei røysteretten og fekk i stand folkedomstolar (jury) og friare lover for folkeskulen; men i kyrkjelege saker skilde vinstre seg i tvo flokkar, og daa rigsraadadane sjølve helder ikkje kom yver-eins, gjekk heile regjeringi av.

Sidan hev vinstre-regjeringi Steen halde seg lengst, og vinstre hev millom anna drive igjenom aalmenn røysterett. Partistriden er enno hard. Gjeve Gud, at me nordmänner betre kunde forlikast og i samla fylking verka for det som er til heider og heppa for folk og fedreland! Daa vilde me staa oss betre.

Norskt styre og riksstell.

Etter grunnloven er Norig eit fritt sjølvstendigt rike med same konge som Sverige. Kongedøme gjeng i arv paa manssida i ætti hans Karl Johan. Kvart rike hev sitt riksråd og storting og sine lover og domstolar. Kongen hev den utøvande magti, det vil segja. han skal setja i verk det som skal gjerast; men han kan ikkje regjera utan riksråd, og til riksrådad kan han berre velja nordmänner.

I riksråde er det 2 statsministrar og 8 riksrådad. Den eine statsministaren og 6 andre riksrådad bur i Oslo, der dei hev kvar si styregrein (departement) aa staa fyre. Den andre statsministaren og tvo riksrådad skal vera hjaa kongen i Stokkholm. Dei tvo riksrådadane skifter kvart aar med riksrådad i Oslo. Regjeringi avgjerer aaleine mindre saker. Um større saker sender regjeringi innstilling til Stokkholm, og der gjerer kongen dei av i riksråde. Kvar riksråd skal fritt segja meiningi si. Tykkjer nokon at kongen avgjerer ei sak mot loven, skal han leggja imot og faa meiningi si innførd i protokollen; elles vert det rekna for at han held med kongen, og daa kan han koma under tiltale.

Dei sakerne som kjem baae riki ved, gjerer kongen av i samansett riksråad. Dette er norsk-svensk, det vil segja heile det norske raade og tri svenske riksråadar, naar kongen er i Norig, og svensk-norsk, det vil segja heile det svenske raade og den norske riksråads-avdelingi, naar kongen er i Sverike.

Den lovgjevande magt er hjaa folke, og den makti bruker folke ved storthinge. Kwart tredje aar er det stortingsval. Dei som hev røysterett, vel valmenner for kvar by og kvart prestegjeld, og valmennerne vel tingmenner for kvar by (elder stundom fleire byar saman) og kvart amt, $\frac{1}{3}$ fraa byarne og $\frac{2}{3}$ fraa lande. Stortinge møter i Oslo kvart aar i oktober. Fyrste gongen etter nytt val vel det $\frac{1}{4}$ av tingmennerne til lagting. Dei andre utgjerer odelstinge. Kwart lovforslag kjem fyrst fram i odelstinge. Dersom det vert vedteke der, vert det sendt til lagtinge. Gjeng dette ogso inn paa det, kan kongen stadfesta (sanksjonera) det ved underskrifti si, og daa er det lov. Kongen hev rett aa negta samtykke (utsetjande veto); men naar tri storting, kvar gong etter nytt val, vedtek eit forslag i same ordelag, vert det lov, um kongen ikkje samtykkjer. Odelstinge hev rett til aa sjaa igjenom regjeringsprotokolarne og kan setja riksråadarne under tiltale for riksretten. I den dører lagtinge og høgsterett. Stortinge (d. e. odelsting og lagting saman) hev rett til aa leggja paa skattar og toll, laana pengar for lande, lata til pengar til riksutgifterne, fastsetja kongeløni og embætslønningarne og hava tilsyn med pengestelle i lande.

Den domande magt. I mindre straffesaker dører medomsretten, som hev ein underdomar og tvo folkevalde domsmenner, i større lagmansretten, som hev 1 lagmann, 2 underdomarar og 10 folkevalde lagrettesmenner. I andre saker dører underrettarne (skrivaren paa lande og byfutarne i byarne). Fraa underretten kan ei sak gaa til yverretten og fraa den til høgsterett.

Kyrkja. Den evangelisk-lutherske kyrkja er rikskyrkja. I den er kongen yverstyrar. Der er 6 bispedøme i lande, og i kvart er der ein bisp. Under kvar bisp stend der fleire provstar, ein i kvart provsti, og under provstarne prestar.

Skular. Born millom 7 og 15 aar fær fri undervisning i folkeskulen. Eldre born kan faa meir undervisning i amts- og folkehøgskular, midelskular og fagskular. Fraa midelskularne kan ungdomarne gaa yver til dei lærde skularne (gymnasium) og fraa dei til høgskulen (universitete) og er daa kalla studentar. Paa høgskulen held professorarne fyredrag for studentarne, og der kan dei faa taka embætseksamen. Folkeskulelærarane vert

upplærde paa lærarskularne (seminar), landmenner paa landbruks-skularne, sjømenner paa sjømansskularne og offiserarne paa krigsskulen.

Borgarrett. Alle er like for loven. Ingen kan verta dømd utan etter lov, og ingen lida straff utan etter dom. Alle hev lov aa tala og skriva fritt, og prenta det dei vil. Ingen fær straff for det, utan han er ulydig mot loverne og eggjar andre upp aa brjota dei.

Amtsstyre. Det er 20 amt i lande med kvar sin amtmann. I stiftsbyarne er han kalla stiftamtmann. Han og bispen er øvste styre i stifte (stiftsdireksjonen). Amtmannen styrer borgarlege saker i amte. Amtskasserarane stend under amtmennen og tek imot skattar. I kvart herad er det ein lensmann. Han held auksjonar og hev retstilsyne i herade.

Heren. Kvar nordmann som er yver 22 aar er vernepliktig i heren elder floten. Heren er delt i lina, landeverne og landstormen. Krigstenesta varer 5 aar i lina, 6 aar i landverne og 4 aar i landstormen.

By- og heradsstyre. Kvart herad og kvar kjøpstad vel formenner og representantar til aa styra det som kjem bygdi elder byen ved. Millom formennenne vel dette styre ein ordførar. Heradsstyre fastsett kor mykje det skal gaa med til bygdestelle, som t. d. til skular, kyrkjer, vegjer, fatige o. s. b. Det vel eit fatigstyre til aa hava tilsyn med dei fatige, og dei meste av skulestyre, som hev med skulen aa gjera. — Kvar sumar samlar heradsordførarane seg til amtsting. Her vert det avgjort kor mykje amte skal leggja ut til vegjerne, folkeopplysningi og andre nyttige ting.

Attersyn.

I. Norig i smaarike fraa den eldste tid til 860. Fraa den fyrste tid me veit um, var fedrarne vaare eit sterkt og kraftigt folk, som gjekk fram. Paa vikingferder samla dei seg gods og gull. Av trui deira ser me at dei som heidningar stod høgt i daning.

II. Norig vert samla og kristna 860—1035. Harald Haarfagre samla det; men daa han vart gamall, gjorde han sønerne sine til underkongar og gav dei kvar sitt stykke av lande. Underkongarne vilde ikkje staa under yverkongen, og

samlingsverke kom i faare. Lade-jarlarne og dei danske kongarne vilde taka magti fraa Haralds-ætti. Etter Svolderslage hadde den danske og svenske kongen tvo tredjepartar av lande. Men Olav Haraldson samla Norig paa nytt lag og gjorde ende paa underkongarne. Olav Trygvesson og Olav Haraldson fekk lande kristna. Olav Haraldson gav kristne lover, som vart gjeldande heile midelaldren. Dei norske hovdingarne fellte han; men sidan angra dei det og bøygde seg for det norske kongedøme og slo aldri meir lag med framande kongar. Olav Haraldson vart den største helgen i nordlandi, og er den mest namngjetne av alle nordmenner. Etter dette kjem

III. Norig i velmagt 1035—1130. Kong Magnus den gode fær Danmark under sig; Harald Sigurdson er so megtig at han so nær hadde teke England; Magnus Berrføtt legg Dalsland og øyarne ved Skotland under seg, og Sigurd Jorsalfar gjerer ei glimande krossferd til det heilage lande. Kristen- domen gjerer folk mildare. Det vert slutt med vikingferderne, og sjøfart og handel tek til. Folk gjeng fram i velstand og gode seder. Kyrkja fær tiende, so presteskape vert rikt og megtigt. Det norske maale vert nytta til aa skriva lover og sogor. Men vikingaandi reiser endaa paa hovude under

IV. Ufred innanlands i Norig 1130—1240. Kongesønerne slæst um kongemagti og feller kvarandre. Lendmennerne vil ogso riva meir magt til seg, og gjeng so vidt at dei tek lendmans-sonen Magnus Erlingson til konge tvert imot loven. Men so stig den gaaverike Sverre Sigurdson fram, viss paa at han hev kongsretten paa si sida. Med birkebeinarane sine slær han seg upp til konge og gjev lendmansvelde ein hard knekk. Dei laagætta birkebeinarane fær det rome dei ryd seg; men kor høgt dei stig, vert dei ikkje so høgt vyrde av folke som dei høgætta lendmennerne.

V. Kongamagti aukar, og folkestyre minskar 1240—1319 under dei duglege kongarne av Sverre-ætti. Mest blenkjer kongedøme under Haakon Haakonson. Det norske bokrike stend daa høgare en noko anna i heile Europa. Under Magnus Lagabøter vedtek bønderne ein landslov, og daa denne vert gjeldande i fleire hundrad aar, ven bønderne seg av med aa vedta lover. Haakon Magnuson fastset at der ikkje lenger skal vera lendmenner i Norig, og legg all styremagt under kongen. Daa Haralds-ætti døyr ut paa manssida 1319, kjem

VI. Norig i samlag med Sverike og Danmark 1319—1537. Ved arv fekk det fyrst same konge som Sverike. Folk hadde ingi styremagt, og kongen var ikkje god til aa styra

baae land paa ein skikkeleg maate. Morig gjekk attende. Hanseatarne reiv til seg sjøhandelen, og ved Svartedauden misste lande tredjeparten av folke. Landi vart snart skilde, og med Norig fylgde Vermeland, Dalsland og Vestergötland, so det no var paa det største i viddi. Daa den norske krunprins Olav Haakonson vart vald til dansk konge, kom Norig i samlag med Danmark 1380. Kongarne tok bustad i Danmark og rekna det for hovudlande. I fyrstningi hadde Norig sitt eige riksråd; men nokre adelsætter døydde ut, nokre gifte seg saman medda norske ætter, og nokre seig ned til bønder; daa vart nordmennerne eit bondefolk, som i den tid ikkje kunde halda sjølvstende uppe. Daa den katolske kyrkja vart avløyst av den lutherske, kom

VII. Norig under dansk konge og riksråd 1537—1660. Danske adelsmenner fekk alle len; men bønderne sat som frie menner paa gardarne sine, og denne fridomen heldt dei so fast paa, at danskarne ikkje vaaga aa taka han ifraa dei. Etter kvårt som det gjekk ned med den norske adelen, minka det med bokskivingi paa norsk, og daa danskarne førde inn den lutherske læra, vart dansk bokmaal i Norig. Paa den tid var det laagast med Norig. Men daa det gjekk attende med hanseatarne, tok nordmennerne til med sjøferder paa nytt lag, og daa gjekk det etter kvart upp att, endaa framgangen vart hindra av ufred med Sverike. Daa enevelde vart innført i Danmark, kom

VIII. Norig under dansk-norake einevaldskongar 1660—1814, jamsides med Danmark. Dei fleste av dei var halve tyskarar, som ikkje sette danskarne høgare en nordmennerne, og styrde so lempeleg at nordmennerne ikkje reiv seg lause elder slo lag med sine næraste grannar. Mot slutningi av dansketidi gjekk Norig mykje fram, og folke var vel nøgd med styre. Danskestyre skilde Norig av med Vermeland, Dalsland og Vestergötland, Jemtland, Herjedalen og Baahuslen, Island og dei andre øyarne i Vesterhave. Betre dagar rann upp for

IX. Norig i 1814. Nordmennerne gav seg ein fri rikskjønad og tok seg konge for seg sjølv; men daa stormagterne plent vilde dei skulde slaa lag med svenskarne, vart samlage slik, at dei berre skulde hava konge, krig og fred saman.

X. Etter 1814 hev nordmennerne styrt seg sjølv og gjenge mykje fram. Brende paa samlage med Danmark hev dei sett seg imot alt som kunde minka fridomen og røra Norig saman med Sverike, Norskdomen veks.



NOREGR

Veardöhus

Heimdal

Lange-
2165

Island

Garð

Akureyri

Hólar

Reykjavik

Reykjavik

Þingeyri

Þingeyri

Þingeyri

Shetlands-
öyarne

Shetlands-
öyarne

Lerwick

Faroöyarne

Faroöyarne

Faroöyarne

Faroöyarne

Faroöyarne

Faroöyarne

Orkenöyarne

Orkenöyarne

Orkenöyarne

Tromsø
Bjarkøy
Lofoten
Vidda
Bodo
Hamar
Ullensaker
Trondheim

Lofoten

Vidda

Bodo

Hamar

Ullensaker

Trondheim

Trondheim

Trondheim

100

100



Den botniska
havet

Norland

Austmärke

Östergötland

Hälsingland

Gästrikland

Uppland

Västmanland

Närke

Södermanland

Blekinge



Den botniska
havet

Norland

Austmärke

Östergötland

Hälsingland

Gästrikland

Uppland

Västmanland

Närke

Södermanland

Blekinge

Lindners

Kristiansands

F. Beyersberger


Innhald:

	Sida		Sida
I.	Norig i smaarike	3	
	Den eldste tid	3	
	Hus	4	
	Skikkar. Tru	5	
	Gudarne vart dyrka	10	
	Fylkesstyre	11	
	Vikingar. Gange-Rolv	12	
	Smaakongar. Halvdan Svarte	13	
II.	Norig vert samla og kristna	14	
	Harald Haarfagre	14	
	Island	15	
	Underkongar	16	
	Eirik Blodøks	17	
	Haakon den gode	17	
	Eirikssønerne	19	
	Haakon Ladejarl	19	
	Jomsvikingarne	20	
	Den siste heidenske styraren døy	21	
	Olav Trygvesson	21	
	Svolderslage	23	
	Eirik Jarl	25	
	Olav Haraldson den heilage	25	
	Gudbrandsdølerne vert kristna	26	
	Hovdingarne reiser seg	27	
	Olav Haraldson døy	28	
	Olav vert helgen	29	
III.	Norig i velmagt	30	
	Magnus den gode	30	
	Harald Sigurdson daa han var gut	31	
	Tvo kongar jamsides	31	
	Harald Sigurdson	32	
	Olav Kyrre	33	
	Magnus Berrføtt	34	
	Øystein og Sigurd Jorsalafar	35	
IV.	Ufred innanlands i Norig	35	
	Magnus Blinde og Harald Gille	35	
	Sigurd Slembe	36	
	Haraldssønerne	37	
	Kyrkja	38	
	Lendmansvelde	39	
	Birkebeinarne	40	
	Sverre Sigurdson	40	
	Baglarne	42	
	Haakon Sverreson	42	
	Inge Baardsson	42	
	Haakon Haakonson	43	
V.	Kongemakti aukar og folkestyre minkar	44	
	Snorre Sturlason	45	
	Bøker. Magnus Lagabøter	46	
	Eirik Magnusson	46	
	Haakon Magnusson d. e.	47	
VI.	Norig i samlag med Sverige og Danmark	48	
	Magnus Erikson	48	
	Haakon Magnusson d. y.	49	
	Olav den unge. Margreta	49	
	Erik av Pommern	50	
	Kristoffer av Bayern	51	
	Oldenborgarne fær Noreg	51	
	Kristian I	52	
	Hans	53	
	Kristian 2	54	
	Fr. 1. Strid. um kongeval	55	
VII.	Norig under dansk konge og riksraad	55	
	Reformasjonen	56	
	Danskestyre. Bokmaale	57	
	Hanseatarne	58	
	Sjuarskrigen. Kristian 4	58	
	Fredrik 3.	60	
VIII.	Norig under dansk-norske einevaldskongar	61	
	Einevelde vert innført	61	
	Kristian 5	62	
	Den store nordiske ufreden	63	
	Peter Tordenskjold	65	
	Den rettruande tidi	66	
	Pietistarne	66	
	Attpaaskatten	67	
	Ludvig Holberg	68	
	Upplysningstidi	68	
	Johan Struensee. Guldberg	69	
	Krunprins Fredrik	69	
	Prins Kristian August	71	
	Johan Bernadotte	72	
	Norig vert skilt fraa Danmark	72	
IX.	Norig i 1814	73	
	Kristian Fredrik	73	
	Eidsvollsmennerne	74	
	Utred med Sverige	75	
	Samlag med Sverige	76	
X.	Norig etter 1814	77	
	Etter ufreden. Karl Johan	77	
	17demai-strid	78	
	Utanriksstyre	78	
	Embætsmenner og bønder	79	
	Norskt flagg	80	
	Lappland	81	
	Norske framsteg	81	
	Framgang i velstand	83	
	Hus	84	
	Kyrkja	86	
	Twist med Sverige	87	
	Høgre og vinstre	90	
	Norskt styre og riksstell	91	
	Attersyn	91	

Side 24, linje 1 oventra: ogamall, sæt *gamall*.
 Side 63, linje 14 nedentra: Tyskland, sæt *Tyrkland*.

Misprentingar.

Side 66, linje 11 nedentra: ikkje, sæt *ikkje*.
 Side 93, linje 1 oventra: Morig, sæt *Norig*.
 Side 93, linje 17 nedentra: norske, sæt *norske*.



Jonas Velleesen:

NORSK ABC elder lesebok aat smaaborn, 3dje auka utgaava av »Den fyrste bok aat barnet«, med statskostnad, 0.50.

Den fyrste bok aat barnet, 4de utgaava, med statskostnad, 0.30.

Norsk maallæra med skriveøvingar aat folke- og framhaldsskular, 2dre auka utgaava av »Norsk grammatik«, 0.25.

Norsk rettskrivingsbok med maallæra aat folke- og framhaldsskular, 3dje auka utgaava av »Norsk grammatik«, 0.50.

Norigs saga aat folkeskulen, med bilæte og kart, 2dre utgaava, med statskostnad, 0.60.

Heimssoga med kyrkjesoga aat folkeskulen, godkjend av kyrkjestyre, med statskostnad, 0.70.

Læsetabeller, 36 st. 6.50 — paa pap 13.50.

Folkeskolens ABC-bog, femte oplag, 57 tusen, med billeder, 0.30.

Den første undervisning i læsning og skrivning efter læsetabeller og ABC-bog, 0.60.

Sproglære med mundtlige og skriftlige øvelser for folkeskolen, tredje oplag, 30 tusen, 0.20.

Emner til retskrivning og stil med retledninger og regler, større udgave, 2.50.

Emner til retskrivning og stil

Norges historie for skole
Sars, 0.50.

Verdshistorie med kirke
kjendt ved kongelig re



Depotbiblioteket



77sd 67 546

